

St.meld. nr. 72
(1974—75)

NORSK KULTURFOND — ÅRSMELDING 1974

Norsk kulturfond — Årsmelding 1974

I N N H A L D

	Side
Kap. I. Organisasjon og verksemd	5
Medlemer av Norsk kulturråd 1973—76	5
Vedtekter for Norsk kulturfond	5
Retningslinjer for bruken av midlar frå Norsk kulturfond	5
Reglement for Norsk kulturråd	6
Møte i arbeidsutvalet	6
Møte i rådet	7
Utval og utgreiingar	7
Utgreiingar lagde fram for Norsk kulturråd i 1974	9
Tilrådingar og fråsegner frå Norsk kulturråd til Kyrkje- og undervisningsdepartementet	9
Samarbeid med andre institusjonar	10
Reiser og representasjon	11
Norsk kulturråds prisar 1974	12
Kap. II. Koordinering med statsbudsjettet	12
Kap. III. Tilskott	14
Innleiing	14
Søknadsoversyn pr. 31. desember 1974	14
Litteratur	15
Musikk	22
Biletkunst og brukskunst	25
Kulturvern	31
Kulturbygg	37
Tidsskrift og periodiske publikasjonar	40
Samisk kultur	42
Utval og utgreiingar	44
Andre føremål	45
Kap. IV. Administrasjon	47
Kap. V. Økonomisk samandrag	48
Fylkesoversyn	49
Vedlegg nr. 1—12	54

St.meld. nr. 72

(1974—75)

Norsk kulturfond — Årsmelding 1974

*Tilråding frå Kyrkje- og undervisningsdepartementet av 4. april 1975,
godkjend ved kongeleg resolusjon same dag.*

(Målboren av statsråd Bjartmar Gjerde.)

Etter vedtektene for Norsk kulturfond skal Kyrkje- og undervisningsdepartementet kvart år gi melding til Stortinget om verksemda i Norsk kulturfond i det føregåande budsjettåret. Norsk kulturråd har sendt departementet årsmelding for 1974, vedteken på rådsmøte 4. februar 1975.

Som vanleg har årsmeldinga fem hovudkapittel. Rådet gjer i dei to første kapitla grele for organisasjon og retningslinjer, rådgivande utval, utgreiingar og tilrådingar, samarbeid med andre institusjonar og koordineringa med statsbudsjettet. I kap. III gir Kulturrådet opplysningar om korleis fondsmidlane er nytta. I kap. IV gjer rådet grele for administrasjonen. Kap. V gir økonomisk samandrag og fylkesoversyn.

Dette er den tiande årsmeldinga som Norsk kulturråd legg fram. Rådet markerer denne første milestolpen for Norsk kulturfond med ei innleiing om kvart arbeidsområde, med oversyn over dei største sakene i tiårsperioden, og hovudlinjer i utviklinga. Departementet meiner dette gir eit verdifullt oversyn over arbeidet i tiårsperioden.

Hovudfordelinga av fondsmidlane blir fastsett ved kongeleg resolusjon etter tilråding frå rådet, medan rådsvedtak om tilskott frå dei avsette rådveldesummene blir sende departementet til godkjenning. Denne ordninga har m.a. kome i stand for å samordne stønadstiltak frå fondet med løyvingane over statsbudsjettet.

Som nemnt i tilrådinga om årsmeldinga for 1973 meiner Kulturrådet det er ønskjeleg å styrkje samarbeidet med Miljøverndeparte-

mentet på bakgrunn av at administreringa av bygningsfredingslova, fornminnelova og Riksantikvariatet er ført over dit frå Kyrkje- og undervisningsdepartementet. Rådet har derfor i 1974 drøfta viktige samarbeidsoppgåver i møte med representantar frå dei to departementa, Riksantikvaren og Norges allmennvitenskapelige forskningsråd.

I administrasjonen er det no tolv fast organiserte stillingar. Kontorsjefstilling vart oppretta frå 1. januar 1974, og kontorsjef er tilsett frå 1. juli 1974.

Utgiftene til innkjøpsordninga for ny norsk skjønnlitteratur har stige mykje dei seinare åra. Av den summen som Kulturrådet sette av til innkjøpsordninga for 1974, 5,1 millionar kroner, måtte rådet nytte kr 700 000 til å dekkje underskottet frå 1973, slik departementet gjorde greie for i tilrådinga om årsmeldinga for 1973. Rådet såg seg derfor nøydd til å melde frå til samarbeidspartnerane — forleggjarforeiningane og Den norske Forfatterforening — at rådet i 1974 ikkje fann det mogleg å nytte meir enn 4,4 millionar til innkjøpa for dette året. Det vart likevel som før levert 1 000 eksemplar av alle nye skjønnlitterære bøker.

I forhandlingar mellom forleggjarane og Kulturrådet har forleggjarane opplyst at innkjøpsordninga for 1974 førte til tap for dei. Forfattarane er redde for at dette kan føre med seg ein meir restriktiv utgivingspolitikk.

Kulturrådet har for 1975 ein monaleg større avsetnad til innkjøpsordninga, og forleggjarane har sagt seg villige til å gå med på at det blir sett ei økonomisk ramme for dette året og. Kulturrådet har på nytt sendt framlegg til

departementet om at innkjøpsordninga går over til det vanlege statsbudsjettet som ei om-lag-løyving. Frå Den norske Forleggerforening og Den norske Forfatterforening har departementet fått tilsvarende oppmodingar.

Departementet vil nøye vurdere dei ulike spørsmål som knyter seg til denne saka.

Som nemnt i tilrådinga frå i fjor skal overskottet ved sal av minnemedaljar for 1100-års-jubileet for rikssamlinga nyttast til kulturvernformål og forvalta av Kulturrådet. Rekneskapen er no avslutta, og overskottet vart kr 1 620 240, som Kulturrådet med samtykke av departementet skal bruke til brannsikring av stavkyrkjene. Eit særleg utval arbeider med ein langsiktig plan for dette arbeidet.

Sekretariatet for registrering av faste kulturminne har utarbeidd ein framdriftsplan for det vidare arbeidet. Prøveregistrering er gjennomført i fleire kommunar i 1974, og registreringskort er utarbeidd i samråd med EDB-sakkunnige. Styret vil prøve å få sett arbeidet i gang i alle fylka i 1975, i samband med arkitekturvernåret. Kulturrådet meiner denne oppgåva best kan førast vidare i nært samarbeid med Miljøverndepartementet, og har bede departementet ta opp spørsmålet om å føre registreringa over til Miljøverndepartementets budsjett.

Kyrkje- og undervisningsdepartementet har bede Miljøverndepartementet vurdere saka.

Departementet viser elles til kulturmeldingane, der Norsk kulturråd er særskilt omtalt, og til Innst. S. nr. 23 for 1974—75. Rådet seier i årsmeldinga, i kapitlet om koordinering med statsbudsjettet, at det vonar på kontakt både

med departementet og med lokale og regionale kulturstyre når det m.a. gjeld forsøk eller større eingongsoppgåver som ikkje kan løysast utan tilskott frå Kulturfondet. Norsk kulturfond vil framleis vere eit viktig kulturpolitisk instrument i det lokale og regionale kulturarbeidet også etter at dei nye tilskottsordningane til kulturarbeid i kommunane og fylka og dei nye lokale og regionale administrasjonsordningane er vedtekne.

Departementet er samd i dette.

For 1974 vart det løyvt 27 millionar kroner til Norsk kulturfond. Løyvinga vart ved kongeleg resolusjon av 29. mars 1974 fordelt slik:

Litteratur	6 500 000
Musikk	2 030 000
Biletkunst og brukskunst	3 730 000
Kulturvern	3 350 000
Kulturbygg	8 000 000
Tidsskrift	330 000
Samisk kultur	400 000
Utgreiingar og utval	400 000
Andre formål	1 010 000
Administrasjon	1 250 000
I alt	<u>27 000 000</u>

Kyrkje- og undervisningsdepartementet

tilrår:

Avtrykk av tilråding frå Kyrkje- og undervisningsdepartementet frå 4. april 1975, Norsk kulturfond — Årsmelding 1974, blir sendt Stortinget.

Norsk kulturfond — Årsmelding 1974.

Kap. I. Organisasjon og verksemd.

Norsk kulturråd legg med dette fram si ti-
ande årsmelding, i samsvar med det som er
fastsett av Kirke- og undervisningsdeparte-
mentet (St. prp. nr. 130, III, C, Om anvendelse
av Kulturfondets midler):

«Ved begynnelsen av budsjettåret fremmes
melding til Stortinget om Kulturfondets virk-
somhet i det forløpne år.»

Medlemer av Norsk kulturråd 1973—76

Norsk kulturråd er skipa ved stortingsved-
tak av 11. desember 1964, i samsvar med St.
prp. nr. 1, Tillegg nr. 1 for 1964—65.

Rådet har 7 medlemer oppnemnde ved kon-
geleg resolusjon og 4 medlemer oppnemnde av
Stortinget, alle for 4 år.

Oppnemnde ved kongeleg resolusjon for 1973 —76:

Programredaktør Hartvig Kiran, Oslo
Varamann: Arkitekt MNAL Sigurd Muri, Hval-
stad

Museumslektor Bjørn Aarseth, Karasjok
Varamann: Skulestyrar Olav Beddari, Svanvik
i Finnmark

Songarinna Kari Frisell, Oslo
Varamann: Rektor Odd Leren, Sandnes
Forfattaren Ivar Grimsmo, Oslo
Varamann: Lektor dr. philos. Per Amdam,
Molde

Forfattaren Kåre Holt, Holmestrand
Varamann: Forfattaren Dagfinn Grønset, El-
verum

Fylkesskulesjef Gunnar Leiro, Stavanger
Varamann: Målaren og grafikaren Karl Erik
Harr, Asker

Stud. polit. Audgunn Oltedal, Bergen
Varamann: Skodespelarinna Anne Gullestad,
Bergen.

Oppnemnde av Stortinget:

Dosent Kjell Bondevik, Oslo
Varamann: Fylkesskulesjef Olaf Kortner, Oslo
Direktør Kjøl Egeland, Stavanger
Varamann: Skodespelaren Jack Fjeldstad, Oslo
Statsråd Bjartmar Gjerde, Oslo
Varamann: Husmor Marie Lovise Widnes Jo-
hansen, Hareid
Rektor Håkon Stenstadvold, Bærum
Varamann: Husmor Solfrid Gjelsten, Fiksdal.

Formann oppnemnd ved kongeleg resolusjon:
Programredaktør Hartvig Kiran
Nestformann oppnemnd ved kongeleg resolu-
sjon:
Museumslektor Bjørn Aarseth.

Marie Lovise Widnes Johansen har møtt som
fast medlem sidan november 1973, då Bjartmar
Gjerde vart statsråd.

Vedtekter for Norsk kulturfond,
fastsette av Stortinget 19. juni 1965.
(Omsette frå St. prp. nr. 130, 1964—65.)

§ 1.*)

*) Endra ved stortingsvedtak av 30. november
1967.

Norsk kulturfond, som er skipa i samsvar
med stortingsvedtak av 11. desember 1964, har
til formål å fremje kunst og kulturvern. Stor-
tinget løyver kvart år midlane til fondet.

§ 2.

Norsk kulturfond har til formål å stimulere
skapande åndsliv i litteratur og kunst, verne
den norske kulturarven og arbeide for at flest
mogleg skal få del i kulturgoda.

§ 3.

Midlane til Norsk kulturfond blir forvalta av
Finansdepartementet, og disponert ved konge-
leg resolusjon etter tilråding frå Kyrkje- og
undervisningsdepartementet, og i samsvar med
retningslinjer som Stortinget har fastsett.

§ 4.

Norsk kulturråd gir tilråding om fordeling
av fondsmidlane og har ansvaret for dei sum-
mar som ved fordelinga blir stilte til rådvelde
for Rådet.

§ 5.

Kirke- og undervisningsdepartementet skal
kvart år gi melding til Stortinget om Norsk
kulturfonds verksemd i budsjettåret før.

Retningslinjer for bruken av midlar frå Norsk kulturfond.

Ramma for verksemda til fondet er kunst og
kulturvern. Dei tiltak som Rådet gjer, bør ha
det doble siktemålet å stimulere kunsten og
kulturvernet, og samstundes gjera kunst- og

kulturverdiane tilgjengelege for så mange som råd er. Innanfor denne ramma må Rådet til kvar tid vurdere kva for oppgåver som bør prioriterast. Det er føresetnaden at Rådet skal leggje særskild vekt på:

- a. Tiltak til å fremje norsk litteratur. Det er utarbeidd særlege reglar for bruk av midlar til slike tiltak.
- b. Tiltak til å fremje norsk musikkliv.
- c. Tiltak til å fremje norsk biletkunst, og kjøpe inn biletkunst til offentlege kunstsamlingar og til offentlig utsmykking.
- d. Tiltak til å fremje norsk filmkunst.
- e. Tiltak til å skape betre utdanningsvilkår for norske kunstnarar, såleis òg betre høve til vidare utdanning.
- f. Kulturverntiltak, såleis òg vern av samisk kultur.
- g. Stønad til finansiering av kulturbygg.
- h. Tiltak som er med og skaper eit rikare kulturmiljø i bygd og by, og ei vakrare utforming av omgivnaden vår.
- i. Tiltak som kan gi lettare tilgjenge til god kunst og skape auka skjønsemd for dei verdene den gir.
- j. Initiativ og stønad til større kulturelle eingongstiltak, som t.d. kunstnarlege innslag i nasjonale jubilé og minnehøgtider, og større eingongsturnéar frå kunstinstitusjonar.

Reglement for Norsk kulturråd fastsett ved kongeleg resolusjon 27. august 1965.

§ 1.

Norsk kulturråd er skipa i samsvar med stortingsvedtak av 11. desember 1964.

§ 2.

Rådet skal ha 11 medlemmer med personlege varamenn, av desse skal 4 medlemmer med varamenn oppnemnst av Stortinget og 7 medlemmer med varamenn av Kongen etter tilråding frå Kyrkje- og undervisningsdepartementet, alle for 4 år om gongen. Kongen nemner opp formann og nestformann i Rådet.

§ 3.

Rådet kan oppnemne eit arbeidsutval på opp til 5 medlemmer, der formannen og nestformannen er med. Rådet kan òg setje ned utval til å arbeide med særskilde saker eller saksområde. Dersom det i slike utval blir oppnemnt personar som ikkje er medlemmer av Rådet, må oppnemninga godkjennast av departementet.

§ 4.

Rådet har til oppgåve å arbeide for kunst og kulturvern i samsvar med dei vedtekter for Norsk kulturfond og dei retningslinjer som Stortinget fastset. Det er rådgjevande organ for Kyrkje- og undervisningsdepartementet i saker som gjeld Norsk kulturfond og skal gi fråsegner i andre spørsmål som departementet legg fram for det, eller som Rådet sjølv ønskjer å ta opp.

Rådet skal kvart år gi tilråding til Kyrkje- og undervisningsdepartementet om fordeling av midlar som blir løyvde til Kulturfondet. Det har ansvaret for bruken av dei midlane som ved fordelinga blir stilt til rådvelde for Rådet.

Rådet skal innan 15. februar gi melding til Kyrkje- og undervisningsdepartementet om verksemda i fondet i året som gjekk.

§ 5.

Rådet held møte minst 2 gonger i året. Elles kan Rådet kallast inn til møte når formannen, 2 medlemmer eller departementet meiner det er ønskeleg.

Arbeidsutvalet har møte så ofte det er naudsynt eller 2 medlemmer bed om det.

Rådet og arbeidsutvalet er vedtaksføre når minst halvta av medlemene er til stades. Ved røysting blir sakene avgjort ved vanleg fleirtal. Står røystene likt, er det røystinga til formannen som avgjer utfallet.

Rådet og arbeidsutvalet skal føre møtebok. Utskrift av møtebøkene skal sendast rådsmedlemene og varamennene etter kvart møte.

§ 6.

Rådet drøfter og avgjer alle viktige saker, eventuelt etter at dei er førebudde av arbeidsutvalet, og tek avgjerd om kva slag saker som kan gå til arbeidsutvalet til avgjerd eller fråsegn.

Alle tilrådingar skal vere grunngjevne. Vedtak i arbeidsutvalet skal leggjast fram for Rådet i neste møte.

§ 7.

Utgifter til rådsmøte, administrasjon og sekretariat skal dekkjast av fondet.

Møte i Arbeidsutvalet.

Arbeidsutvalet i 1973—76 er desse 5:

Hartvig Kiran, Bjørn Aarseth, Kjell Bondevik, Kåre Holt, Håkon Stenstadvold.

Varamenn: Bjartmar Gjerde, Kari Frisell, Ivar Grimsmo. Etter at Bjartmar Gjerde vart statsråd, er Grimsmo vald som første varamann, Kari Frisell som andre varamann og Audgunn Oltedal tredje varamann.

Arbeidsutvalet har hatt 5 møte: 23. januar, 20. februar, 20. mars, 23. april og 18. juni.

Nokre mindre saker som det hasta svært med har Arbeidsutvalet gjort vedtak om ved brevskifte 3. mai og 30. mai.

Arbeidsutvalet har på møte gjort vedtak om tilskottssaker på kr. 50 000 eller mindre, innanfor ramma av avsetjingane, og har elles førebudd saker for Rådet.

Dei einskilte medlemene av Arbeidsutvalet har på same måten som dei førre åra teke på seg å førebu saker i samarbeid med administrasjonen, og gi tilråding til Rådet om løyvingar.

Møte i Rådet.

Rådet har i alt hatt 12 møte: 24. og 25. januar, 26. februar, 25. og 26. mars, 13. og 14. mai, 29. og 30. august, 8. oktober, 12. november og 12. og 13. desember

På møtet 24. januar var hovudemnet fordelinga av arbeidsoppgåver mellom Kyrkje- og undervisningsdepartementet og Miljøverndepartementet og dei interesserte institusjonane når det gjeld kulturvern. På dette møtet var det med representantar frå Kyrkje- og undervisningsdepartementet, Miljøverndepartementet, Riksantikvaren og NAVF (miljøvernutvalet).

Til møta 13. og 14. mai var varamennene innbedne, og var med på drøftingane om kulturarbeid for funksjonshemma, som var hovudemnet 13. mai. Dette møtet var arrangert i samråd med Kyrkje- og undervisningsdepartementet. Innbedne var representantar for Kyrkje- og undervisningsnemnda og Sosialnemnda i Stortinget, Kyrkje- og undervisningsdepartementet (Kulturavdelinga og Vaksenopplæringsavdelinga), Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon, Norges Vanførelag, Nord-Norges Vanførelag, Riksteatret og Nord-norsk kulturråd. I samsvar med det som ein vart samd om på møtet, oppnemnde Kulturrådet 29. august eit utval til å gje ei utgreiing om kulturell verksemd for og av funksjonshemma. (Om mandat og samansetjing av utvalet, sjå nedanfor, s. 9).

Møta 29. og 30. august vart haldne i Sogndal og i Førde, i samband med den reisa 28.—31. august som Kulturrådet gjorde i Sogn og Fjordane fylke dette året.

Til møta 12. og 13. desember var òg varamennene med. Første saka 12. desember var spørsmålet om samarbeid, koordinering og arbeidsdeling mellom Rådet, NAVF's miljøvern-utval og NTNMF. Møtet vedtok å setje ned ei arbeidsgruppe til å sjå nærare på spørsmålet om formalisering av kontakt mellom dei 3 råd og deira organ, og på spørsmålet om ein publisasjon som kan gje greie opplysningar om kven som gjer kva i kulturvernet, om tiltak som er i gang, regionale og fylkeskommunale kontaktar o.l.

Ekspedisjonssjefen i Kulturavdelinga i Kyrkje- og undervisningsdepartementet er alltid innbeden til å vere til stades på rådsmøta.

Utval og utgreiingar.

A. Faste utval:

- Det faglege utval for litteratur:*
Hartvig Kiran, formann, bibliotekdirektør
Else Granheim, administrerende direktør
Erling Fjellbirkeland.
- Utvalet for utgjeving av eldre norsk litteratur (Klassikarkomiteén):*
Professor Edvard Beyer (Universitetet i Oslo), formann, professor Bjarte Birkeland (Universitetet i Bergen), universitetsbibliotekar John Dahl (Statens bibliotektilsyn), rekneskapsjef Halvard Sletten (Den norske Forleggerforening).
- Barnebokutvalet:*
Programsekretær Solveig Bøhle, formann, førstebibliotekar Emmy Reventberg Halvorsen, grafikaren Chrix Dahl.
- Utvalet for tilskott til verdfulle omsetjingar:*
Dosent Arne Hannevik, formann, redaksjonssekretær Yngvar Ustvedt, forlagsdirektør Barthold A. Butenschön (til 1. september), forlagssjef Birger Huse (frå 1. september).
- Appell-utvalet for innkjøpsordninga:*
(Appellar om bøker som ikkje blir tekne med på lista frå Bibliotektilsynets rådgjevande komité for folkebiblioteka.) Redaktør Finn Jor, formann, magister Otlu Als-vik, journalist Jo Ørjasæter.
- Ankenemda for innkjøpsordninga:*
(Ankar om klassifiseringsreglar m.v.)
Professor Leif Mæhle (Den norske Forfatterforenings litterære råd), lektor Arne Prøis (Norsk Forleggersamband), dosent Rolf Nyboe Nettum (Institutt for nordisk språk og litteratur, Universitetet i Oslo), forlagsdirektør Barthold A. Butenschön (til 1. september), forlagsbokhandlar Arne Damm (etter 1. september) (både Den norske Forleggerforening).
- Utvalet for norsk litteratur i utlandet:*
Kåre Holt, formann, byråsjef Helene Andersen (Utanriksdepartementets Kulturkontor), forfattarane Carl Hambro og Ebba Haslund.
- Musikkutvalet:*
Kari Frisell, formann, Odd Leren (frå Norsk kulturråd), komponistane Arne

- Nordheim og Egil Hovland, direktør Egil Monn-Iversen.
9. *Sakkunnig nemnd for Materialfondet:*
Gunnar Leiro, formann, grafikaren Chrix Dahl, målaren Jardar Lunde, bilethoggaren Joseph Grimeland.
 10. *Utvalet for kunstnarleg utsmykking av offentlege bygg:*
Håkon Stenstadvold, formann, grafikaren Per Kleiva, grafikaren John Nordhuus, bilethoggaren Skule Waksvik, arkitekt Leif Olav Moen. Ein representant for Statens byggje- og eigedomsdirektorat møter i utvalet som konsulent.
 11. *Utvalet for innkjøp av norsk samtidskunst:*
Målaren og kritikaren Even Hebbe Johnsrud, formann (oppnemnd av Norsk kulturråd), og grafikaren Thor Sandborg, bilethoggaren Erling Saatvedt, målaren Berit Bratland (peikt ut av Bildende Kunstneres Styre).
Distriktsrepresentantar:
Sørlandet: Grafikaren Reidar Rudjord
Sør-Vestlandet: Målaren Ellef Grythe
Bergen: Grafikaren Egil Røed
Nord-Vestlandet: Målaren Ørnulf Opdahl
Trøndelag: Målaren Håkon Bleken
Nordland: Målaren Oscar Bodøgaard
Troms: Målaren John Janson
Finnmark: Målaren Bjarne Holst
 12. *Det sakkunnige utvalet for samisk kunst og brukskunst:*
Håkon Stenstadvold, formann, Marit Stuenng (varamann Kristine Nedrejord), Sverre Fjellheim (varamann Ragnar Myrland), Lauri Keskitalo (varamann Hans Nergård).
 13. *Utvalet for trygging av høgt prioriterte fornminne:*
Professor Anders Hagen, Bergen, formann, professor Sverre Marstrander, Oslo, førstekonservator Odmund Møllerop, Stavanger, førstekonservator Kristen R. Møllerhus, Trondheim, professor Povl Simonsen, Tromsø. Førstekonservator Arne Skjølsvold er sekretær for utvalet.
 14. *Utvalet for lokalhistorisk arbeid:*
Kjell Bondevik, formann, instituttsjef Rolf Fladby, professor Knut Mykland.
 15. *Utvalet for byggjesaker:*
Museumsdirektør Fartein Valen-Sendstad, formann, arkitekt Ulf Colbjørnsen (båe oppnemnde av Norsk kulturråd), arkitekt Gaute Baalsrud (Statens byggje- og eigedomsdirektorat).
 16. *Styret for registrering av faste kulturminne:*
Førstekonservator Arne Berg, formann, dosent Erik Langdalen (landbruksorganisasjonane), arkitekt Ola Hektoen Øverås (Riksantikvaren), fylkeskonservator Nils Georg Brekke (NKKM), dosent Kerstin Gjesdahl Noach (universiteta), sjefsarkitekt Børre Skaslien (Miljøverndepartementet), arkitekt Roar L. Tollnes (Foreningen til norske Fortidsminnesmerkers Bevaring), Kjell Bondevik (Norsk kulturråd).
- B. Mellombels utval:
1. *Redaksjonsutvalet for utgjeving av klassisk norsk musikk (oppnemnd 1971):*
Direktør Egil Monn-Iversen, formann, førstebibliotekar Øystein Gauksstad, komponisten Johan Kvandal, musikkssjef i NRK Gunnar Rugstad.
 2. *Arbeidsgruppe for utgreiing av spørsmålet om periodiske publikasjonar trykte på samisk eller som vender seg til samiske lesarar (oppnemnd 1969):*
Veterinær Paul Fjellheim, formann, lærar Ella Holm Bull, lektor Nils Jernsletten, tannlækjar Aslak Loso, redaktør Asmund Rørslett. Utvalet er nedsett i samråd med Norsk Sameråd.
 3. *Utvalet for utgreiing om friviljuge musikkaktivitetar for born og ungdom (oppnemnd 1973):*
Skulekonsertsjef Leif Braseth, formann, adjunkt Hans Kolstad, skulestyrar Asvald Solheim, advokat Mette Nesset, skulesjef Asbjørn Mediås. Sekretær: Lektor Arne Kildal.
 4. *Utvalet for registrering og vern av gamle fotografi (oppnemnd 1972):*
Fotograf Jac. Brun, formann, bibliotekar Grete Østgaard Lund, fylkeskonservator Kjeld Magnussen, fotograf Bergljot Sinding, fylkeskonservator Johannes Siveind, konservator Else Boye, arkivar Sofie Rogstad.
 5. *Utvalet for utgreiing om tiltak for norsk folkekunst (oppnemnd 1973):*
Ass. universitetsdirektør Magne Lerheim, formann, museumsdirektør Fartein Valen-Sendstad, fylkeskonservator Halvor Landsverk, tekstilkunstnaren Brit H. Fuglevaag Warsinski, interiørarkitekt Anne Lise Aas, folkehøgskulelektor Halvard Grude Forfang, brukskunstnar og lærar Arne Lindaa.

6. *Utvalet for tiltak for amatørteater (oppnemnd 1973):*

Ungdomssekretær Torleif Kaasalia, formann, skulestyrar Ottar Vandvik, lærar Mette Tomasgård (peika ut av Samnemnda for amatørteaterarbeid), Anne Gullestad (peika ut av Vestlandske Teaterlag), Ingar Selstad (peika ut av Hålogaland Amatørteaterselskap), Kjetil Bang-Hansen, Jack Fjeldstad (oppnemnde av Norsk kulturråd). Sekretær (oppnemnd av SAT): generalsekretær Victor Krüger.

7. *Utvalet for utgreiing om norsk-finske kulturtilhøve i Nord-Noreg (oppnemnd 1973):*

Lektor Einar Niemi, formann, redaktør Sverre Nilsen, skulestyrar Olav Beddari. Referansegruppe: Redaksjonssekretær Erling Arvola, Vadsø, ekspeditør Ida Tuomainen, Vadsø, skulestyrar og forfattar Hans Kr. Eriksen, Stonglandseidet, sokneprest Asbj. Flokkmann, Lyngseidet, lærar Eimi Vorren, Vadsø, fylkesrevisor Bernhard Marki, Vadsø, bispedømmeradssekr. Georg Hildonen, Tromsø, konservator Håvard Dahl Brattrein, Tromsø, handelsfullmektig Anton Sommerseth, Skibotn.

8. *Utvalet for branntrygging av stavkyrkjene:*

Kjell Bondevik, formann, riksantikvar Roar Hauglid og antikvar, arkitekt Håkon Christie (båe peika ut av Riksantikvaren), arkitektane Gunnar Bugge og Hans Jacob Hansteen (båe Foreningen til norske Fortidsminnesmerkers Bevaring). Jfr. og avsnitt om bruk av «Minnemedaljefondet».

9. *Nemnda til å fremje samisk litteratur:*

Det er Karasjok bibliotek som administrerer denne nemnda. Pengane blir tekne frå avsetjinga til samisk litteratur.

10. *Mellombels tidsskriftutval for 1974:*

Forfattarinna Halldis Moren Vesaas, lærar og kritikar Petter Larsen, forfattaren og journalisten Kjell Sandvik. Sjå Kap. III. Tidsskrift.)

11. *Utval for utgreiing om kulturarbeid for funksjonshemma (oppnemnd 1974):*

Arkitekt Sigurd Muri (formann), oppnemnd av Norsk kulturråd, konsulent Tom Buxrud, peika ut av Helsedirektoratet, teatersjef Eivind Hjelmtveit, peika ut av Riks teatret, produksjonssjef Reidar Aas, peika ut av Rikskonsertane, bibliotekar Bjørg Heie, peika ut av Statens Bibliotektilsyn, avdelingsingeniør Nils Boe, peika ut av Norges Vanførelag, forfattarinna Tordis

Ørjasæter, peika ut av Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon.

Sekretær: cand. mag. Gerd Grønvold Saue. Mandatet fylgjer som vedlegg nr. 1.

Desse utgreiingane er lagde fram for Norsk kulturråd i 1974:

1. Tilråding frå ei intern arbeidsgruppe (formannen, Audgunn Oltedal og Sigurd Muri) om nye retningslinjer for tilskott til tidsskrift. (Sjå avsnitt Tidsskrift i Kap. III).
2. Tilråding frå Utvalet for norsk litteratur i utlandet om å opprette eit særskilt kontor, knytt til sekretariatet for Den norske Forfatterforening, til å arbeide for norsk litteratur i utlandet.

Tilrådingar og fråsegner frå Norsk kulturråd til Kyrkje- og undervisningsdepartementet.

1. Årsmelding 1973 (St. meld. nr. 86 for 1973-74).
2. Tilråding om fordeling av midlar frå Norsk kulturfond for 1974.
3. Framlegg om løyving til Norsk kulturfond 1975. Brevet følgjer som vedlegg nr. 2.
4. Framlegg til stillingsbudsjett for Norsk kulturfond 1975.
5. Tilråding til departementet om at innkjøpsordninga for ny norsk skjønnlitteratur blir førd over frå Kulturfondet til statsbudsjettet.
6. Fråsegn om Innstilling om behovet for organisatorisk styrking av norsk bibliotekvesen, eventuelt gjennom oppretting av eit råd.
7. Tilråding til departementet om tilsetjing av kontorsjef i Norsk kulturråd.
8. Fråsegn om Innstilling om Nasjonalgalleriet og Riksgalleriet. Vurdering av organisasjonsplaner m.v. og samarbeid.
9. Fråsegn til departementet om framlegg til Regjeringa frå Foreningen Norden om å skipe eit fond for finsk-norsk samarbeid.
10. Fråsegn til departementet om Innstillinga NR 6/74 frå Komiteen til å utrede spørsmålet om opprettelse av et nordisk kultursenter i Torshavn.
11. Fråsegn til departementet om søknad frå barnebladet Maurtua om fritaking for meirverde-avgift på barneblad.
12. Fråsegn til Kyrkje- og undervisningsdepartementet, Kommunaldepartementet, Miljøverndepartementet, Industridepartementet, fylke og kommunar, med ei oppmoding til alle instansar som arbeider med utbyggingsplanar og miljøutforming, om å leggje estetiske og kulturelle siktemål for dette arbeidet. Ikkje berre tekniske og in-

dustrielle krav må bli imøtekomne, dei menneskelege og kunstnarlege krava må òg få koma klårt til uttrykk. Kunstnarar, arkitektar og arkeologar må takast med i alt slikt planleggingsarbeid, og bør difor ha lov- eller vedtektsfesta plass i alle planleggings- og reguleringsorgan. Fråsegna følgjer som vedlegg nr. 3.

13. Fråsegn til Kyrkje- og undervisningsdepartementet om Notat med mellom anna framlegg til lovtekst om jamstilling mellom kjønna.

Samarbeid med andre institusjonar.

Rådet vil, som tidlegare år, først og fremst seie seg glad for det gode samarbeidet med Kyrkje- og undervisningsdepartementet. Dette er òg ein føresetnad for ei planmessig koordinering med statsbudsjettet. I 1974 har Rådet òg bede inn til to møte med Miljøverndepartementet, til å drøfte samarbeidet om saker som er førde over frå Kyrkje- og undervisningsdepartementet og som er arbeidsområde for Norsk kulturråd: arbeid med å tryggje hus, anlegg og miljø, registrering av faste kulturminne og fornminne. Vi viser til oversyn ovanfor over ymse møte og til Kap. III, Kulturvern. Det er òg kontakt om einskilde, konkrete saker. Som nemnt i årsmeldinga for 1973 har Kulturrådet oppnemnd Kjell Bondevik som representant for Rådet i Hovedkomiteen for Norges deltakelse i Det europeiske arkitekturvernåret, som Miljøverndepartementet har sett ned.

Utanriksdepartementet, Presse- og kulturavdelinga.

Kulturrådet samarbeider med Presse- og kulturavdelinga i alle saker som gjeld tiltak for norsk litteratur og kunst i andre land. For biletkunst og musikk er retningslinene tekne med i årsmeldingane frå Rådet for 1967 og 1968. Hovudprinsippet er at Kulturrådet berre bør gi tilskott til store eingongstiltak, som det er uråd for Utanriksdepartementet å finansiere innanfor eit vanleg årsbudsjett. Rådet finn at det ikkje lenger er rett å gi årvisse tilskott til bøker til norske sendelektorar i utlandet, slik det har vore gjort i fleire år.

Byråsjefen i Kulturkontoret i Utanriksdepartementet er medlem av Utvalet for norsk litteratur i utlandet.

Norges almenvitenskapelige forskningsråd.

Vi viser til oversynet ovanfor over møte i Rådet. Det er jamn kontakt mellom administrasjonane i dei to råda i saker som ligg i grenseområda, særleg når det gjeld lokalhistorie, utgiving av essay og forskning på kulturhistoriske, kunstnarlege eller sosiokulturelle område.

Riksbankens.

Gjennom året har Rådet hatt jamleg kontakt med Riksbanken i saker som gjeld kultur- og miljøvern. Alle søknader om tilskott til å sikre gamle hus, anlegg og miljø, blir lagde fram for Riksbanken til fråsegn. Riksbanken er medlem av styret for Registreringa av faste kulturminne, og av Stavkyrkje-utvalet.

Norske Kunst- og Kulturhistoriske Museer. Fylkeskonservatorane.

Alle saker som gjeld museumsbygg eller særskilde tiltak ved musea, blir sende styret i NKKM til fråsegn. Administrasjonen har i året hatt jamleg kontakt med styreformann og/eller sekretær om einskilde saker. Vi viser til Kap. III, Kulturvern. Rådet samarbeider òg med fylkeskonservatorane i dei einskilde fylka både om tiltak ved musea og andre kulturverntiltak i fylket. På den måten får Kulturrådet både ei regional og ei sentral fagleg vurdering, før det tek endeleg avgjerd.

Statens bibliotektilsyn.

Bibliotekdirektøren er fast medlem av Det faglege utval for litteratur og er med i alle tingingar Rådet har med forlag og forfattarar om innkjøpsordninga. Kulturrådet nyttar både dei rådgjevande komiteane som tilsynet har: Den rådgjevande komiteen for folkebiblioteka, og Den rådgjevande komiteen for skulebibliotek (for «den vesle innkjøpsordninga», sjå avsnitt om Tilskott til barne- og ungdomslitteratur, i Kap. III).

A/L Biblioteksentralen.

Rådet samarbeider med Biblioteksentralen i alle praktiske spørsmål som gjeld innkjøpsordninga: Innbinding, ekspedisjon o.a. Sentralen har òg alt det praktiske arbeidet med å sende ut dei 500 eksemplara av barne- og ungdomsbøkene. (Sjå Kap. III, Litteratur.)

Statens byggje- og eighedsdirektorat.

Direktoratet sender framlegg om utsmykking av nye statsbygg, og har sin faste observatør i Utvalet for kunstnarleg utsmykking av offentlege bygg.

Rikskonsertane.

Rikskonsertane administrerer prøveordninga med tilskott til debutkonsertar for unge, norske musistarar. (Sjå Kap. III, Musikk).

Det er òg jamleg samarbeid med Rikskonsertane i saker som gjeld tilskott til musikkinstrument, konsertar eller andre musikktiltak rundt i landet.

Elles samarbeider Rådet med dei andre riksinstitusjonane Riksteatret og Riksgalleriet om

turnear eller tiltak rundt i landet, med Norsk Forfattersentrum om litterære festivalar eller litteratur- og lyrikkdagar og med andre statlege råd. Når det gjeld tiltak for samisk kultur, har Rådet kontakt med Norsk sameråd, Norske Samers Riksforbund og Nordisk Samisk Institutt. (Sjå Kap. III, Samisk kultur.) Sjølv sagt har Rådet òg jamleg kontakt med kunstnarorganisasjonar og forleggjarorganisasjonane om tilskottsordningar og ymse søknader.

Rådet legg òg stor vekt på det gode samarbeidet med dei regionale organisasjonane Nord-norsk kulturråd og Nord-norsk musikkråd, og med regionale kunstnarorganisasjonar. Det same gjeld dei fylkeskommunale kulturstyra. I 1974 er dette samarbeidet kome vel i gang, og Rådet vonar det vil bli utbygt vidare etter som det blir oppnemnt kulturstyre i alle fylke. Representantar for Rådet eller frå administrasjonen har vore innbedne til dei fylkeskommunale kulturkonferansane som har vore arrangerte i 1974 i ei rad fylke til å drøfte kulturmeldingane, og er glad for desse høve til å byggje ut kontakt og samarbeid. (Sjå Reiser og representasjon nedanfor.) Rådet vil drøfte vidare korleis ein kan hjelpe til med kontakt og informasjon, både mellom fylkeskulturstyra og Rådet, og mellom kulturstyra og Rådet, og mellom kulturstyra innbyrdes, ved konferansar, publikasjonar o.a.

Reiser og representasjon.

Formannen, Hartvig Kiran, representerte Rådet ved opninga av Akademiet i Rauland 8. juni. Han representerte Rådet ved opninga av orkesterkurset til «Ungdomssymfonikerne» i Elverum 22. juni. Den 5. september heldt han opningsforedraget på Vestlandske Lærarstemna i Bergen. 28. — 29. september vitja han Haram Kulturhistoriske Lag og heldt foredrag om «Kulturvernet i dagens samfunn» på eit informasjonsseminar. Den 15. november representerte han Rådet ved opninga av nybygget på Maihaugen.

Formannen og direktøren representerte Kulturrådet ved konferanse i Videnskaps-Akademiet 29. mai, arrangert av Kyrkje- og undervisningsdepartementet, med kunstnarorganisasjonane. Konferansen var ein lekk i arbeidet i departementet med å førebu ei stortingsmelding om kunstnarar og kulturarbeidarar.

Formannen og direktøren representerte Norsk kulturråd ved Nordisk embetsmannskonferanse i Tønsberg 26.—27. september.

Formannen og direktøren representerte Rådet ved Europarådskonferanse i Stavanger 14. — 16. oktober, om prosjektet Kulturutvikling i 14 europeiske byar.

Viseformannen, Bjørn Aarseth,

var til stades som representant for Norsk kulturråd på årsmøtet i Norske Samers Riksforbund i Kautokeino 16.—18. april, og på landsmøtet i Norske Reindriftsamers landsforening i Karasjok 13. — 15. juni. Han representerte Rådet ved opninga av Festspillene i Nord-Norge. Sidan dette var 10-års jubileet for Festspillene, overrekte viseformannen eit grafisk blad som jubileumsgåve frå Norsk kulturfond.

6. september representerte han Rådet ved Tromsø Kunstforenings 75-års jubileum, heldt festtalen og overrekte eit grafisk blad som gåve frå Kulturfondet.

21.—22. oktober deltok han i eit seminar om samiske museums- og bibliotekspørsmål, arrangert av Nordisk Samisk Institutt, og greidde ut om Kulturfondet som finansieringskjelde for samiske kulturtiltak.

26. og 27. november møtte han for Rådet på kulturkonferanse arrangert av Fylkesmannen i Finnmark og heldt foredrag om Kulturrådet sitt arbeid og ansvar, særleg sett i høve til dei tiltak som er varsla i «Kulturmeldingane».

Kjell Bondevik møtte som representant for Kulturrådet ved opninga av nybygget ved Hardanger Folkemuseum 8. juni.

Han representerte Rådet på kulturkonferansen i Førde 22.—23. november, og heldt foredrag om kulturmeldingane.

Håkon Stenstadvold var med på kulturseminaret i Harstad under Festspillene i Nord-Norge og tala om kulturmeldingane. Han representerte Kulturrådet ved opninga av Olsokspillet i Sarpsborg.

Olav Beddari representerte Norsk kulturråd ved Svanvik folkehøgskole då den nye bygnaden vart innvigd i oktober.

Solfrid Gjelsten representerte Rådet ved premièren på La Traviata i Kristiansund 10. februar.

Anne Gullestad representerte Rådet ved 20-års jubileet for Hålogaland Amatørteaterselskap i Narvik 15.—17. mars, og overrekte eit grafisk blad som jubileumsgåve fra Norsk kulturråd og Nord-norsk kulturråd. Ho var samstundes med på årsmøtet og konferanse om amatørteaterarbeid.

Sigurd Muri representerte Norsk kulturråd ved «Døves kulturdager» i Bergen 2.—3. november.

Direktør Ingeborg Lyche heldt foredrag på årskonferansen til Samnemnda for studiearbeid på Dombås 4.—6. februar om «Kulturmeldingene og Norsk kulturfonds plass i det fremtidige bildet». Ho representerte Rådet ved overrekkinga av Ole Bulls Lysøen til Fortidsminnesmerkeforeningen i Bergen 21. mai. Ho representerte Rådet ved opninga av det nye utstillingsbygget på Glomdalsmuseet 8. juni og opna Kyrkjemusikkveka i Kristiansand

9. juni. 7.—8. september representerte ho Rådet ved årsmøtet i Norske Kunst- og Kulturhistoriske Museer i Elverum.

Direktøren representerte Rådet på fylkeskulturkonferanse i Stavanger 13.—15. september, arrangert av Rogaland Studiesamnemnd og Rogaland fylkesbibliotekstyre, og på fylkeskulturkonferanse på Gjermundnes 2.—3. november, arrangert av Møre og Romsdal fylkeskulturstyre. På båe desse konferansane heldt ho foredrag om kulturmeldingane og Norsk kulturfonds plass i det framtidige biletet. På ein konferanse i Hamar 9. oktober om vaksenopplæring, arrangert av Oppland Studiesamnemnd, innleidde ho om Vaksenopplæring og kulturarbeid.

Etter oppdrag av Utanriksdepartementet vikarierte ho for ekspedisjonssjef Leif J. Wilhelmsen i dagane 29.—31. oktober som medlem av den norske delegasjonen til Unesco-generalforsamlinga i Paris.

Etter innbyding frå Utanriksdepartementet under Norsk-belgisk kulturavtale, var ho i dagane 18.—23. november i Belgia og såg på kulturhus og ymse andre kulturinstitusjonar.

30. november til 1. desember representerte ho Kulturrådet ved kulturkonferanse på Os, arrangert av Hordaland Studiesamnemnd, og heldt foredrag om «Kulturplanlegging i fysisk perspektiv».

Kontorsjef Hans Stokland representerte Rådet ved kulturkonferanse arrangert av Oppland Studiesamnemnd, Spåtind 17.—19. november, og heldt foredrag om kulturmeldingane og Norsk kulturråd.

Førstesekretær Berit Weyer Larsen var med på nordisk seminar i Finland om «Amatørerna i det nordiske kultursamarbetet» 20.—22. september 1974.

Konsulent Torkild Alsvik var med på bibliotekarkonferansen på Voss 8.—9. juni.

Konsulent Egil Sinding—Larsen representerte Rådet ved Nordens 9. Nordkalottkonferanse i Kiruna 16.—18. august.

Norsk kulturråds prisar 1974

Æresprisen for 1974 vart gjeven til Hans J. Henriksen etter samrøystes vedtak på råds-møte 12.11. 1974. I grunngevinga legg Rådet vekt på den livslange og verdfulle innsatsen Hans J. Henriksen har gjort for samisk kultur og for å harmonisere tilhøva mellom minoritets- og majoritetskultur i Norge. Han har gjort ei rad omsetjingar av høg kvalitet, som til dels er banebrytande og har verka til at samisk er teke i bruk på felt der det ikkje hadde tradisjon som skriftspråk. Innsatsen hans for samisk kulturreising dei siste tretti åra er grunnleggjande, han har sjølv stått for mykje av det praktiske organisasjonsarbeidet. Han er òg ein pioner i det internordiske samarbeidet for og blant samane, og har vore aktiv i det generelle kultursamarbeidet på Nordkalotten på tvers av etniske og statlege grenser.

Livsverket hans har vore så verdfullt på dette feltet at Rådet fann det naturleg å gi han æresprisen for 1974. Prisen vart delt ut ved eit møte i Videnskaps-Akademiet 12.12. 1974.

Dei andre prisane som Rådet har delt ut i 1974, er:

Musikkprisen til Karsten Andersen.

Omsetjarprisen til Carl Fredrik Engelstad.

Pris for lokalhistorisk arbeid til Olav Kolltveit.

Om grunngevinga o.a. viser vi til dei ein-skilde avsnitta i Kap. III.

Kap. II. Koordinering med statsbudsjettet.

I denne årsmeldinga vil Kulturrådet markere den første 10-års milepelen for Norsk kulturfond med ei stutt innleiing i kvart avsnitt i Kap. III, Tilskott, med oversyn over dei største sakene i 10-årsperioden innan kvart område.

Rådet vil på nytt få seie seg glad for det gode samarbeidet med Kyrkje- og undervisningsdepartementet i helle perioden. Eit slikt samarbeid er ein føresetnad for ein koordinert kulturpolitikk og ein naturleg kulturvokster, med prioritering av oppgåver innanfor ei realistisk økonomisk ramme. Vi viser òg til det som er sagt om tilhøva mellom Kyrkje- og undervisningsdepartementet og Norsk kultur-

fond i kulturmeldingane (St. meld. nr. 8 og nr. 52 (1973—74), og i Innstillinga frå Kyrkje- og undervisningsnemnda om desse meldingane (Innst. S. nr. 23 1974—75).

Ei detaljert gjennomgåing av tilhøvet mellom statsbudsjettet og Norsk kulturfond vart send departementet i 1971 og er prenta som vedlegg til St. meld. nr. 8. Sidan denne utgreiinga vart lagd fram, er både Rikskonsertane og Norsk Forfattersentrum førde over til statsbudsjettet etter prøveverksemd finansiert av Norsk kulturfond, Rikskonsertane som ein statsinstitusjon på line med Riksteatret og Riksgalleriet, Norsk Forfattersentrum som ein frittstående institusjon der departementet

nemner opp medlemmer i styret. Når det gjeld kunstnarleg utsmykking vil Rådet på nytt minne om føreteljingane til departementet med framlegg om ein annan finansieringsmåte for kunstnarleg utsmykking av nye statsbygg.

Kulturrådet tok i 1973 opp spørsmålet om å få innkjøpsordninga for ny norsk skjønnlitteratur over på statsbudsjettet (slik det var gjort greie for i årsmeldinga for 1973), og har i 1974 arbeidd vidare med denne saka. Det same gjeld Registreringa av faste kulturminne, som Norsk kulturråd meiner det ville vere naturleg om Miljøverndepartementet tok over.

Rådet har i dei 10 åra hatt ei lang rad drøftingar med Kyrkje- og undervisningsdepartementet, om prøveordningar eller andre langsiktige tiltak, eller om store einskildtiltak, som til dømes kulturbygg. Rikskonsertane og Norsk Forfattersentrum er nemnde ovanfor. I andre høve har departementet etter ei prøvetid teke over årvisse tilskott til nye institusjonar, sette igang i distrikta, der tilskott frå Kulturfondet har gjort det mogleg å komme i gang. Etter nokre år har Kulturrådet saman med vedkommande organisasjon og kommune/fylke vurdert verksemda og gitt fråsegn til departementet. Som døme på slike tiltak nemner vi Festspillene i Nord-Norge, Jazzfestivalen i Molde, Sørlandsutstillinga (frå 1971) og Nord-Noreg utstillinga (frå 1974).

Fleire utgreiingar har Rådet teke på seg i samråd med departementet. Den første var Rikskonsert-utgreiinga. For tida er fleire slike utgreiingar under arbeid, som Utredning om tiltak for norsk folkekunst, som vi ventar ferdig i første halvta av 1975, og Utredning om tiltak for kulturarbeid for og blant funksjonshemma. Dei fleste utgreiingane har likevel Rådet sjølv teke initiativet til. Sjå liste over trykte publikasjonar, vedlegg nr. 4.

I dei kulturkonferansane som Kulturrådet har arrangert i desse ti åra, har alltid representantar frå departementet vore til stades, slik at eventuelle nye tiltak kan bli gjennomdrøfta.

Dei største eingongstiltaka har vore byggjesakene (Sjå kap. III, Kulturbygg). Rådet vil seie seg glad for at departementet i 1972 fekk til det nye kapitlet i statsbudsjettet, *kap. 360 Nasjonale kulturbygg*, slik at Rådet kan arbeide for å hjelpe til med kulturbygg i distrikta.

Når det gjeld tilskott frå Norsk kulturfond til *filmproduksjon*, viser vi til den utgreiinga som Kulturrådet gav i PM frå 1971. (St. meld. 8, s. 160). Frå 1973 fører Kulturrådet ikkje lenger opp nokon sum fastsett på førehand til

filmtiltak. Tilskott til særskilde filmtiltak som ikkje kan få stønad under dei vanlege tilskottsordningane på statsbudsjettet, får tilskott av avsetjinga til Andre formål («Generell disposisjon»). Dette er det same prinsippet som Rådet nyttar når det gjeld tilskott til teater- og ballett-tiltak.

Bakgrunnen er at filmorganisasjonane sjølvve meinte at alle kortfilmprosjekt burde vurderast av ein og same jury: Statens Kortfilmvalg. Grensene mellom dokumentarfilm som får tilskott over statsbudsjettet og friare, eksperimentell kortfilm, blir stadig vanskelegare å dra klårt opp, og resultatane frå dei første åtte åra då Kulturrådet delte ut ein sum fastsett på førehand, var ikkje særleg positive. Dersom Statens Kortfilmvalg peikar ut einskilde lovande filmprosjekt, som ikkje kan få tilskott av løyvingane på statsbudsjettet, gir Kulturrådet tilskott av avsetjinga til «Andre formål». Det same gjeld særlege tilskott til filmopptak av gamle arbeidsprosessar o.a. som Filmkomiteen i Norske Kunst og Kulturhistoriske Museer gjer framlegg om.

Når det gjeld tiltak for *samisk kultur*, har Kulturrådet kontakt med Skuleavdelinga i Kyrkje- og undervisningsdepartementet om samarbeid skulebygg/kulturbygg, og om tilhøva til Nordisk Samisk Institutt for nordiske saker. Rådet viser òg til St. meld. nr. 13 (1974—75) der det under kap. 3.3 Kultur, heiter: «Regjeringen finner det formålstjenlig at Norsk kulturråd har et hovedansvar for de statlige tilskott til samiske kulturformål. Større permanente tiltak vil det være rimelig etter hvert å føre opp direkte i statsbudsjettet.»

I arbeidet for lokale og regionale kulturtiltak, slik desse er definerte i Innst. S. nr. 23, vonar Rådet på kontakt både med departementet og med lokale og regionale kulturstyre når det gjeld større oppgåver, som ein ikkje kan vente kan bli løyste utan tilskott av Kulturfondet, jamvel innan dei utvida budsjetttrammene som dei nye overføringsmidlane vil føre med seg.

Kulturrådet trur såleis ikkje det vil bli vanskeleg for Norsk kulturfond å finne sin naturlige plass i det framtidige biletet innan norsk kulturvokster. Dei nye lokale og regionale administrasjonsordningar og dei nye tilskottsordningar som no er vedtekne, kjem ikkje til å endre Kulturfondets plass som eit kulturpolitisk instrument, som både kan verke i nasjonal samanhang innan dei nasjonale kulturoppgåvene som ikkje er knytte til noko distrikt, og som stimulans i den lokale og regionale kulturplanlegginga.

Kap. III. Tilskott.

Innleiing

Ved kongeleg resolusjon av 29. mars 1974 vart fastsett denne hovuddelinga av løyving til Norsk kulturråd, kr. 27 000 000. (Dei tilsvarende tala for 1973 står i parentes).

	1974	(1973)
Litteratur	6 500 000	(6 300 000)
Musikk	2 030 000	(1 800 000)
Biletkunst og brukskunst	3 730 000	(3 550 000)
Kulturvern	3 350 000	(3 200 000)
Kulturbygg	8 000 000	(7 000 000)
Tidsskrift	330 000	(300 000)
Utgreiingar og utval	400 000	(400 000)
Samisk kultur	400 000	(350 000)
Andre formål	1 010 000	(1 050 000)
Administrasjon	1 250 000	(1 050 000)
	27 000 000	(25 000 000)

I alt kom det i 1974 inn 847 søknader (1973: 778). Brev og spørsmål om retningslinjer for tilskott er ikkje rekna med. Det er vanskeleg å gjere nøye greie for den samla søknadssummen: Mange søknader nemner ikkje nokon sum, eller nemner subsidiære summar, og i mange søknader heiter det at eit eventuelt til-

skott kan delast over fleire år. Etter den nye tilskottsordninga for tidsskrift som Kulturrådet har vedteke for 1975, blir det ikkje tale om nokon søknadssum, av di tilskotta blir rekna ut etter produksjonsutgifter og til støttekjøp (sjå Tidsskrift).

Med slike atterhald kan ein setje den samla søknadssummen til bortimot 48 mill. kr. (1973: vel 47 mill.). I tillegg nemner vi dei sakene som Riksantikvaren sender over til Kulturfondet, som i 1974 i alt galdt 334 saker med ein samla sum på 28,5 mill. kr.

Rådet vil gjerne ha eit grunnlag å byggje på når det skal førebu arbeidet med å fordele fondsmidlar for året. Difor blir det kvart år lyst ut ein søknadsfrist som har vore sett til 1. november for søknader om tilskott av fondsmidlar for året som kjem. Men denne utlysinga av fristen vil ikkje seie at Rådet ikkje tek omsyn til søknader som kjem inn etter denne datoen.

I samsvar med dei retningslinjene som Stortinget har fastsett, gjev Kulturrådet ikkje driftstilskott til institusjonar eller organisasjonar der det ikkje gjeld eksperiment eller prøve-tiltak. Tilskott til tidsskrift må likevel naturleg nok bli gitt årsvisst.

Søknadsoversyn pr. 31. desember 1974
Tala for 1973 er førde opp ved sida av.

	Talet på søknader		Utan søknadssum		Total søknadssum	
	1974	1973	1974	1973	1974	1973
Litteratur	145	94	57	38	1 706 364	1 248 128
Musikk	169	155	31	29	5 366 680	4 614 863
Biletkunst og brukskunst	152 ¹⁾	158 ¹⁾	57	42	3 639 181	4 218 840
Kulturvern	218 ²⁾	198 ²⁾	20	29	10 833 381 ²⁾	10 416 906 ²⁾
Kulturbygg	32	36	5	4	21 635 647	22 154 000
Tidsskrift	19	20	— ³⁾	4	155 500 ³⁾	735 635
Samisk kultur	28	24	1	1	547 780	594 410
Andre formål	84	93	10	11	3 787 189	3 357 926
I alt	847	778	181	158	47 671 722	47 340 708

¹⁾ Søknader om lån av Materialfondet er ikkje medrekna.

²⁾ Saker sende over frå Riksantikvaren er ikkje medrekna. Sjå Innleiinga ovanfor.

³⁾ Etter den nye tilskottsordninga for tidsskrift blir ikkje søknadssum oppført.

LITTERATUR

Innleiing.

I St. prp. nr. 1 Tillegg nr. 1 (1964—65), Om oppretting av Norsk kulturfond, er omtala ei rad tiltak til å betre vilkåra for norsk litteratur:

Innkjøpsordning med årlege støttekjøp av ny norsk skjønnlitteratur, trykkingstilskott til ny utgjeving av eldre norsk litteratur, tilskott til å hjelpe nynorsk litteratur, til litterære tidskrift, til utgjeving av essays, til litteratur på samisk, til meir kontakt mellom forfattarane og skular/bibliotek, til vidareutdanning av forfattarar, og til opplysningstilbod for norsk litteratur i inn- og utland. Når det galdt det vidare arbeid med dei tre siste oppgåvene, meinte departementet at Kulturrådet burde vurdeire om det ville vere formålstenleg å opprette eit norsk litteratur-institutt.

I St. prp. nr. 130 (1964—65) om vedtekter for Norsk kulturfond og retningslinjer for bruken av fondsmidlar, greier Kulturrådet i si innstilling nærare ut om kvar av desse oppgåvene. Ei ny sak kom til: støtte til *ny norsk dramatik*. Rådet meinte òg at *litterære prisar* burde vere av dei tiltak som fondet kunne ta på seg, som ein del av opplysningsarbeid for norsk litteratur i inn- og utland. Alt i det første arbeidsåret, 1965, tok Rådet opp ei oppgåve til, *støtte til barne- og ungdomslitteratur*. I 1965 vart det brukt kr. 70 000 til dette, medan avsetjinga i 1974 var kr. 500 000. Tiltak for barne- og ungdomslitteratur er dei seinare åra, nest etter innkjøpsordninga, det største tiltaket på litteratur-området.

Det største tiltaket gjennom 10-årsperioden har vore innkjøpsordninga for ny norsk skjønnlitteratur. I prinsippet har ordninga vore den same heile tida. Ei endring som førde med seg ei viss innskrenking av automatikken i ordninga vart vedteken alt frå 1967. Dersom ei bok ikkje kjem med på dei listene som Bibliotektilsynets komité for folkeboksamlingane utarbeider til rettleiing for folkebiblioteka, blir neste bok av vedkommande forfattar ikkje innkjøpt automatisk, men må vurderast på førehand. Elles er det berre gjennomført mindre administrative ordningar, fram til 1974, då Kulturrådet av økonomiske omsyn måtte leggje eit økonomisk «tak» på ordninga (Sjå nedanfor).

I dei ti åra 1965—74 er det i alt kjøpt inn 1 527 bøker, altså i gjennomsnitt 152,7 bøker pr. år. Men talet på utgjevingar har svinga heller mykje, frå 124 i 1965 til 189 i 1973 (166 i 1974).

Målsettinga for innkjøpsordninga vart forma i fire punkt: 1) Å gje forfattarane betre inntekter, både av di dei er sikra eit høgare sal enn tidligare, og av di royaltien vart sett opp frå 15 til 20%. 2) Å halde bokprisane nede.

I to år gjekk prisane markert ned: I 1965, då ordninga vart innført, og i 1967 då meirverdiavgifta på bøker vart fjerna. Elles har prisane gått opp, særleg i 1974. Men heile tida har prisane på norske bøker lege markert under prisane i Danmark og Sverige. 3) Å gje forleggjarane betre vilkår til å gje ut ny norsk skjønnlitteratur sidan dei var sikra eit sal til staten ved Kulturfondet på 1000 eksemplar. 4) Å fremje lesing av ny norsk skjønnlitteratur. Kulturrådet har sett igang eit par lesarundersøkingar, men desse har vore for små til å gje svar på om kor langt dette punktet er oppfylt.

Innkjøpsordninga har møtt motstand ved somme høve, og bøker er til tider dregne fram som uheldige døme. Men både forleggjarar og forfattarar er samde om at utan ordninga ville det ikkje vere mogleg å halde oppe ein skjønnlitteratur her i landet.

I proposisjonen om Kulturfondet seier departementet at det òg legg stor vekt på at eldre norsk litteratur er tilgjengeleg for publikum. Fleire og fleire eldre verdfulle bøker vart borte. Nye avtaler mellom forfattarar og bokhandlarar, «bokskred» o.a., førte til at bøker vart borte frå omsetjing etter få år. Det bør vere eit mål, meinte departementet vidare, at sentrale verk gjennom tidene alltid skulle vere å få kjøpt nokoleis rimeleg.

I St. prp. nr. 130 seier Kulturrådet i si tilråding at ein bør freiste å få utgitt ein seriskild serie av klassisk norsk litteratur. Rådet sette ned eit utval på fire litteratursakkunni-ge, som arbeidde ut ei tilråding om ei stønadsordning for ny utgjeving av eldre norsk litteratur, med ei liste over dei bøkene som alltid burde finnast i bibliotek og bokhandel. Det opphavlege framlegget om at Kulturrådet sjølv skulle stå for utgjeving av ein serie med sams utstyr, meinte utvalet og Kulturrådet at det ikkje var realistisk å gå vidare med. Lista vart gjord kjend for forleggjarforeningane med melding om at Kulturrådet ville prioritere søknader om trykkingstilskott til bøker på desse listane. Frå 1966 til 1974 er det i alt gjeve tilskott til 117 nytgjevingar. Av desse er det berre 70 som står på listene, men nokre er utkomne utan tilskott. I 1971 vart det på universitetsbiblioteka i Oslo og Bergen arrangert utstillingar av dei utgåvene av klassisk og annan eldre litteratur som var komne med tilskott frå Norsk kulturfond, det var då i alt 60.

Det same utvalet som tek seg av søknader om tilskott til nytgjevingar (Klassikarkomiteen, sjå Kap. I Utval) gjev òg tilrådingane om trykkingstilskott til essayistikk. I alt er det i åra 1966—74 gjeve tilskott til 68 bøker, med i alt kr. 632 700. Norsk Litterær Arbok har kvart år fått tilskott av denne løyvinga, som har gjort det mogleg for forlaga å gje ut litterære

og kunstnarlege essaysamlingar, biografier, tidsskildringar o.a.

I 1969 sette Kulturrådet ned eit utval til å gje utgreiing om dei andre oppgåvene på litteratur-området som var nemnde då fondet vart oppretta: forfattarbesøk i skular og bibliotek, arbeid for norsk litteratur i utlandet, og vidare utdanning av forfattarar. Tiltak for norsk barne- og ungdomslitteratur kom òg med i mandatet for utvalet. Formann var Hans Heiberg, og elles var det med representantar for forfatterforeninga, det nyoppretta forfatter-sentret, Bibliotektilsynet, Samnemnda for studiarbeid, Universitetet i Oslo og Kyrkje- og undervisningsdepartementet. Tilrådinga vart levert Kulturrådet i desember same året. (Publikasjonar 1970: Kontakt forfatter — samfunn).

Utvalet gjennomdrøfta tanken som var framme i 1964—65 om eit norsk litteraturinstitutt, men kom fram til at det ikkje ville rå til å opprette eit slikt institutt. Dei oppgåvene det var tenkt på, ville det vere rimelegare og vonleg meir effektivt å spreie på organ som alt fanst. Men, seier Utvalet i tilrådinga, dette har som føresetnad at stønad både til Norsk Forfattersentrum og Den norske Forfatterforening blir auka slik at dei kan greie slike oppgåver.

Norsk Forfattersentrum som vart oppretta i 1968 etter initiativ frå årsmøte i Den norske Forfatterforening, fekk tilskott frå Kulturfondet som prøveverksemd til og med 1973. I 1974 gjekk det over til statsbudsjettet som ein fast institusjon.

Til arbeidet for norsk litteratur i utlandet har Kulturrådet eit fast rådgjevande utval, som hausten 1974 la fram ei tilråding om å skipe eit eige kontor i tilknytning til sekretariatet for Den norske Forfatterforening, til å ta seg av slikt arbeid.

Litterære prisar som Norsk kulturråd arbeidde med i åra 1966—1969, har Rådet gjeve opp, av di det synte seg at dei ikkje fekk så stort PR-verde, med auka sal og utlån i biblioteka som Kulturrådet hadde vona på. Etter domen i Høgsterett hausten 1974 om skattlegging av dei prisane Tarjei Vesaas og Kr. Kristiansen hadde fått av Norsk kulturråd, er det ikkje rimeleg at Kulturrådet vil ta opp att denne måten å arbeide for norsk skjønnlitteratur på.

Frå 1968 har Kulturrådet delt ut ein omsetjarpris (sjå nedanfor). Tilskott har òg vore gjeve til m.a. premietevlingar for å få fram nye historiske skodespel for festivalar o.l.

Om arbeidet med tilskott til tidsskrift viser vi til eige avsnitt seinare, det same gjeld arbeid for samisk litteratur.

1974

Ved kgl. res av 29. mars 1974 vart det sett av kr. 6 500 000 til litteraturføremål, delt slik:

1. a. Innkjøpsordninga for ny norsk skjønnlitteratur	kr. 4 400 000
b. Dekning av underskott frå 1973	» 700 000
2. Barne- og ungdomslitteratur	» 500 000
3. Nyutgjevingar av eldre norsk litteratur	» 130 000
4. Essayistikk	» 80 000
5. Verdfulle omsetjingar	» 100 000
6. Norsk litteratur i utlandet	» 100 000
7. Litterære prisar	» 20 000
8. Nynorsk litteratur	» 300 000
9. Til rådvelde	» 170 000
Til saman	kr. 6 500 000

Ut over dette vart det nytta kr. 107 619 som er tekne av oppsparte midlar frå tidlegare år.

I alt kom det i 1974 inn 145 søknader om tilskott til litteraturføremål (94 i 1973). Samla søknadssum var kr. 1 706 364. Mange søknader nemner ingen sum. I dette talet er ikkje medrekna bøkene på innkjøpsordninga eller «den lille innkjøpsordninga» for barne- og ungdomslitteratur. I 1974 har det vore ein markert auke i talet på appellar om bøker som ikkje er komne med på innkjøpsordninga.

1. Innkjøpsordninga for ny norsk skjønnlitteratur.

Til dette føremålet vart det ved Kgl. res. sett av til saman kr. 5 100 000. Av avsetjinga måtte kr. 700 000 gå til å dekkje underskotet på innkjøpsordninga frå 1973. (Resten av underskotet frå 1973, kr. 55 201, vart dekt innanfor budsjettet for det året).

På tingsmøte 15. januar 1974 mellom forleggjarforeningane, Den norske Forfatterforening og Norsk kulturråd vart det vedteke dette tillegget til avtalen om innkjøpsordninga:

«For 1974 er partene blitt enige om at utgiftene til innkjøpsordningen ikke overstiger det beløp som ved Kulturrådets budsjett blir satt av til ordningen. Den endelige avregning med forlagene foretas etter refusjonen av forfatterhonorarene og etter at innbinding, ekspedisjon m.v. er betalt. Differansen mellom utgiftene på den automatiske innkjøpsordningen og den summen som er avsatt til ordningen, må forlagene ved sluttoppgjøret refundere til Fondet. Hvert forlag refunderer en del av den samlede refusjon som prosentvis svarer til forlagets del av de samlede fakturerede beløp under den automatiske innkjøpsordningen. Før årets utgang vil partene ha nye forhandlinger om ordningen for 1975.»

Avsetjinga til innkjøpsordninga 1974 vart

sett til kr. 4 400 000, som var omlag kr. 650 000 lågare enn utgiftene i 1973.

Samstundes vart ordninga med arkpris på diktsamlingar halden oppe med uendra prisar: kr. 4,60 pr. trykkark for bøker i boktrykk og kr. 3,60 pr. trykkark for bøker i kontoroffset. Av di Rådet måtte setja eit økonomisk «tak», er desse prisane i røynda ikkje blitt effektive. Forfattarhonoraret på 22,5% royaltty til lyrikarane er halde ved lag.

Omfanget av innkjøpsordninga.

I alt vart det kjøpt inn 167 skjønnlitterære bøker til folkebiblioteka i 1974. Liste over bøkene følgjer som vedlegg nr. 5. Bøkene fordelte seg slik etter genrane (dei tilsvarende tala for åra 1965—73 står i parentes):

	1974	(1965	1966	1967	1968	1969	1970	1971	1972	1973)
Prosa	95	(76	88	74	90	75	85	84	92	94)
Lyrikk	65	(43	48	48	51	60	65	68	66	88)
Skodespel	7	(5	12	5	11	5	8	6	5	7)
Tills.	167	(124	148	127	152	140	158	158	163	189)

Det er ikkje mogleg å vite kvifor talet i 1974 ligg 22 lågare enn i 1973. Det eine året med det økonomiske «taket» kan ein ikkje dra bindande slutningar av.

Medlemer av Den norske Forleggerforening (medrekna dei forlaga som òg er medlemer av Norsk Forleggersamband) fekk kjøpt inn 161 bøker. Frå forlag som berre er tilslutta Norsk Forleggersamband kom det ingen bøker i 1974. Tre forlag som ikkje er organiserte, fekk til saman med seks bøker på ordninga. Om lag 20 bøker er avviste frå ordninga anten av di dei vart søkt innkjøpte av ikkje-organiserte forlag og fekk negative konsulentfråsegner, eller av di dei ikkje kunne godkjennast som skjønnlitteratur, eller av andre formelle grunnar. Fire bøker av forfattarar på vurderingsliste vart påmelde. Ei av desse er innkjøpt, etter vurdering i Bibliotektilsynets rådgjevande komite for folkebiblioteka. For dei tre andre vart det avslag. Ankenemnda har ikkje hatt saker til drøfting.

I 1974 òg er presentasjonseksemplara sende ut i fire puljar til biblioteka. Den første sendinga med 29 bøker gjekk frå A/L Biblioteksentralen 11. oktober. Andre puljen med 38 titlar gjekk 22. november, tredje med 40 titlar gjekk 9. desember. Den siste puljen går i februar 1975. Grunnen til at den siste puljen først går i 1975 er dels at forlaga leverer nokre bøker litt seint og dels at Biblioteksentralen treng tid til innbinding og klargjering.

Utgiftene ved innkjøpsordninga.

Totalutgiftene til innkjøpsordninga 1974 er:	
Kjøp av 167 000 bøker	kr. 3 159 643
Innbinding, ekspedisjon m.m.	» 936 150
Frakt	» 107 358
Honorarforskott 1974	» 937 385
Honorar for sal i 1973	
(utbetalt i 1974)	» 218 561
Til saman	kr. 5 359 097

Då Rådet gjorde avtalen om det økonomiske «taket» med forleggjarane, var det klårt at kr. 4 400 000 ikkje ville vere nok til å dekkje alle utgiftene til innkjøpsordninga i 1974. Men ingen av partane hadde venta at overskridinga skulle bli så stor som kr. 959 097. Talet på bøker er gått ned, men samstundes har forleggjarane slutta ein ny bransjeavtale med bokhandlarane som legg større utgifter på forlaga, utgiftene til papir, kartong, lim osv. har auka uvanleg mykje i 1974, og lønene i den grafiske industrien ligg framleis over gjennomsnittet. Råvareprisane ser ikkje ut til å stanse auken i 1975, så det tingingsmøtet Rådet hadde med dei tre andre partane i desember kom ikkje fram til nokon ny avtale for 1975. Tingingane skal halde fram på nyåret.

Rådet meiner det ville vere galt om innkjøpsordninga på noko vis måtte reduserast av økonomiske grunnar. Ein reduksjon vil råka alle partane. Forlaga vil få mindre inntekter å kalkulere med, forfattarane vil få mindre honorarinntekter, bokprisane vil stige noko, og biblioteka vil få færre bøker.

I brev av 29. januar 1974 til Kyrkje- og undervisningsdepartementet søkte Rådet difor om at innkjøpsordninga måtte førast over på statsbudsjettet som ei omlagløyving. Utgiftene til ordninga har auka meir enn løyvingane til Fondet av di talet på innkjøpte bøker har auka samstundes med at prisane har gått opp. Dette har gjort at Rådet ikkje har kunne styrkje avsetjingane til andre litteraturformål, og det har hindra Rådet i å vere det initiativtakande organet det skulle vere.

Kor stor prisauken har vore på bøker i 1974 får ein inntrykk av ved å sjå på gjennomsnittsprisane for dei bøkene Fondet har kjøpt inn i 1974. Dei tilsvarende tala for åra 1970—1973 står i parentes:

Prosabøker	38,24	kr. (27,51	30,56	30,36	31,58)
Diktsam-					
lingar	27,35	» (19,11	22,84	22,25	23,35)
Skodespel	38,14	» (11,75	23,91	30,30	27,29)

Dei gjennomsnittsprisane som er gjevne her, er rekna etter prisen i bokhandel for hefta bøker. Kulturrådet kjøper som nemnt før,

diktsamlingane til ein fast pris pr. trykkark. Gjennomsnittet av denne prisen blir kr. 26,48. Når forlaga refunderer til Kulturfondet det som er gått ut over kr. 4 400 000, vil òg den reelle prisen Fondet betaler for bøkene liggja under desse gjennomsnittsprisane.

Endring i avtalen om innkjøpsordninga.

Ved tingingsmøtet 19. desember vart det òg samrøystes vedteke å endre avtalen noko når det gjeld kriminallitteratur. Tidlegare sto det i avtalen at ho ikkje galdt «bøker som må henregnes til kategoriene «western» eller pocket kriminal». Formuleringa var laga slik i 1965, av di skilnaden mellom kriminalromanar med litterære mål og kommersialiserte kriminalbøker stort sett fell saman med skiljet mellom bøker med innbinding og pocketbøker. Dette hang saman med eit punkt i bransjeavtalen mellom forlaga og bokhandlarane. Etter pocketbok-revolusjonen i slutten av 60-åra, høvde ikkje dette skiljet lenger.

Kulturrådet meiner at kriminalromanar ikkje treng den stønaden som ligg i å kome med på innkjøpsordninga, av di dei sel godt nok. Rådet gjorde difor framlegg om at alle kriminalromanar skal vurderast kvar for seg før dei eventuelt kjem med på ordninga. Det punktet som er sitert, er difor endra til berre å gjelde «western»-bøker, mens kriminalromanane er sett parallelt med dokumentarromanane:

«Også bøker som er nevnt under c. og d., kan etter søknad fra vedkommende forlag komme inn under avtalen hvis de har dikterisk preg og på dette grunnlag blir godkjent av Kulturrådets faglige utvalg for litteratur. Det samme gjelder skjønnlitteratur som har kriminalromanens eller dokumentarromanens form.»

Innkjøpsordninga og biblioteka.

Den omorganiseringa av folkebiblioteka som vart nemnd alt i årsmeldinga for 1972, har Statens bibliotektilsyn ikkje hatt høve til å gjere enno. Men når eit bibliotek ein sjeldan gong seier frå seg presentasjonseksemplara, blir desse setta sende til ein av dei søkjarane som står på liste i Bibliotektilsynet. Hovudprinsippet ved denne langsame nyfordelinga er at kvar kommune skal ha minst eitt sett presentasjonseksemplar. Dei kommunane ein i dag kjenner til som ikkje får presentasjonseksemplar, er Utsira i Rogaland, Moskenes i Nordland og Nesseby i Finnmark. Desse har meldt seg som søkjarar innanfor det siste året.

2. Stønad til barne- og ungdomslitteratur.

Til denne posten vart det i 1974 sett av kr. 500 000, delt slik:

a. Kjøp av barne- og ungdomsbøker til barneheimar m.v.	kr. 235 000
b. Honorarbonus til forfattarane	» 140 000
c. Førehandsstønad til kunstnarleg illustrerte biletbøker	» 70 000
d. Til rådvelde til andre tiltak for barnelitteratur	» 55 000
Til saman	kr. 500 000

I alt er det nytta kr. 549 718 til desse tiltaka. For første gong vart det overskriding på «den lille innkjøpsordninga» av di så mange bøker kom med. Overskridinga var på kr. 51 918. På post c. sto det att unytta kr. 2 200.

Post a. og b. gjeld «den lille innkjøpsordninga». Kulturrådet kjøper inn 500 eksemplar av kvar bok som kjem med på lista frå Statens bibliotektilsyns rådgjevande komite for skulebibliotek. Desse blir sende gjennom A/L Biblioteksentralen til om lag 365 barnevernsinstitusjonar og 24 pedagogiske høgskular. Nokre institusjonar får meir enn eitt sett. I 1974 var det 43 bøker utkomne i 1973 som kom med på ordninga, fleire enn nokon gong tidlegare. Sendinga gjekk ut i juni. Som i tidlegare år har Kulturrådet fått mange takkebrev for gavepakkene. Liste over dei bøkene som vart kjøpte inn følgjer som vedlegg nr. 6.

Kjøpet (minus rabatt), ekspedisjon og frakt kosta i alt kr. 286 918. Honorarbonusen til forfattarane var i 1974 kr. 3 500 til kvar forfatter. Det vart utbetalt kr. 140 000 til dei 40 forfattarane som fekk bøker med på ordninga. (Tre forfattarar hadde med to bøker.)

I St. meld. nr. 52 (1973—74) «Ny kulturpolitikk» heiter det i avsnitt 4.5.6 «Barn og litteratur» (side 49) m.a.:

«Det ville vere ønskjeleg å utvide innkjøpsordninga for barnebøker slik at fleire eksemplar kan kjøpast inn. Ein kan òg tenkje seg eit nordisk samarbeid med eit visst innkjøp av danske eller svenske bøker. Når barn veks opp med slike bøker, har det vist seg at det seinare er meir naturleg som vaksen å lese litteratur på grannespråka.»

Dette er noko av bakgrunnen til at Barnebokutvalet (sjå Kap. I Utval og utgreingar) tok ordninga opp til drøfting. Det var ikkje mogleg å tenkje på ei utviding slik den økonomiske stoda var, men etter tilråding frå utvalet, har Rådet vedteke at det skal sendast ut ei spesialrettleiing med bokpakkane i 1975, slik at personalet ved dei ulike institusjonane kan få hjelp til å nytte bøkene på best mogleg vis. Seinare skal Kulturrådet freiste å hente inn svar på korleis rettleiinga har verka. Sam-

stundes vil Rådet be Bibliotektilsynet utvide lista til skulebiblioteka med lesepedagogiske merknader.

Etter tilråding frå Barnebokutvalet har Rådet gjeve tilskott til seks kunstnarleg illustrerte biletbøker:

J. W. Eides Forlag til Norvald Tveit/ Reidar Johan Berle: «Silje»	kr. 12 000
Elingaard Forlag til Gulle Brun/ Ellen Auensen: «Solgull, solgull» ..	» 2 800
Forlaget Magne til Ola Jonsmoen/ Unni Lise Jonsmoen: «Pelle Lund- gris»	» 10 000
Noregs Boklag til Øyvind Dybwad/ Egil Thorin Næsheim: «Håkon hestekar»	» 10 000
Gyldendal Norsk Forlag til Nils Johan Rud/Borghild Rud: «Ole Soppenisse»	» 18 000
Gyldendal Norsk Forlag til Tor Age Bringsværd/Thore Hansen: «Det blå folket og karamell- fabrikken»	» 14 500

Det kom i alt inn tolv søknader om tilskott til kunstnarleg illustrerte barnebøker.

Av andre midlar til barnelitteratur er det gjeve desse tilskotta:

Norsk Barneblad	kr. 15 000
Barnebladet Magne	» 15 000
Barnebladet Maurtua	» 15 000
Norges Blindforbund til punkt- skriftprenting av sju bøker	» 10 500

Bortsett frå overskridinga på innkjøpsordninga for barne- og ungdomsbøker sto det att kr. 2 200 på denne avsetnaden.

I tillegg er det gitt ei løyving på kr. 10 000 til barnebladet «Kom og Se» av avsetnaden Andre tiltak.

3. Nyutgjeving av eldre norsk litteratur.

Til dette føremålet vart det sett av kr. 130 000. Klassikarkomiteen (sjå Kap. I Utval og utgreiingar) har handsama ei rad søknader om produksjonstilskott til nye utgåver av eldre norsk litteratur, som anten er gått ut av handelen eller berre finst som del av større samleverk som ikkje kan kjøpast i einskilde band.

Etter tilråding frå komiteen har Kulturrådet i 1974 gjeve desse tilskotta:

H. Aschehoug & Cos Forlag til: Johan Ellefsen: «Dr. Friis. Advokat Wagner»	kr. 8 000
Bernt Støylen: «Norske barnerim og leikar»	» 10 000
Alf Larsen: «Utvalgte dikt»	» 12 000
J. W. Eides Forlag til:	

Edvard Storm: «Døleviser»	» 4 000
Harald Meltzer: «Politinotiser» ..	» 7 000
Gyldendal Norsk Forlag til: Karen Sundt: «Arbeiderliv»	» 5 000
Noregs Boklag til: Sjur Bygd: «I hamskifte»	» 6 000
Tor Jonsson: «Tekster i samling» II	» 12 000
Rasmus Løland: «Aasmund Aar- rak»	» 5 000
Norsk Bokreidingslag til: «Gamal Norsk Homiliebok»	» 3 000
Ragnvald Vaage: «Mannsemne» ..	» 4 000
Norsk Folkeminnelag til: Andris Eivindsson Vang: «Gamla reglo aa rispo ifraa Valdres»	» 5 000
Oktober Forlag til: «Rulle forteller. Rudolf Nilsens prosa i utvalg» v/Martin Nag	» 10 000
Pax Forlag til: Jens Bjørneboe: «Drømmen og hjulet»	» 7 000
Jens Bjørneboe: «Blåmann»	» 5 000
Kåre Holt: «Demring»	» 8 000
Nils Johan Rud: «Jeg er ingen proletar»	» 7 500
Amalie Skram: «Professor Hieronymus»	» 3 500
«Noveller fra Arbeidermagasinet» v/Irene Iversen	» 11 000

Til saman kr. 133 000

Overskridinga på kr. 3 000 måtte takast av oppsparde midlar.

I alt er det i åra 1965—1974 gjeve stønad til 117 nye utgåver av eldre norsk litteratur.

4. Essayistikk.

Til dette føremålet vart det sett av kr. 80 000. Klassikarkomiteen skal òg gje tilrådingar om tilskott til utgjeving av norsk essaylitteratur, til litterære eller kulturhistoriske verdfulle biografier, memoarar eller brevsamlingar. I samsvar med tilrådingar frå komiteen har Rådet gjeve desse tilskotta:

H. Aschehoug & Cos Forlag til: André Bjerke: «Djevelens omgangs- felle og andre essays»	kr. 5 000
Stein Mehren: «Kunstens vilkår og den nye puritanismen»	» 3 500
Hallvard Rieber Mohn: «Ossietzky. En studie i sivilt mot»	» 4 000
Susanne Bull Steffensen: «Ni år. Mitt liv med Olaf Bull»	» 4 000
Gyldendal Norsk Forlag til: Tom Christophersen (red): «Norsk litteraturkritikk. Fra romantikk til realisme»	» 8 000
Alf Rolfsen: «Kunsten skifter ham»	» 15 000
Egil A. Wyller (red): «Den pla-	

tonske kjærlighetstanke gjennom tidene»	»	6 500
Det Norske Samlaget til:		
Norsk Litterær Årbok 1974	»	30 000
Tanum-Norli til:		
Egil A. Wyller: «Gjerningsord» ..	»	7 000
		<u>kr. 83 000</u>

Overskridinga måtte takast av oppsparte midlar. Dessutan er det gitt eit tilskott til H. Aschehoug & Co på kr. 3 500 til Sverre Pettersen: «Kuling fra nord» av avsetnaden til Andre føremål.

5. Tilskott til verdfulle omsetjingar.

For 1974 var det sett av kr. 100 000 til dette føremålet. Etter tilråding frå dei to utvala (Klassikarkomiteen og Omsetjingsutvalet, sjå kap. I Utval og utgreiingar) har Rådet løyvt kr. 108 500 til omsetjingar. Kr. 8 500 er tekne av post 9. Avsetnad til rådvelde litteratur.

Omsetjingsutvalet har gitt tilråding om tilskott til bøker som er utkomne etter 1920, og Klassikarkomiteen har handsama søknader om stønad til omsetjing av eldre utanlandsk litteratur. Frå 1975 har Rådet vedteke å endre denne ordninga slik at Omsetjingsutvalet gir tilråding om alle søknader om omsetjingsstønad. Dei nye mandata for dei to utvala følger som vedlegg nr. 7.

I 1974 har desse bøkene fått stønad:

a. Klassikarar:

Benvenuto Cellini: «Livssoga mi»		
I (Samlaget)	kr.	6 000
Leo Tolstoj: «Mørkets makt»		
(Fabritius)	»	3 000
Leo Tolstoj: «Kreutzersonaten»		
(Solum)	»	7 000
Anton Tsjekhov: «Huset med arken og andre noveller» (Solum) ..	»	3 500
Anton Tsjekhov: «Kvinneskjebner og andre fortellinger» (Cappelen) ..	»	4 500
	Til saman	<u>kr. 24 000</u>

b. Moderne forfattarar:

Bulgarske noveller (Aschehoug)	kr.	5 000
Sovjetisk novelleantologi (Tiden)	»	6 000
Richard Brautigan: «Ørretfiske i Amerika» (Gyldendal)	»	3 000
Ford Madox Ford: «Den gode Soldat» (Gyldendal)	»	4 000
Natalia Ginzburg: «Kjære Michele» (Tiden)	»	3 000
Erwing Goffman: «Vårt rollespill til daglig» (Dreyer)	»	5 000
Max v d Grün: «Alt hva du sier» (Aschehoug)	»	5 000
Leo Hubermann: «Mennesketens rikdommer» (Pax)	»	6 000

Hans H. Jahnn: «Treskipet» (Gyldendal)	»	3 000
Yasar Kemal: «Tistlene brenner» (Cappelen)	»	7 000
Siegfried Lenz: «Forbildet» (Aschehoug)	»	6 000
Doris Lessing: «Sommeren før mørket» (Gyldendal)	»	5 000
Mario V. Llosa: «Pantaleon og tjenerinnene» (Gyldendal)	»	5 000
Leonardo Sciascia: «Sammenhengen» (Gyldendal) ..	»	3 000
Zaharia Stancu: «Lek med døden» (Tiden)	»	4 500
J. R. R. Tolkien: «De to tårnene» (Tiden)	»	5 000
José M. de Vasconcelos: «Rød Ara» (Tyri)	»	5 000
Elie Wiesel: «Eden fra Kolvillag» (Aschehoug)	»	4 000
	Til saman	<u>kr. 84 500</u>
		<u>kr. 108 500</u>

I alt til 23 omsetjingar.

6. Norsk litteratur i utlandet.

I 1974 vart det sett av kr. 100 000. Etter tilråding frå Utvalet for norsk litteratur i utlandet (sjå kap. I Utval og utgreiingar) har Rådet gjeve desse tilskotta:

Den norske Forfatterforening, til sekretær i halv stilling, og til brosjyren «New Norwegian Books»	kr.	54 100
Tilleggsloyving til universitetslektorane Popperwell og Støverud til lydbandillustrert antologi norsk litteratur	»	30 000
Peter Owen, til Tarjei Vesaas: «The House in the Dark»	»	6 500
University of Northern Iowa, til tidsskriftet «Micromegas» med omsetjingar av bokmålslyrikk ..	»	1 100
Tidsskriftet «Scandinavica»	»	700
Embla litterært agentur, til reise til bokmessa i Frankfurt	»	3 000
Tibor Döri, til opphald i Noreg ..	»	1 100
Honorarutgifter	»	3 500
	Til saman	<u>kr. 100 000</u>

Utvalet har i 1974 hatt drøftingar med redaktør Erik J. Friis frå New York om å starte ein serie moderne norsk skjønnlitteratur på Twaynes Forlag. Utvalet vonar at første bandet vil koma ut i 1975.

I desember leverte utvalet ei utgreiing til Kulturrådet om korleis arbeidet for norsk litteratur bør organiserast i framtida. Utvalet rår til at det blir oppretta eit eige kontor som er knytte til Den norske Forfatterforening til å arbeide berre med desse sakene. Kontoret

skal stå til teneste for alle førespurnader frå utlandet og ta eigne initiativ andsynes utlandet. Kulturrådet har sendt innstillinga til dei interesserte instansane til fråsegn.

7. Litterære prisar.

Det vart sett av kr. 20 000 til dette føremålet i 1974.

I åra 1966—69 delte Kulturrådet ut «Den store bokprisen». To kommunar ville skattleggje prisane til to av prisvinnarane. Den norske Forfatterforening reiste sak mot kommunane for å få prisane skattefrie. Saka har gått gjennom alle rettsinstansar til det i 1974 fall dom i Høgsterett om at dei litterære prisane var skattbar inntekt. Rådet vil drøfte spørsmålet om det bør ta initiativ til å få endra Landskattelova slik at prisane blir skattefrie. På den bakgrunnen meiner Rådet at det førebels bør halde fram med å dela ut Omsetjarprisen.

I 1974 gjekk Omsetjarprisen på kr. 15 000 til Carl Fredrik Engelstad. Juryen var: Yngvar Ustvedt (Kulturrådets Omsetjingsutval), Knut Ødegård (Norsk Litteraturkritikerlag), Ase Marie Nesse, Louise Bohr Nilsen og Ivar Eskeland (alle Norsk Oversetterforenings Bastiankomite). Prisen vart delt ut ved ei tilstelling i Vidskaps-Akademiet om kvelden 12. desember.

Kr. 5 000 av avsetnaden går attende til Fondet.

8. Nynorsk litteratur.

Til dette føremålet vart det sett av kr. 300 000. I tillegg vart det brukt kr. 8 500 av avsetnaden til Andre føremål. Heile avsetnaden vart løyvd til Det Norske Samlaget. På nokre postar måtte søknaden til Samlaget skjerast ned. Rådet har gjeve desse tilskotta:

Klassiske og norrøne bokverk ..	kr. 25 000
Norsk kulturarv	» 25 000
Norsk Eventyrbibliotek	» 35 000
I manns minne	» 75 000
Kvalitetsbillegbøker	» 52 500
Barne- og ungdomsbøker	» 96 000

Til saman kr. 308 500

Luther Forlag hadde òg søkt stønad av denne avsetnaden, men Rådet måtte gi avslag av di det ikkje fanst midlar. Melding frå Det Norske Samlaget følgjer som vedlegg nr. 8.

9. Andre tilskott til litteratur.

Det vart sett av kr. 170 000 til rådvelde for andre litteraturtiltak, delt slik:

Den norske Forfatterforening, kompensasjon for oppheva lese-sirkelavgift	kr. 35 000
Den norske Forfatterforening, forfattarseminar 1974	» 40 000
Den Nationale Scene, honorarrefusjon for Knut Horvei: «Hjalarbrui»	» 5 000
Oslo Nye Teater, honorarrefusjon for Terje Mærli: «Middagsgjesten» ..	» 5 000
Nationaltheatret, honorarrefusjon for Liv Kjøltzow: «Jenteloven» ..	» 10 000
Nationaltheatret, honorarrefusjon for Bjørg Vik: «To akter for fem kvinner»	» 5 000
Gjøvik bibliotek, week-end-kurs i litteratur	» 3 000
Norsk Forfattersentrum/Vestlandsavdelinga, oppussing av lokale	» 10 000
Fellesutvalet for PR i folkebiblioteka til annotert bokliste om ny norsk skjønnlitteratur	» 22 000
J. W. Cappelens Forlag til Kjell Sandvik/Arnt Sneve: «Lofoten» ..	» 15 000
Overført til verdfulle omsetjingar ..	» 8 500
Konsulenthonorar	» 13 200
Til saman	kr. 171 700

Kr. 1 700 måtte takast av oppsparde midlar frå tidlegare år.

Av avsetnaden til andre føremål er det dessuten utbetalt kr. 5 000 som rest av honorarrefusjonen til Nationaltheatret for Bjørg Vik: «To akter for fem kvinner» og kr. 10 000 for Peder Cappelen: «Kark».

PM-et frå ekspedisjonssjef Wilhelmsen og teatersjef Hjeltnet om denne stønadsforma med honorarrefusjon for ny norsk dramatikk er ikkje kome i 1974, så Rådet har ikkje drøfta honorarrefusjonen siste året.

Forfattarseminaret vart halde i dagane 26. — 29. september på Lysebu utanfor Oslo. Temaet for seminaret var «Forfattere som kulturarbeidar». Etter ulike innleiingar vart tilhøvet mellom forfattarene og NRK og til kulturmeldingane drøfta. 47 forfattarar frå heile landet var med på seminaret.

Bibliotekarar har opplyst at boklistene med stutte omtaler av dei bøkene som er med på innkjøpsordninga, vart godt mottekne i biblioteka. Bibliotekarane nyttar dei når dei gir publikum orientering om bøkene.

Ytterlegare honorar for konsulentfråsegner er tekne av avsetnaden til Utval og utgreiingar.

MUSIKK.
Innleiing.

Av dei store tiltaka innan norsk musikkliv som er realisert i 10-årsperioden nemner vi prøveordninga med Rikskonsertane, som kom i gang i 1968 og vart finansiert dei 4 første åra med fondsmidlar. Festspillene i Nord-Norge og Jazzfestivalen i Molde kom i gang med tilskott frå fondet alt frå første året, og får no årvisse tilskott på statsbudsjettet. Ei stor prøveordning som no er i gang er tiltaka for musikklivet i Nord-Noreg, i samarbeid med fylka og Rikskonsertane.

Av store langsiktige eingongstiltak nemner vi den store kritisk-vitskaplege Grieg-utgåva i 21 band der manus no er ferdig til trykking (sjå årsmelding 1973). Den største langsiktige eingongsoppgåva Kulturrådet no arbeider med, er «Klassikarserien», utgjeving av klassisk norsk musikk på LP-plater, der det er utarbeidd ein langtidsplan for omlag 80 LP-plater.

Av utgreiingar nemner vi Norsk folke-musikk og folkedans, lagd fram i 1970, og som førte til at Rådet for norsk folkemusikk og folkedans vart oppretta med sekretariat i Trondheim, til å koordinere både forskningsarbeid som er i gang ved universiteta, og ymse tiltak i frivillige organisasjonar.

Fleire store utgreiingar er i arbeid, om tiltak for norsk musikk i utlandet, og musikkaktivitetar for barn og ungdom.

Rådet har røynsle for at dei midlane som kvart år har vore avsette til flygel eller piano i konsertlag, og til instrument i amatør-symfoniorkester, har vore verdfulle både for det profesjonelle konsertlivet og for aktiviteten i symfoniorkestra. Rådet vonar at kommunane etterkvart sjølve kan ta over denne oppgåva, med dei statlege overføringsmidlane til kulturarbeid. (St. meld. nr. 8 og nr. 52 (1973—74).

Norske komponistar har fått ei rad med tingsoppgåver, men Rådet ville gjerne gjere ein større innsats på dette området, så det kunne bli fleire arbeidsoppgåver særleg for unge komponistar.

I 1974 kom inn til saman 169 søknader med søknadssum til saman kr. 5 366 680. (I 1973: 155 søknader med søknadssum til saman kr. 4 614 863.) I 31 søknader var ikkje søknadssummen nemnt.

Ved Kgl. res. 29. mars 1974 vart sett av kr. 2 030 000 med denne fordeling:

Særleg nemnde tiltak:

Prøveordning for musikklivet i Nord-Noreg	kr. 252 000
Musikkpris 1974	» 15 000

Rikskonsertane til debutkonserter	» 30 000
Norsk Komponistforening til innspeling av verk av nolevande norske komponistar	» 290 000
Utgjeving av klassisk norsk musikk på LP-plater	» 370 000
Utgjeving av klassisk norsk musikk som notar	» 40 000
Studio for elektronisk musikk ..	» 250 000
Til saman	kr. 1 247 000

Avsetjingar:

1. Tilskott til instrument	kr. 170 000
2. Tilskott til norsk folkemusikk og folkedans	» 230 000
3. Til rådvelde til andre musikktiltak	» 383 000
Til saman	kr. 2 030 000

Merknader:

Prøveordning for musikklivet i Nord-Noreg. Nordnorsk Musikkråd la i desember 1972 fram ein plan til å styrkje musikklivet i Nord-Noreg. Planen galdt tilsetjing av 12 profesjonelle musikarar, 4 i kvart av dei tre nordnorske fylka, engasjement av ein fylkeskonsulent i kvart fylke og ein musikkinspektør for alle tre fylke, knytt til sekretariatet for Nordnorsk Musikkråd. Av kostnadene skulle Norsk kulturråd dekkje utgiftene for musikkinspektøren med 100%, og kostnadene for musikarane med 60%, medan fylka og Rikskonsertane skulle dekkje resten med 20% kvar. Fylka og Rikskonsertane skulle dekkje kostnadene for fylkeskonsulentane med 50% kvar. Føresetnaden var at fylka var viljuge til å gå med på prøveordninga og ta på seg sin del av konstnadene. Både Nordland og Troms fylke var viljuge. I samråd med Nordnorsk Musikkråd og Rikskonsertane vart prøveordninga sett i gang i Nordland fylke frå 1. august 1974 Musikkinspektøren vart engasjert frå 1. april. Ved Kgl. res. 1974 vart avsett kr. 252 000 og i tillegg kr. 29 400 av midlar avsette til Andre føremål (sjå s. 46) til kursverksemd.

Musikkprisen 1974 vart gjeven til kapellmeister Karsten Andersen. Musikkorganisasjonane gjer kvart år framlegg om prisvinnar, og Musikkutvalet gjev tilråding til Rådet etter at det har vurdert dei framlegga som er komne frå musikkorganisasjonane.

Rikskonsertane til debutkonserter. Ei 3 års prøveordning med tilskott til debutkonserter vart sett i gang i 1972. Rikskonsertane har administrert ordninga. Ord-

ninga vart teken opp til vurdering hausten 1974 på grunnlag av røynsleane frå prøveåra. Rikskonsertane vurderte tiltaket som særst positivt og vellukka og meinte ho burde halde fram som eit fast hjelpetilfak for unge, lovande musistar. Norsk kulturråd har difor bede departementet om å gi Rikskonsertane budsjettmessig høve til å ha ordninga på sitt eige budsjett frå 1976. For å gjere det mogleg for Rikskonsertane å halde fram med ordninga, gjev Norsk kulturråd tilskott i 1975 òg.

Norsk Komponistforening til å spele inn verk av nolevande norske komponistar. I 1974 har Komponistforeninga gjort desse innspelingane:

Edvard Fliflet

Bræin: De glade musikanter
Bjarne Brustad: Eventyrsuite
Finn Mortensen: Klaverkonsert
Knut Nystedt: Spenningens land
Sparre Olsen: Anne på Torp
Eivind Groven: Mot ballade
Eivind Groven: Capriccio
Eivind Groven: 6 sanger
Eivind Groven: 3 sanger
Egil Hovland: Lilja
Egil Hovland: Magnificat
Egil Hovland: 3 interludier for orgel
Egil Hovland: Variasjoner for obo og piano

I tillegg løyvde Rådet i august kr. 49 500 til Komponistforeninga til å spele inn ei LP-platte med komposisjonar av domorganist Ludvig Nielsen. Opptaket vart gjort i Nidarosdomen med komponisten ved orglet. Komponistforeninga ser på innspeling av norske verk på LP-plater som særst verdfull til å gjere norsk musikk kjend både i Noreg og utlandet. Foreininga søkte om 1 million kroner til føremålet, og har utarbeidd ei liste over ei rad verk som er prioriterte til innspeling.

Utgjeving av klassisk norsk musikk på plater. Redaksjonsutvalet for utgjeving av klassisk norsk musikk har gjort desse innspelingane i 1974:

Halfdan Kjerulf: Sanger for mannskor
Agathe

Backer-Grøndahl: Klaververk
Christian Sinding: Symfoni nr. 1 d-moll
Christian Sinding: Romanser
Christian Sinding: Klaververk — småstykker
Christian Sinding: Klaververk — variasjoner i Ess-moll

Johan Svendsen: Romanse i G-dur

Johan Svendsen: Karneval i Paris

Dei tre første LP-platene i seriene er no i sal. Dei tre neste vil kome i handelen våren 1975.

Utgjeving av klassisk norsk musikk som noter. Redaksjonsutvalet meiner at utgjeving av notane, om det er mogleg, skal følgje platene. Dosent Nils Grinde har gjort førearbeid til ei kritisk vitskapleg utgåve av Kjerulfs romansar i 2 band. Trykking av band I er no i gang, og band II skal vere ferdig til trykking i 1975. Redaksjonsutvalet har vendt seg til Norsk Musikforlag om spørsmålet å gje ut 50 av Sindings romansar som notar.

Studio for elektronisk musikk. Rådet løyvde ved Kgl. res. kr. 250 000 til å etablere eit studio for elektronisk musikk; det er førebels lagt til Kunstsentret på Høvikodden (jfr. årsmelding 1973 s. 23). Summen kom i tillegg til kr. 250 000 som vart sett av til føremålet i 1973. Norsk rikskringkasting og Norsk Komponistforening er med på denne saka med kr. 100 000 kvar. Eit interimsstyre oppnemnd av dei 4 interessentane: Norsk Komponistforening: Arne Nordheim, Norsk Rikskringkasting: Sverre Smeland, Musikkhøgskolen: Olav Anton Thommessen, og Sonja Henies og Niels Onstads stiftelser: Ole Henrik Moe, arbeider med oppbygginga av studioet på Høvikodden. Utstyret er tinga og ombygginga på Høvikodden er ferdig. Interimsstyret meiner at studioet vil være klårt til drift sumaren 1975. Rapport frå interimsstyret følger som vedlegg nr. 9.

1. Tilskott til instrument

Rådet gjev tilskott til instrument til amatør-symfoniorkester som har offentlege konsertar og til flygel eller piano på stader der eit godt instrument er turvande for at Rikskonsertane kan gje konsertar der. Rikskonsertane og NASOL er med og vurderer søknadene og gjev tilråding til Rådet om fordelinga.

I 1974 gav Rådet desse tilskotta:

Flygel, piano, cembalo.

Hasvik kulturråd, flygel	kr. 10 000
Aure skulestyre, flygel	» 7 000
Alesund Gymnas, flygel	» 9 000
Flesberg Samfunnshus, piano	» 5 000
Musikkens Venner, Grimstad, flygel	» 7 000
Musikkens Venner, Harstad, cembalo	» 7 000
Averøy kommune, flygel	» 7 000
Sunnfjord Folkehøgskule, flygel ..	» 7 000
Nordfjord Folkehøgskule, flygel ..	» 7 000
Svarholt Barne- og ungdomsskule, piano/flygel	» 5 000
Namdal Folkehøgskule, Grong, flygel	» 7 000
Nordreisa kulturnemnd, flygel ..	» 7 000

Svanvik Folkehøgskule, flygel ..	»	7 000
Olderdalen Samfunnshus, piano	»	5 000
Rauma Konsertlag, flygel	»	7 000
Akademiet i Rauland, flygel	»	7 000
Søvik/Gamlem skule, piano	»	2 000
Vennesla kulturutvalg, piano/flygel	»	5 000
Vevelstad Opplysningsråd, piano	»	3 000
Værøy kulturnemnd, piano	»	5 000
Rakkestad kulturnemnd, flygel ..	»	7 000
Kongsberg kommune, flygel	»	7 000
		<u>kr. 140 000</u>

Instrument for amatør-symfoniorkester.

Snåsa Orkesterforening, waldhorn	»	3 000
Asker Orkesterforening, obo	»	2 000
Østfold Ungdomsorkester, obo ..	»	3 000
Hareid og Ulstein fellesorkester, pauke	»	2 000
Kristiansund Symfoniorkester, fagott	»	4 000
Moss Orkesterforening, kontrabass	»	3 000
Nesodden Amatørorkester, obo ..	»	3 000
Inntrøndelag Symfoniorkester, obo	»	2 000
Kongsvinger Orkesterforening, waldhorn	»	4 000
«Triolen», Askvoll, fagott	»	4 000
		<u>Til saman kr. 170 000</u>

2. Tiltak for norsk folkemusikk og folkedans.

Rådet for folkemusikk og folkedans vart oppretta 1972 med eige sekretariat i Trondheim. (Jfr. årsmelding 1973 s. 21). Sekretariatsleiaren har leidd kurs i folkedans og vore foredragshaldar ved fleire seminar. Han har samla inn og filma folkedans i Hallingdal, har systematisert og arkivert folkedansmateriale som tidlegare har vore samla inn for løyvingar frå Norsk kulturfond. Saman med Musikkvitenskapleg institutt, Universitetet i Trondheim, har sekretariatsleiaren vore med på eit forskningsprosjekt «Musikklivet i ei bygd». Sekretariatet har utarbeidd eit studieopplegg for folkedans og laga eit utkast til opplegg for norsk folkedans i gymnaset. Ein film om folkedans til bruk i skulane er under planlegging. Melding om arbeid i Rådet for folkemusikk og folkedans følgjer som vedlegg nr. 10. I samsvar med tilråding frå Rådet for folkemusikk og folkedans gav Norsk kulturråd desse tilskotta i 1974:

Hanne Kjersti og Knut Buen, innsamling av folkemusikk i Telemark	kr.	5 000
Sverre Halbakken, nedteikning av bygdedansar i Østerdalen	»	3 000

Sverre Halbakken, tilleggsløyving til kopiar av originalmaterialet	»	1 500
Noregs Ungdomslag, spelemannskurs	»	8 500
Nemnda for opplæring i folkemusikk i Telemark, prøveordning for opplæring	»	12 000
Landslaget for Spelemenn, 3 distriktsspelemannskurs	»	10 000
Landslaget for Spelemenn, seminar: Norsk folkemusikk og folkedans si framtid i norsk kulturliv ..	»	20 000
	<u>Til saman</u>	<u>kr. 60 000</u>

3. Til rådvelde til andre musikktiltak.

Rådet sette av kr. 383 000 i 1974. Musikkutvalet har vurdert søknadene og gjeve tilråding til Rådet. Rådet har gjeve desse tilskotta i 1974:

Tingingsverk, komponisthonorar, framføring av tingingsverk:

Filharmonisk Selskaps Orkester, tingingsverk ved Egil Hovland ..	kr.	20 000
Ny Musikk, tingingsverk, klaverkonserter med ny musikk og tilskott til framføring av tingingsverk	»	23 500
Akademiet i Rauland, komposisjonsbonorar til Geirr Tveitt	»	10 000
Kirkejubileumskomiteen, Stavan-ger, til tingingsverk ved Kjell Mørk Karlsen	»	20 000
Trykkingstilskott til notar:		
Trykkingstilskott, Edition Lyche	»	7 740
Trykkingstilskott, Musikkhuset ..	»	12 430
Trykkingstilskott, Norsk Musikforlag	»	10 680
Norsk Musikforlag, trykkingstilskott til Egil Hovland: Missa Verbi	»	2 260
Norsk Musikforlag, trykkingstilskott til Ragnar Söderlind: Trauermusik	»	480
Norsk Musikforlag, trykkings-tilskott til Ragnar Söderlind: Rokkomorre	»	890
Edition Wilhelm Hansen, tryk-kingstilskott til Antonio Bibalo: Stringquartet	»	2 603
(Kr. 1 697 vart gitt som tilsegn for 1975 — løyvd til saman kr. 4 300)		

Seminar, utgreiingsarbeid:

Organist Kåre Hanken, Alesund, korseminar	»	5 000
(Av løyvinga vart brukt kr. 2 330. Resten, kr 2 670, vart løyvd til Kirke-musikkuka, Alesund)		
Norsk Musikk-skoleråd, utgreiingsarbeid	»	8 000

Norsk kulturfond — Arsmelding 1974.

Bjarne Fiskum, seminar	»	7 000
Bergens Musikkonservatorium, seminar	»	4 000
Norsk Musikerforbund, til seminar «Ungdomssymfonikerne» ..	»	30 000
Ole Bøhn, seminar med professor Max Rostal	»	6 200
Einar Steen-Nøkleberg, mesterkurs med professor Karl Engel ..	»	1 500

Samarbeidskonserter, gjestekonsertar, operaoppsetting i distrikta:

Operauken i Kristiansund, garanti for oppsettinga av La Traviata (Rådet løyvde kr. 25 000)	»	21 287
Kristiansand Operakor, til framføring av Cavalleria Rusticana i samarbeid med Kristiansand Byorkester	»	7 000
Sonja Henies og Niels Onstads Kunstsenter, til konsert med Steve Reich	»	5 000
Musikelskabet «Harmonien», Bergen, 3 konsertar i Oslo	»	25 000
Molde Jazzfestival,, deltaking av 30 musikere frå Nordnorsk Jazzforum ved jazzfestivalen 1974 ..	»	20 000
Narvik Byorkester, samarbeidskonserter med Tromsø Byorkester ..	»	3 600
Operauken i Kristiansund, tilskott til oppsetting av Tiggerstudenten, februar 1975	»	10 000

Andre tiltak:

Festspillene i Nord-Norge, ekstraordinære tiltak	»	30 000
Nordnorsk Viseforum, viseverkstad under Festspillene	»	5 000
Internasjonal kirkemusikkuke, Kristiansand	»	8 000
Kirkemusikkuka, Ålesund 1974 ..	»	2 330
(+ kr. 2 670 — til saman kr. 5 000, sjå ovanfor)		
Harald Herresthal, komite for «Hovland-festival»	»	5 000
Norsk Komponistforening, til Ludvig Nielsen-plate (sjå s. 23)	»	49 500
Symfoniorketret i Sogn, eingongstilskott til etablering	»	15 000
Sogn og Fjordane Storband, eingongstilskott til etablering	»	4 000

Til saman kr. 383 000

I tillegg ga Rådet desse tilsegnene av midlar som blir avsette i 1975:

Valdres Bygdeboknemnd, tilleggs-løyving til utgjeving av Tonar frå Valdres	kr. 15 000
Norsk Musikkskoleråd, utgreiingsarbeid	» 30 000

Bergens Organistforening, seminar for kirkemusikarar	»	6 000
Tromsø Musikk lærerforening, seminar	»	3 000
Kvindelige Studenters Sangforening, tingsingsverk med tilføre av 80-års jubileum	»	5 000
Norges Sangerlag, kjøp og framføring av songspel	»	6 000
Festspillene i Bergen, seminar	»	16 000
Edition Wilhelm Hansen, trykkingstilskott (sjå ovanfor)	»	1 697

Til saman kr. 82 697

Norsk kulturråd har halde fram med arbeidet med å førebu nye tiltak for norsk musikk i utlandet. (Jfr. årsmelding 1972 s. 22.) Utanriksdepartementet, Norsk Rikskringkasting og Norsk Komponistforening har utarbeidd oversyn over dei tiltak som no er i gang. Musikkutvalet i samarbeid med administrasjonen vil arbeide vidare med utgreiinga om saka. I samband med denne utgreiinga har Komponistforeninga søkt om kr. 82 295 til ei analyse av distribusjonsforma for norsk musikk og analyse av inntekts- og arbeidsvilkåra for norske komponistar. Komponistforeninga vil sette i gang dette arbeidet i 1975.

BILETKUNST OG BRUKSKUNST.**Innleiing.**

I proposisjonen om oppretting av Norsk kulturfond er som tiltak for biletkunst berre nemnt større innkjøp av kunst til galleri og samlingar, slik at galleria kunne føre ein meir aktiv innkjøpspolitikk og sikre seg verdfulle samlingar. Bakgrunnen var at i åra før var eit par verdfulle private samlingar selde til utlandet. Det fanst ikkje pengemidlar, slik at ein kunne gjere norsk forkjopsrett gjeldande. I St. prp. 130, om vedtekter og retningslinjer, heiter det at Rådet skal leggje vekt på «tiltak til å fremje norsk biletkunst, kjøp av biletkunst til offentlege kunstsamlingar og til offentleg utsmykking».

Alt første året sette Rådet av midlar til eit nytt tiltak for biletkunstnarar, eit «materiefond», der biletkunstnarar kunne få lån til materiale. (Ein slik plan var opphavleg lagd fram av Norsk Billedhoggerforening.) Rådet sette òg i gang ei landsomfattande utgreiing om kunstverk i lokale kunstforeningar, så det kunne bli grunnlag for å utarbeide planar om teknisk konservering og registrering.

Elles måtte Kulturfondet frå 1966 ta over frå statsbudsjettet løyvingar til kunstnarleg utsmykking av offentlege bygg. (Løyvinga på statsbudsjettet 1965 til dette var kr. 600 000. Rådet sette i 1966 av kr. 750 000.) Men Rådet

minste alt i den første årsmeldinga om framlegga frå Bildende Kunstneres Styre og frå Norske Arkitekters Landsforbund om at ved nye statsbygg burde utgifter til kunstnarleg utsmykking takast med som ein naturleg del av sjølve byggekostnadene, og har sidan teke opp att dette kvart år. (Sjå nedanfor.)

Etter kvart har kunstnarleg utsmykking av offentlege bygg vorte den største oppgåva innan tiltaka for biletkunst. (I 1966 kr. 750 000, i 1974 kr. 1 870 000.)

Av større oppgåver som Rådet har teke opp i 10-årsperioden minner vi om den årlege avsetnaden av midlar til å kjøpe norsk samtidskunst til seinare plassering i offentlege institusjonar. Denne ordninga kom i gang i 1968, og dei kunstverk som er kjøpte, er til no plasserte i samfunnshus rundt i landet. Rådet har prøvt ulike måtar til å setje saman innkjøpskomitéane. Hovudprinsippa har vore at avgjerd i innkjøpskomitéane er endelege og ikkje skal prøvast i Rådet, og at komitéane berre skal sitje i to år om gangen. Det heiter i retningslinene at kjøp bør kunne stimulere mot og interesse hjå kunstnaren til å lage kunstverk utan omsyn til mogleg sal. Kulturrådet er ikkje overtydnt om at ein har greidd å finne fram til den beste forma for slike tiltak, og vil i 1975 arbeide vidare med å finne andre alternativ.

Ei anna oppgåve Kulturrådet har teke opp er stønad til debuterande kunstnarar (frå 1968). Styret for Materialfondet, som får nær kontakt med unge kunstnarar, gjev òg tilrådingar om slik stønad.

Blant eingongsoppgåver som Kulturrådet har teke på seg i 10-årsperioden, kan nemnast konkurransen om kunst i leikemiljø (1969). Konkurransen var open for norske biletkunstnarar, brukskunstnarar og arkitektar. Formålet var å få fram nye og utradisjonelle former for leike-, klatre- og aktivitetsprega konstruksjonar (sjå årsmelding 1969 og 1970).

I 1969 gjorde Kulturrådet avtale med Oslo kommunes kunstsamlingar om garanti mot skader der Munch-museet deponerte Munchgrafikk i lokale galleri. Den første prøveperioden var 1969—71, den andre var 1972—74, og Rådet vil halde fram med denne ordninga, som gjer det mogleg for galleri rundt i landet å vise Munch-grafikk frå Munch-museet i Oslo.

Frå 1971 har Kulturrådet òg som prøveordningar gitt tilskott til kunstnarorganisasjonar til nye forsøk. Det første var Norske Grafikere som fekk tilskott i 1971 og 1972 til prøveverksemd med artotek i norske bibliotek. Forsøka var vellukka, og kunstnarorganisasjonane har no gjort framlegg om ei stor utviding. Rådet

vil drøfte planane vidare med organisasjonane og Bibliotektilsynet.

I dei siste tre åra, 1972—74, har Rådet gitt tilskott til fleire forsøksverksemdar som kunstnarorganisasjonane har sett i gang: Norske Grafikere: til Grafikernes Utstillings Service; Norsk Billedhoggerforening: til forsøksverksemd med Skulpturkontor. Rådet vil vurdere desse forsøka i 1975 og freiste å finne svar på om slike tiltak kan hjelpe kunstnarane til auka inntekter.

Elles har Rådet i årsmeldingane for kvart år gitt detaljerte oversyn over tilskott til kjøp til galleri og biletsamlingar rundt i landet, tilskott til utstillingar, seminar o.a.

I 1974 kom inn i alt 152 søknader (i 1973: 158 søknader) med ein samla søknadssum på 3,6 millionar kroner. 50 av desse søknadene nemner ikkje søknadssum. Søknader om større tilskott til reparasjonar, ombygging av kunstgalleri eller nybygg er rekna med under kap. Kulturbygg. Søknader om lån frå Materialfondet er heller ikkje tekne med i desse tala.

Ved Kgl. res. 29. mars 1974 vart gitt desse tilskotta og gjort vedtak om slike avsetjingar:

A. Særleg nemnde tiltak:

Rolf Stenersen-samlinga i Bergen. Sluttløyving til kjøp av kunstsamling	kr. 500 000
Norske Grafikere. Forsøksverksemd med «Grafikernes Utstillings Service»	» 65 000
Norsk Billedhoggerforening. Forsøksverksemd med «Skulpturkontor»	» 95 000
Nasjonalgalleriet. Kjøp av eit målarstykke av André Derain ..	» 80 000
Tromsø Kunstforening. Jubileumsutstillinga «Nord-Norge i norsk bildende kunst»	» 75 000
Fredrikstad Kunstforening. Internasjonal Grafikk Biennale 1974	» 25 000

B. Avsetjingar.

Kunstnarleg utsmykking av offentlege bygg	» 1 870 000
Kjøp av norsk samtidskunst ..	» 270 000
Stønad til debuterande kunstnarar	» 120 000

C. Til rådvelde for utstillingar og andre eingongstiltak for biletkunst og brukskunst

»	630 000
Til saman	kr. 3 730 000

Merknader:

Rolf Stenersen-samlinga i Bergen. I 1971 vedtok Rådet å gi tilsegn om i alt 1,5 millioner kroner til å kjøpe ei samling norsk og internasjonal kunst. Samlinga, som tilhørte Rolf Stenersen, hadde om lag 200 kunstverk, og er verdsett til mellom 20 og 30 mill. kr. Kjøpesummen var 3 mill. kr., og 1,5 mill. kr. er innsamla lokalt. Rådet løyvde kr. 500 000 i 1972 og kr. 500 000 i 1973 til føremålet, og slutt-løyvinga på kr. 500 000 vart gitt i 1974.

Norske Grafikere. I åra 1972—74 har Rådet løyvt til saman kr. 315 000 til å finansiere ei prøveordning med «Grafikernes Utstillings Service». Formålet med «Grafikernes Utstillings Service» er å drive opplysningsverksemd om norske grafikarar og fremje omsetjing av grafikk. Rådet har sett dette tiltaket som eit første steg til å få i stand ei permanent ordning som økonomisk kan bli sjølvfinansierande gjennom auka provisjonsinntekter.

Norsk Billedhoggerforening har på same måten som Norske Grafikere fått løyvingar på til saman 295 000 i åra 1972—74 til å finansiere forsøksverksemd med eit «Skulpturkontor». Skulpturkontoret skal drive opplysningsverksemd om norske bilethoggarar og fremje sal av skulptur.

Nasjonalgalleriet. Løyvinga er brukt til å kjøpe målarstykket «Portrett av sittende kvinne» av André Derain. Rådet meinte det var ei særskild viktig oppgåve for Nasjonalgalleriet å sikre seg dette kunstverket av ein kunstnar som på mange måtar har vore ein læremeister for norske biletkunstnarar, og såleis har hatt mykje å seie for norsk kunstutvikling.

Tromsø Kunstforening. Rådet gav i 1973 tilsegn om kr. 75 000 for 1974 til å finansiere utstillinga «Nord-Norge i norsk bildende kunst» i samband med at Tromsø Kunstforening i 1974 høgtidar sitt 50-års jubile. Utanom Tromsø skal utstillinga gå til 15 stader i Nordland, Troms og Finnmark. Tromsø Kunstforening samarbeider med Riksgalleriet, både når det gjeld planlegging og gjennomføring av utstillinga.

Fredrikstad Kunstforening. Rådet gav i 1973 tilsegn om kr. 25 000 for 1974 til å arrangere den 2. Internasjonale Grafikk Biennalen i Fredrikstad hausten 1974. Rådet løyvde same sum til den første biennalen i 1972. Utanom Rådet gav Utanriksdepartementet, Østfold fylke og Fredrikstad kommune økonomisk stønad til å finansiere biennalen 1974. Heile 274 kunstnarar frå 59 land deltok med i alt 525 arbeid.

1. Kunstnarleg utsmykking av offentlege bygg og anlegg.

Avsetjinga til kunstnarleg utsmykking frå Kulturfondet skal nyttast til utsmykkingsoppgåver ved statlege, fylkeskommunale, kommunale og andre offentlege bygg og anlegg. Innan den noverande budsjettramman er det uråd å løyse alle desse oppgåvene på ein rimeleg måte. Etter beste skjønn har Rådet prøvt å dele tilskotta til kunstnarleg utsmykking på ein slik måte at alle landsdelar skulle bli tilgodesedde.

Norsk kulturråd har bede Kyrkje- og undervisningsdepartementet om at kunstnarleg utsmykking av nye statsbygg blir teken ut av arbeidsområdet til Kulturfondet. Rådet har gjort framlegg om at det blir etablert ei ordning slik at kostnadene til kunstnarleg utsmykking av nye statsbygg blir kalkulererte inn i byggjekostnadene. Dersom ein fekk til ei slik finansieringsordning for kunstnarleg utsmykking av nye statlege bygg, kunne midlar frå Kulturfondet til utsmykkingsoppgåver i større mon enn no kome bygningar i distrikta til gode. Rådet vil på nytt peike på dei mange uløyste oppgåvene som ligg føre når det gjeld utsmykking av barne- og ungdomsskular, gymnas, sjukehus, kyrkjer, aldersheimar, rådhus, samfunnshus o.l. lokale offentlege bygg som i dag ikkje har original biletkunst. Ein sterkare innsats for desse bygningane er avhengig av at departementet finn ein annan finansieringsmåte for kunstnarleg utsmykking av nye statsbygg. Rådet kjenner til at dette spørsmålet vil bli drøfta i den kunstnarmeldinga som departementet vil leggje fram i 1975.

Desse tilskotta er gjevne i 1974:

Skular.

Sogndal ungdomsskule. Omframløyving til veggdekorasjon av Halvdan Ljøsne	kr.	5 000
Kaupanger skule i Sogndal. Målarstykket og grafikk av Oddvar Torsheim	»	20 000
Møre og Romsdal Husflidsskule. Målarstykket av Gunnar Haukebø	»	6 000
Voss Husflidsskule. Applikert sceneteppes av Eli Marie Johnsen, relieff av Steinar Christensen, skulptur av Nils Aas og kjøp av grafikk laga av kunstnarar frå Vestlandet		50 000
Tønsberg gymnas. Avsetjing til utsmykking. Kunstnarleg konsulent oppnemnd	»	100 000

Søndre Land ungdomsskule. Kjøp av målarstykke og grafikk i samråd med kunstnarleg konsulent » 20 000

Rogaland Studiesenter. Etablering av kunstnarverkstad. I samband med utbygginga av Rogaland Studiesenter på Ullandhaug i Stavanger har Rådet gitt tilsegn om kr. 200 000 pr. år i fem år til å finansiere utsmykkingsoppgåver » 200 000

Moss handelsskole. Kunstnarleg utsmykking av veggfelt. Som utførande kunstnar er gjort framlegg om Ole Sjølie » 40 000

Øksnevad jordbruksskule i Klepp. Skulptur av Svein Magnus Håvardstein » 21 000

Namdal gymnas. Kjøp av målarstykke av Johs. Rian » 5 000

Kalnes jordbruksskule i Østfold. Skulptur av Fritz Røed » 45 000

Tjongsfjord skuleinternat. Kjøp av grafikk » 5 000

Sjukehus.

Rana Sykehus. Kjøp av skulptur, målarstykke og grafikk i samråd med kunstnarleg konsulent » 30 000

Innherad Sykehus i Levanger. Skulpturar av Tone Thiis Schjetne og Ada Madssen, veggdekorasjon av Arne Lindaas, 2 trerelieff av Dagfin Werenskiold. kjøp av målarstykke og grafikk i samråd med kunstnarleg konsulent » 120 000

Sentralsykehuset for Nordland i Bodø. Kjøp av skulptur, målarstykke og grafikk i samråd med kunstnarleg konsulent » 100 000

Fylkessjukehuset i Lærdal. Kjøp av biletkunst i samråd med kunstnarleg konsulent » 75 000

Haram sjukeheim. Kjøp av målarstykke og grafikk i samråd med kunstnarleg konsulent » 20 000

Fylkessjukehuset i Alesund. Omframløyving til utsmykkingsplan som tidlegare har fått tilskott frå Kulturfondet på til saman kr. 230 000 » 16 500

Andre lokale offentlege bygg og anlegg.
Øystre Slidre kommune. Kjøp av 2 skulpturar av Dyre Vaa til plassering i parkanlegg i nær-

leiken av ungdomsskule og samfunnshus » 25 000

Sandnes rådhus. Relieff av Tone Thiis Schjetne » 20 000

Fylkesbåtane for Møre og Romsdal. Kjøp av biletkunst laga av kunstnarar frå fylket » 30 000

Breidablikk forsamlingshus, Larsnes. Kjøp av målarstykke og grafikk » 5 000

Statlege bygg og anlegg.

Universitetet i Bergen. Finansiering av utkast laga av gruppa ved kunstnarverkstaden » 200 000

Alta Spesialskele. Finansiering av utkast laga av Fritz Røed i samråd med byggets arkitekt .. » 125 000

Postverket og Rettsvesenet i Tromsø. Veggdekorasjon av Ulf Dreyer » 30 000

Statens Lærerskole i forming i Oslo. Kjøp av «tekstilsulptur» av Peter Collingwood » 3 000

Tinghuset i Sandvika. Sluttløyving til bilettev av Karin Sundby. Rådet sette av kr. 25 000 til dette formål i 1973 » 15 000

Notodden lærerskole og Statens lærerskole i forming. Kunstnarleg utsmykking i samråd med konsulentar » 300 000

Trondheim og Uttrøndelag politikammer. Kunstnarleg utsmykking i samråd med konsulent .. » 200 000

Til førebuande arbeid og konsulenthonorar » 38 500

Til saman kr. 1 870 000

Tilskott til kunstnarleg utsmykking i 1974 fordeler seg med omlag kr. 985 000 til kommunale og fylkeskommunale bygg og kr. 885 000 til statlege bygg.

2. Kjøp av norsk samtidskunst.

Utvalet for norsk samtidskunst har til oppgave gjennom kjøp å sikre for det offentlege kunstverk innanfor områda målarstykke, skulptur, grafikk og teikningar, som utvalet meiner har særskilt kunstnarleg verdi. I retningslinene heiter det vidare at kjøp bør kunne stimulere mot og interesse hjå kunstnarar til å lage kunstverk utan omsyn til mogleg sal. Kjøpa har ikkje som mål å skape ei kunstsamling med indre samanhang eller annan representativ natur.

Utvalet for kjøp av norsk samtidskunst har i 1974 kjøpt i alt 154 kunstverk. Av disse er 54 målarstykke, akvarellar og materialbilete, 13 skulpturar, 5 biletevevnader og andre arbeid i tekstil, og 82 grafiske blad og teikningar (sjå vedlegg nr. 11). Utvalet har vitja utstillingar i Tromsø, Bodø, Trondheim, Bergen, Haugesund, Stavanger, Kristiansand, Skien, Drammen, Moss, Oslo og Bærum. I alt har utvalet vitja 119 utstillingar i Oslo og 18 utanfor hovudstaden.

Når utvalet vitjar utstillingar utanfor Oslo, kjøper utvalet kunstverk som er laga av kunstnarar frå distriktet.

Storparten av dei kunstverka som er kjøpte i åra 1968—1971 (i alt 413) er gitt som gåver til samfunnshus i Finnmark, Troms, Nordland, Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland, Aust- og Vest-Agder, Telemark, Vestfold og Buskerud. Kunstverk som er kjøpte i 1972 og 1973 vil bli fordelte i 1975.

Oslo Kunstforening har mot ei årleg godtgjerdsle teke på seg arbeidet med mellombeis lagring og administrasjon av kjøpte kunstverk. Til avgjerd om plassering er teken, kan kunstverka disponerast av institusjonar som arbeider med kunstsamlingar, og Selskapet Kunst på Arbeidsplassen har i dei siste åra fått låne kunstverk til å supplere sine egne vandrestillingar.

3. Stønad til debuterande kunstnarar.

Kunstnarar som berre særst lite har vore med på kollektive utstillingar og som skal ha si første separatutstilling, kan søkje om tilskott til materialutgifter. Styret for Materialfondet handsamar alle søknader og gir tilråding om tilskott bør bli gitt og kor stort tilskottet bør være. (Sjå retningslinene i årsmeldinga for 1969, vedlegg nr. 16.)

I 1974 har desse kunstnarane fått tilskott i samband med debututstilling:

Ole Karlsen. Stavanger Kunstforening	kr.	3 000
Nanti Bryn. Oslo Kunstforening	»	3 000
Svein Evenrud. Unge Kunstneres Samfund	»	3 000
Björg Mathisen. Unge Kunstneres Samfund	»	2 000
Egil A. Egebakken. Unge Kunstneres Samfund	»	3 000
Marit Sjøgren Johansen. Permanten	»	3 000
Magnar Moen. Unge Kunstneres Samfund	»	1 500
Arnold Rottem. Oslo Kunstforening	»	3 500

Jan Erik Myhre. Moss Kunstgalleri	»	1 500
Terje Torp Pettersen. Kunstnerforbundet	»	3 500
Margot Høverstad. Gruppe 9 — Brevik	»	3 000
Jan P. Remme. Unge Kunstneres Samfund	»	3 500
Helge Røed. Galleri F 15 — Moss	»	4 500
Egil Røed. Bergens Kunstforening	»	3 500
Otto Øye. Bergens Kunstforening	»	3 500
Øystein Selmer. Oslo Kunstforening	»	4 500
Thor Teiner. Kunstnerforbundet	»	3 000
Rolf Dahle. Unge Kunstneres Samfund	»	2 600
Magne Sandøy. Galleri Strømmen — Trondheim	»	3 000
Kjeld Stub. Unge Kunstneres Samfund	»	960
Rune Brynstad. Oslo Kunstforening	»	4 500
Oddvar Løkse. Galleri 27 — Oslo	»	4 480
Marit Lie. Kragerø Kunstforening	»	4 000
Aase Boardman. Unge Kunstneres Samfund	»	1 875
Magne Rudjord. Unge Kunstneres Samfund	»	3 700
Bergljot Bjaaland. Unge Kunstneres Samfund	»	4 000
Tove Mosebakk Pedersen. Unge Kunstneres Samfund	»	4 500
Thor Erdahl. Kunstforeningene i Alta, Vadsø, Hammerfest og Kirkenes	»	4 500
Manuela Scott Varvin. Unge Kunstneres Samfund	»	2 500
Louise Dahm Hedemark. Permanten	»	4 000
Unn Magnussen. Galleri Tanum	»	3 000

Til saman kr. 100 115

Avsetjinga til debuterande kunstnarar var i 1974 kr. 120 000. Kr. 19 885, som ikkje vart nytta, er gått attende til Fondet.

Talet på kunstnarar som søkte om debutantstønad var i 1974 noko lågare enn dei siste 2 åra. Samstundes synte det seg at fleire kunstnarar ikkje har kjent til ordninga i tide og difor har søkt om stønad til den andre separatutstillinga si. Rådet har streka under at det ville gå ut over prestisjen i de lokale kunstmiljøa dersom det gav stønad til ein «debut nr. 2» i Oslo. Det er no sendt nytt rundskriv om debutantstønaden til kunstnarorganisasjonane og til dei utstillingsinstitusjonane som Rådet har kontakt med.

4. Tilskott til utstillingar og andre eingongstiltak.

Desse tilskotta er gjevne:

Utstillingar.

Norsk Brukskunst. Vandreutstilling av biletevev	kr. 20 000
Rians Venner i Namsos. Utstilling av Johs. Rian-arbeider	» 5 000
Atelier Lofoten. Utstilling av Munch-grafikk	» 5 000
Henie-Onstad stiftelser. Utstillinga «Hva er impresjonisme»	» 50 000
Kunst på Arbeidsplassen. Kjøp av teikningar til utstillingar	» 45 000
Galleri F 15. Utstilling av verk av Reidar Aulie	» 18 000
Hardangerutstillinga 1974. Kunst- og brukskunstutstilling	» 10 000
Kunstneres Hus. Informasjonsutstillinga «Statens Kunstakademi»	» 7 500
Sør-Varanger Kunstforening. Utstilling av Arne Jon Jutrem-arbeid	» 2 000
Ørsta Kunstlag. Utstilling av Dorothea Follestad-arbeid	» 4 000
Bildende Sørlandskunstnere. Kunst- og brukskunstutstilling i Kristiansand	» 10 000
Tegnerforbundets Vårutstilling ..	» 2 200

Utstyr.

Norske Grafikere. Utstyr til grafikkverkstad	» 50 000
Kunstskolen i Trondheim. Utstyr til grafikkavdelinga	» 8 000
Tekstilgruppa i Unge Kunstneres Samfund. Utstyr til verkstad for stofftrykk og biletevev	» 25 000
Frysja kunst- og brukskunstsentert. Koppartrykkpresse og diverse utstyr til grafikkverkstad	» 25 000
Ekely-kunstnarane. Koppartrykkpresse og diverse utstyr	» 25 000
Bildende Kunstneres Forening i Bergen. Utstyr til vandreutstillingar til skular i Hordaland	» 20 000
Studieatelieret i Bergen og Gruppe Vest. Utstyr til grafikkverkstad ..	» 45 000

Illustrasjon av kunstbøker.

H. Aschehoug & Co. Illustrasjonar av Knut Steen til boka «Kjærlighet» av Harald Sverdrup	» 7 500
H. Aschehoug & Co. Illustrasjonar av Ludvig Eikaas til boka «Brev fra Kjørkelvik»	» 7 000
Dreyers Forlag. Illustrasjonar av Anne-Lise Knoff til Draumkvedet	» 20 000

Noregs Boklag. Illustrasjonar til boka «Grafikk-lyrikk»	» 10 000
---	----------

Monument.

Jørgen Løvland-komiteen. Utkast til monument laga av Ingemund Berulvson	» 5 000
Kvinesdal kommune. Monument av «Tjodolf frå Kvine» laga av Ståle Kyllingstad	» 30 000
Komiteen til reising av minnesmerke over Thomas von Westen i Mo i Rana. Byste laga av Kolbjørn Juel Sørli	» 10 000
Ringerike Kunstforening. Byste av Elling M. Solheim laga av Ståle Kyllingstad	» 2 500
Arbeidsutvalet for reising av monument over Lars Moen. Monument laga av Nils Aas	» 25 000
Nemnda for reising av statue av Alfred Maurstad. Monument laga av Arnold Haukeland	» 50 000
Norsk Folkemuseum. Byste av Reidar Kjellberg laga av Anne Raknes	» 8 000
Komiteen for reising av minnesmerke over dølenes innvandring i Bardu. Monument laga av Maja Refsum. Omframlyving	» 10 000
Rauland Bygdela. Statuett av A. O. Vinje laga av Knut Skinnarland	» 3 000
Stor-Elvdal kommune. Monument av Anne Evenstad laga av Stinius Fredriksen	» 10 000

Andre tiltak.

Risør Malerklubb. Bronsestøyping av 2 gipsfigurar laga av Alfred Seland	» 6 000
Oslo Kunstforening. Godtgjersle for administrasjon og lagring av norsk samtidskunst kjøpt av Rådet	» 25 000
Norske Grafikere. Omframlyving til Norske Grafikeres Utstillings Service	» 20 000
Sør-Varanger Kunstforening. Restaurering av John A. Savio-arbeid	» 4 290

Til saman kr. 629 990

5. Materialfond for biletkunstnarar.

Styret for Materialfondet har i 1974 handsama 31 lånesøknader. Etter tilråding frå styret har Rådet gitt 29 søkjarar lånetilsegner på til saman kr. 266 360. Til å støype skulpturar har 17 bilethoggarar fått lånetilsegner på kr. 179 320, 1 kunstnar har fått tilsegn om kr.

12 500 til kinetiske arbeid og 1 har fått tilsegn om kr. 15 000 til eit glassmålarstykke, medan resten er lån til målarar, grafikarar og tekstilkunstnarar.

Økonomisk oversyn over Materialfondet 1965—1974:

Av- setjingar kr.	Låne- tilsegner kr.	Utbeta- lingar kr.	Betalt attende kr.
1 800 000	2 337 381	1 895 063	549 478

Nokre av lånetilsegnene vil ikkje bli nytta av di kunstverka som det er søkt om lån til, ikkje er utførde. Andre tilsegner vil ikkje bli nytta fullt ut av di arbeida er blitt rimelegare enn søkjaren har trudd. Å døme etter svara på rundskriv sendt kunstnarane, står det ved utgangen av 1974 att lånetilsegner på i alt kr. 272 950 som Rådet reknar med vil bli nytta.

Til avsetjinga til Materialfondet er lagt 5% som kunstnarane svarer når dei betaler låna attende, i alt kr. 22 953, medan fondet tek på seg utgifter til administrasjon og eit lån som er ettergjeve — til saman kr. 41 305. Av avsetjinga til Materialfondet står det ved utgangen av 1974 att kr. 163 115 som ikkje er disponert. Styret for Materialfondet har difor bede om ei ny avsetjing på kr. 200 000 i 1975.

Rådet har vedteke nye retningslinjer for Materialfondet, sjå vedlegg nr. 12.

Utlån av Munch-grafikk.

Som ei prøveordning vedtok Rådet i 1969 å stille garanti mot skader ved deponering av opptil 200 blad Munch-grafikk frå Oslo kommunes kunstsamlinger i lokale brannsikre kulturbbygg i Noreg. Avtalen har vore oppattnya to gongar og gjeld no fram til 31. desember 1976.

Dei første 23 grafiske blad frå Munch-museet vart lånte ut i 1970 til Trondhjems Kunstforening. I 1974 er 200 arbeid lånte ut og delt slik:

8	arbeider til	Alta Bibliotek
24	—»—	Rana Museum
46	—»—	Stavanger Faste Galleri
32	—»—	Ibsenhuset i Skien
35	—»—	Tromsø Museum
23	—»—	Trondhjems Kunstforening
32	—»—	Glomdalsmuseet.

Låneordninga har verka fullnøyande i alle år, og det er ikkje kome inn meldingar om skade av noko slag på dei Munch-arbeida som er lånte ut.

KULTURVERN

Innleiing.

Den første store kulturvernsaka Kulturrådet tok opp var å få i stand eit oversyn over kva som fanst av fornminne som det var viktig å tryggje. Eit utval, Fornminneutvalet, vart oppnemnt i 1965 med professor Anders Hagen som formann, til å gje ei tilråding om dette. Utvalet la fram innstilling i 1966, med ei registrering av i alt 232 fornminne rundt i landet som burde sikrast. Dette er ei langsiktig oppgåve, der det kan bli tale om kjøp, freding eller anna form for trygging. I 10 årsperioden er i alt kr. 1 980 000 brukt til denne saka, og i alt 38 fornminne er sikra. Det er dei 4 universiteta og Arkeologisk avdeling ved Stavanger Museum som tek på seg tilsyn o.a.

Under kapitlet Kulturbbygg er det gjort greie for nybygg og større ombyggingar ved musea i 10-årsperioden. Elles er ei av dei største oppgåvene som er i gang registreringen av faste kulturminne, dvs. hus, bygningar, gamle arbeidsstader som møller, smier o.a. Det var Foreningen til norske Fortidsminnesmerkers Bevaring som først tok denne saka opp. Kulturrådet skipa til eit seminar (Kongsberg 1970), der alle interesserte partar kom saman til planlegging: Departement, universitet, fylkeskonservatorar, Riksantikvaren, musea, Kulturrådet o.a. Ei arbeidsgruppe vart nedsett, som i 1972 la fram utgreiinga (Registrering av faste kulturminner i Norge, trykt 1972), med framlegg om å få i gang eit kvalifisert sekretariat under Kulturrådet, som kunne arbeide fagleg og planmessig med denne store saka, som har tre siktemål: Eitt kortsiktig: å peike ut det som står i akutt fare for å bli øydelagt. Eitt meir langsiktig: å få til ein plan for kva ein, sett i landsmålestokk, bør halde i hevd og tryggje. Og det tredje: å gje tilfang for forskning. Sjølvve registreringsarbeidet kom ikkje fullt ut i gang før i 1974, og vil sjølvsagt ta mange år. Kulturrådet meiner difor det ville vere naturleg at Miljøverndepartementet tek over saka når det blir mogleg.

Endå ei stor oppgåve kan nemnast som Rådet byrja med i 1967: brannsikring av stavkyrkjene. Kulturfondsmidlar vart nytta i 1967—69 til brannsikring ved Borgund og Urnes. Men det vart tidleg klårt at her trngst det både planlegging, sakkunne og røynsle om metoder o.a. Då Norsk kulturråd i samråd med Kyrkje- og undervisningsdepartementet og Den Kongelige Mynt tok på seg arbeidet med å gje ut minnemyntane til Riksjubileet i 1972, vart det fastsett at overskottet skulle nyttast til kulturvernoppgåver. Rådet meinte at ei så stor nasjonal oppgåve som å brannsikre stavkyrkjene våre, mellom 25 og 30 i talet, naturleg pei-

Norsk kulturfond — Årsmelding 1974.

ka seg ut. Eit utval vart oppnemnt med Kjell Bondevik som formann, til å arbeide ut planar bygde på samarbeid med teknisk sakkunnige.

Førebels vil Rådet nytte overskottet av minnemyntsalet (ca. 1,6 millioner kroner) til dette, men det vil nok ikkje nå så svært langt. Rådet vonar på samarbeid med kommunar o.a. om denne saka.

Den store planen til Norsk Lokalhistorisk Institutt om eit Norsk historisk leksikon, frå 1500—, kom i gang i 1966 og vart fullført i 1974, fullfinansiert av Kulturfondet.

Elles vil ein i årsmeldingane for kvart år i 10-årsperioden finne detaljert oversyn over tiltak ved musea og til å tryggje hus og miljø.

Rådet vil seie seg glad for den nye tilskottsordninga for musea, som får verknad frå 1. januar 1975, og vonar at det no må bli noko lettare for musea å greie mindre tiltak på dei vanlege årsbudsjetta sine.

Likeeins er Rådet glad for at Riksantikvaren i 1975 har fått auka løyvingar på budsjettet til Miljøverndepartementet.

Vonleg kan det no bli råd for Norsk kulturråd å samle seg om noko større oppgåver, om Fondet kan bli friteke for alle dei mindre, årlege tilskott til naudsynreparasjonar.

I 1974 kom det i alt inn til Rådet 218 søknader (1973 198) med ein samla søknadssum på kr. 10 833 381 (1973 kr. 10 416 906). 20 av søknadene nemnde ikkje nokon bestemt søknadssum. I dette talet er ikkje medrekna eit oversyn frå Riksantikvaren som gjeld 334 prosjekt med om lag kr. 28 500 000 som søknadssum. Søknader om større tilskott til nybygg ved musea, større ombyggings- og innreiingsarbeid er handsama under Kulturbygg og registrerte der.

Ved Kgl. res. 29. mars 1974 vart i alt avsett kr. 3 350 000 til kulturverntiltak. Midlane vart delt slik:

A. Særleg nemnde tiltak:

1. Seks tiltak ved dei kulturhistoriske musea	kr. 818 000
2. Sju tiltak til berging av hus, anlegg og miljø	» 862 500
3. Fire andre tiltak	» 464 700
4. Atte fornminnetiltak	» 200 000
5. Eit konserveringstiltak	» 75 000
6. Pris for lokalhistorie	» 15 000
Til saman	kr. 2 435 200

B. Avsetjingar til bruk i året:

1. Omframtiltak ved dei kulturhistoriske musea	kr. 100 000
--	-------------

2. Berging av kulturhistorisk verdfulle hus, anlegg og miljø	» 315 000
3. Til lokalhistorie	» 185 000
4. Til konserveringstiltak	» 75 000
Til saman	kr. 675 000

C. Avsetjing til andre føremål ..	kr. 239 800
A, B og C til saman	kr. 3 350 000

Postane A 2, delar av A 3 (underpunkt a og c), heile A 4 og A 5, vidare B 2 og delvis post C vedkjem tiltak innanfor arbeidsområdet åt Riksantikvaren og Fornminneutvalet som frå 1973 er førde over til Miljøverndepartementet. Vi viser til oversynet sist i denne delen.

A. Særleg nemnde tiltak:

1. Tiltak ved dei kulturhistoriske musea:	
Aksjonskomiteen for Vesterålen kultursentrum, til Melbo hovedgård	kr. 250 000
Stiftelsen Bryggens Museum, til engasjement av leiar for den utettervende verksemda ved museet ..	» 48 000
Hardanger Folkemuseum, kjøp av Ingrid og Bernhard Greves samlinger	» 200 000
Dalane Folkemuseum, kjøp og reparasjonar av Nygata 11, Eigersund	» 50 000
Troms Folkemuseum, kjøp og reparasjonar av eigedomen Straumen	» 140 000
Drammens Museum, oppsetjing av klokkegarderen Hegg	» 130 000
Til saman	kr. 818 000

Merknader:

Til Aksjonskomiteen for Vesterålens kultursentrum vart det ved Kgl. res. 9. mars 1973 gjeve kr. 500 000 til kjøp av Melbo hovedgård, delt med kr. 250 000 i 1973 og kr. 250 000 i 1974.

Stiftelsen Bryggens Museum søkte i mai 1973 tilskott kr. 105 000 til å engasjere ein leiar for den utettervende verksemda ved museet. Rådet gav i juni same året kr. 25 000 til verksemda i 1973 og i august tilsegn om tilskott 60% av lønnsutgiftene i 1974, på vilkår av at 40% kunne dekkjast lokalt.

Hardanger Folkemuseum søkte til saman kr. 430 000 til å kjøpe Ingrid og Bernhard Greves samlinger på Ernes i Lofthus i Ullensvang. Kjøpesummen er kr. 580 000, og skilnaden mellom den og søknadssummen vil bli dekt av primærkommunane. Samlinga har 9 bygningar, om lag 2 000 gjenstandar, om lag 9 mål jord og ei naust-tomt. På lengre sikt vil hovudbygningen med inventar og arkivalia òg bli gjeven til Hardanger Folkemuseum. Norske Kunst- og Kulturhistoriske Museer tilrådde

søknaden, under føresetnad av at arkivmateriale i hovudbygningen gjekk inn i kjøpet, og at overdraginga av hovudbygningen blir bunden ved kontrakt, slik at Greve-samlinga kan haldast samla. Rådet gav òg tilsagn om kr. 230 000 i 1975.

Dalane Folkemuseum søkte kr. 50 000 til kjøp og reparasjonar av Nygata 11, Eigersund. Bygningen er ført opp etter bybrannen i 1843. Planløyising og eksteriør i bygningen har ikkje vore endra.

Troms Folkemuseum. Eigedomen Straumen på Kvaløya, no Troms kommune, har om lag 13,8 mål tomt og 10 hus. Kjøpesummen er kr. 80 000. Heilt naudsynte reparasjonar er rekna til kr. 60 000. Anlegget (sjå Arne Berg: Norske gardstun) er nesten uendra. Rådet har gjeve kr. 140 000, under føresetnad av at utgifter til å tryggje anlegget ut over tilskottssummen blir dekte på anna vis.

Drammens Museum vil gjerne få sett opp Klokkegarden frå Hegg i Lier som vaktmeisterbustad i Drammens Museums friluftsmuseum i Bragernesåsen. Bygningen frå 1824 blir med dette verna, samstundes som han tenar eit praktisk formål. Totalkostnaden for å få sett opp bygningen er rekna til kr. 230 000. Rådet har gjeve kr. 130 000, under føresetnad av at resten av utgiftene blir dekte av kommunen.

Som det går fram, vart det i 1974 brukt til saman kr. 818 000 til særleg nemnde tiltak ved musea, i 1973 kr. 435 000. Rådet har difor måtta redusere avsetjinga til tiltak ved musea til bruk i året til kr. 100 000. Om større nybygg ved musea viser vi til Kulturbygg.

A. 2. Kulturhistorisk verdfulle hus, anlegg og miljø:

Tyholmen, Arendal, berging av 4 hus på Tyholmen	kr. 187 500
Lærdalsøyri, Sogn og Fjordane, rehabilitering og istandsetjing av gamle bustadmiljø	» 200 000
Stiftelsen Modum Blaaafarvverk restaurering av gamle bygningar	» 120 000
Lillesand kommune, kjøp av hamneområdet ved Strandgata 47 i Lillesand	» 120 000
Stokke kommune, restaurering av Bogen gamle sjukeheim	» 75 000
Universitetets Oldsaksamling, restaurering av empirebygningen Isegran	» 100 000
Aktive krigsdeltakeres forening, istandsettjing av Kronstad Hovudgard, Bergen	» 60 000
Til saman	kr. 862 500

Merknader:

Tyholmen i Arendal. Rådet ga i 1971 tilsegn om til saman kr. 1 500 000 over 8 år til å restaurere 4 gamle hus på Tyholmen. Første avsetjing på kr. 187 500 var i 1972. Arendal bystyre vedtok i 1973 at dei fire bygningane skal bergast, og sette samstundes ned eit utval til å arbeide med alternative framlegg til finansiering og bruk av bygningane. Innstilling frå utvalet ligg no føre, men er ikkje endeleg handsama av bystyret. Ein vonar likevel at restaureringsarbeidet kan kome i gang våren 1975.

Lærdalsøyri, Sogn og Fjordane. Norsk kulturråd gav ved Kgl. res. 9. mars 1973 tilskott kr. 200 000 til å rehabilitere og sikre to gamle bustadmiljø på Lærdalsøyri. Rådet meinte denne saka burde gå over til Miljøverndepartementet, men vedtok samstundes tilsegn om garanti for tilskott i 1974 dersom det ikkje vart mogleg for Miljøverndepartementet å ta over saka så snart. Områda er regulerte til verneområde. Arbeidsutvalet for huseigarane på Lærdalsøyri har søkt Norsk kulturråd og Miljøverndepartementet om kr. 600 000 for 1975 og 1976.

Stiftelsen Modum Blaaafarvverk fekk i 1971 kr. 230 000 til utvendig restaurering av bygningane. Stiftelsen søkte for 1973 om kr. 350 000 til innvendig restaurering. Norsk kulturråd gav ved Kgl. res. 1973 tilskott kr. 80 000 i 1973 og tilsegn om tilskott kr. 120 000 for 1974.

Lillesand kommune har ekspropiert hamneområdet ved Strandgata 47 og vil nytte det til grøntareal og småbåthamn. Total kjøpesum er kr. 420 000. Rådet løyvde ved Kgl. res. 1973 kr. 100 000 for 1973 og gav tilsegn om tilskott kr. 120 000 i 1974.

Stokke kommune. Rådet gav i 1973 tilsegn om tilskott kr. 75 000 til å restaurere Bogen gamle sjukeheim i Stokke. Bygningen vil bli brukt som brukskunstsentral.

Universitetets Oldsaksamling, restaurering av empirebygningen på Isegran. Rådet gav kr. 20 000 i 1972 og kr. 40 000 i 1973, og gav tilsegn om kr. 50 000 for 1974. Ein tilleggssøknad om kr. 50 000 for 1974 vart tilrådd av Riksantikvaren.

Kronstad hovudgard, Bergen. Til å berge denne bygningen har Norsk kulturråd tidlegare gjeve kr. 60 000 (1969 og 1973). Den nye eigaren, Aktive Krigsdeltakeres Forening, har sett i gang full hovudreparasjon av hovudbygning og sidebygning. Totalkostnad er rekna til kr. 3 — 400 000. Riksantikvaren tilrådde søknaden innvilga med kr. 60 000.

A. 3. Andre tiltak.

Registrering av faste kulturminne i Noreg	kr. 384 700
Fabritius, norsk utgåve av «Kau-panger stavkirke», første bok i se-rien Riksantikvarens skrifter	» 20 000
Foreningen til norske Fortidsminnesmerkers Bevaring, registre-ringsarbeid ved Ole Bulls Lysøen	» 30 000
Norsk Veteranskibsklubb, restaure-ring av D/S Børøysund	» 30 000
Til saman	kr. 464 700

Merknader:

Registrering av faste kulturminne i Noreg. Rådet vedtok i 1971 å setje i gang ei landsomfattande registrering av faste kulturminne. Vi viser til årsmeldingar 1970—73. Styret vart konstituert 20. mars 1972 med arkitekt, førstekonservator Arne Berg som formann. Sekretariatet, med 2 tilsette, sekretariatsleiar og kontorfullmektig, kom i gang frå 1. januar 1973. Arbeidsutval og styre har hatt ei rad møte for å planleggje og førebu registreringa, og har gjort prøveregistreringar, mellom anna i Nittedal. Styre og arbeidsutval har i 1974 utarbeidd registreringsmetodar og instruks for registreringsleiar og registrantar. Dei har òg utarbeidd registreringskort i samråd med EDB-kunnige, og ei kodeliste for utfylling av registreringskorta. Budsjettet for 1974 var kr. 444 700. Av dei pengane som vart løyvd for 1973, sto det att kr. 60 000. Rådet sette difor av kr. 384 700 til registrering av faste kulturminne i 1974. Ei oppmoding til Miljøverndepartementet i 1974 om å ta over denne saka førde ikkje fram, men spørsmålet vil bli teke opp at, og Rådet vonar departementet vil sjå på saka på nytt for budsjettet 1976.

Fabritius Forlag. Norsk utgåve av «Kaupanger stavkirke» i serien Riksantikvarens Skrifter. Ei engelsk parallellutgåve er under produksjon med støtte frå Norges almenvitenskapelige forskningsråd. Norsk kulturråd gav i 1973 tilsegn om tilskott kr. 20 000.

Foreningen til norske Fortidsminnesmerkers Bevaring, Bergensavdelingen. Rådet gav i 1973 tilsegn om tilskott kr. 30 000 til registreringsarbeid ved eigdommen Lysøen, Os.

Norsk Veteranskibsklubb. Restaurering av D/S Børøysund. Norsk kulturråd har tidlegare gjeve til saman kr. 71 000 til for-målet. (1969, 1970 og 1972).

A. 4. Fornminnetiltak.

Til å sikre fornminne:

Sander Østre, Ski, Akershus (gravhaugfelt)	kr. 20 000
--	------------

Skreros, Vegusdal, Aust-Agder (gravfelt)	» 10 000
Vistehola, Randaberg, Rogaland (steinalderbuplass)	» 30 000
Røysaneset, Kvamsøy, Sande, Møre og Romsdal (gravfelt)	» 30 000
Horgheim, Rauma, Møre og Romsdal (gravfelt)	» 60 000
Skei, Steinkjer, Nord-Trøndelag (gravfelt)	» 10 000
Træna, Nordland (steinalderbuplass)	» 35 000
Leiknes, Tysfjord, Nordland (helleristingsfelt)	» 5 000

Til saman kr. 200 000

Merknader:

Fornminneutvalget gjorde framlegg om sikringstiltak for i alt kr. 255 000 i 1974. I tillegg kom framlegg om kr. 25 000 til å vøle område som alt er sikra. Det var vanskeleg å finne plass til ei større avsetjing enn kr. 200 000. Fornminneutvalet prioriterte desse 8 tiltaka:

Sander Østre, Ski, Akershus. På Vardåsen i Ski ligg eit gravfelt med 7 store gravhaugar. Feltet er det mest verdfulle i kommunen. Området er regulert og erstatningsansvaret er fastlagt. Oldsaksamlinga (Universitetet i Oslo) lova i 1968 å ta del i finansieringa med kr. 20 000 av eige budsjett, men har no måtta gå frå denne tilsegna, då saka drog så lenge ut. Utvalet fann saka så viktig at det ba Kulturfondet om å løyve kr. 20 000 når området blir lagt ut til friareal (feltet er utsett for sterkt byggjetrykk).

Skreros, Vegusdal, Aust-Agder. Gravfelt med 10 rundhaugar og 2 langhaugar. Om lag 10 mål bør sikrast. Pris om lag kr. 1 pr. kvm. Grunneigarane var viljugе til å selja. (Sander Østre og Skreros er ikkje med i Fornminneutvalets innstilling frå 1966, men står på suppleringslista.)

Vistehola, Randaberg, Rogaland. Norsk kulturråd har tidlegare gitt til saman kr. 140 000 (1971, 1972 og 1973) til å frede eit større område rundt Vistehola. Fornminneutvalet tilrådde ei løyving på kr. 30 000 i 1974.

Røysaneset, Kvamsøy, Sande, Møre og Romsdal er heller ikkje med i innstillinga frå 1966. Området er på om lag 30 mål og har 65 gravhaugar og gravrøyser. (Utvalet rådde til å gje kr. 30 000 til å frede og restaurere.)

Horgheim, Rauma, Møre og Romsdal. Rådet gav i 1968 kr. 35 000.

Skei, Steinkjer, Nord-Trøndelag. Her ligg eit av dei største gravfelta nordanfjells med i alt 135 gravminne.

Sande, Træna, Nordland. Rådet har tidlegare gjeve til saman kr. 85 000 til å sikre

det 100 mål store området. Kjøpesummen er no fastsett og kjøp er kome i stand.

Leiknes, Tysfjord, Nordland. Rådet har tidlegare gjeve kr. 35 000. Tilskottet for 1974 skal brukast til å sikre fritt tilgjenge til staden ved ein klausulert avtale med grunn-eigaren.

A. 5. Konserveringstiltak.

Trondenes menighetsråd, restaurering av altarskåp i Trondenes kyrkje

kr. 75 000

Trondenes Menighetsråd. Rådet har tidlegare gjeve kr. 75 000 til å konservere dei 3 altarskåpa i Trondenes kyrkje. Til no er det installert naudsynt luftfuktingsanlegg i kyrkja og eit skåp er konservert, men enno ikkje kome på plass i kyrkja. Riksantikvaren prioriterer denne søknaden høgst blant tiltaka på dette området.

A. 6. Pris for lokalhistorie

kr. 15 000

Rådet vedtok i 1973 å opprette ein pris for lokalhistorie. Prisen for 1974 vart gjeven til rektor Olav Kolltveit, Odda.

B. Avsetjingar til bruk i året:

1. Omframtiltak ved dei kulturhistoriske musea:

Flatanger Museumsstyre til å berge Hilstad gamle skule og lærarbus-taden til bruk som museum	kr. 24 000
Kviteseid Bygdetun til å restaure-re fjøs og badstoge	» 14 000
Tynset kommune til å restaurere Aaen gamle skule	» 9 000
Vestfold Fylkesmuseum til å inn-reie magasin*)	» 9 000
Stavanger Museum til brannsik-ring av Ledaal	» 35 000

Til saman kr. 100 000

*) Dessutan er kr. 11 000 tekne av avsetjing til andre formål kulturvern.

Rådet har gjeve desse tilsegnene for 1975:

Hardanger Folkemuseum. Kjøp av Ingrid og Bernhard Greves Sam-lingar, Lofthus	kr. 230 000
Trøgstad Bygdemuseum til å flyt-te hovudbygningen på Langsæter gård	» 150 000

B. 2. Berging av kulturhistorisk verdfulle hus, anlegg og miljø.

Foreningen til norske Fortidsmin-nesmerkers Bevaring, til å berge Jevnaker gamle prestegard, pak-tarbustaden	kr. 50 000
Gamal handelsstad Vallersund i Bjugn	» 50 000
Stiftelsen Havråtunet, Haus	» 70 000

Verneplan for gamle handels- og gjestgjevarstader i Hordaland, ved fylkeskonservatoren	» 75 000
Vågå Historielag til å berge Kvi-lingssetra, Randen	» 40 000
Nausteigarar på Ulla, Haramsøy ¹⁾ ..	» 30 000

Til saman kr. 315 000

¹⁾ I tillegg har Rådet løyvt kr. 20 000 av avsetjing til disposisjon kulturvern.

Rådet har gjeve desse tilsegnene for 1975:

Tyholmen, Arendal, til å berge 4 hus	kr. 187 500
Skrivarhuset, Løken i Eid, restau-rering	» 80 000
Verneplan for gamle handels- og gjestgjevarstader i Hordaland ..	» 75 000
Klokkargarden i Grue	» 20 000
Det Lindvedske Hus, Arendal, berging	» 70 000
Agatunet, brannsikring	» 100 000
Rognskogtunet, Halså, restaure-ring	» 50 000
Modum Blaafarveværk, restaure-ring ²⁾	» 75 000
Fortidsminnesmerkeforeningen, Bergensavdelinga, til å reparere tak og stive opp golvet i musikkhal-len på Ole Bulls Lysøen	» 75 000

²⁾ Rådet har og gjeve tilsegn om tilskott kr. 75 000 for 1976.

B. 3. Lokalhistorisk arbeid

Søknader om tilskott til lokalhistorisk ar-beid blir vurderte av eit sakkunnig utval, sjå Kap. I Utval og utgreiningar.

Desse tilskotta er gjevne:

Norsk lokalhistorisk institutt til å trykke Norsk historisk leksikon ..	kr. 30 000
Årbok for Glåmdalen til register-band og årboka 1974, til saman ..	» 12 000
Romerike Historielag til Romeriks-tun	» 5 000
Gauldal Historielag til Gauldals-minne 1974 og 1975, til saman	» 7 000
Agder Historielag til årbøkene 1973 og 1974	» 8 000
Årbok for Nordfjord 1973	» 3 000
Årbok for Senja 1974	» 3 000
Årbok for Valdres Historielag 1974 ..	» 4 000
Hålogyminne, årbok 1974	» 3 000
Romsdal Sogelag, til å prente ga-malt tilfang frå 1768	» 4 000
Norsk lokalhistorisk institutt til seminar om lokalhistoriske samlin-gar og til å prente rapporten frå seminaret, til saman	» 31 000
Norsk lokalhistorisk institutt til kurs om lokalhistorie i samarbeid med Agder Historielag	» 20 000

Landslaget for Bygde- og Byhistorie, historikarmøte	»	3 000
Hallingdal Historielag til Døla-minne 1974	»	3 000
Helgeland Historielag til Arbok for Helgeland	»	6 000
Arbok for Rognsund 1975	»	500
Arbok for Nord-Trøndelag Historielag 1974	»	3 000
Arbok for Hadeland 1974	»	3 000
Hadsel Historielag til Hofdasegl nr. 18 og 19	»	2 750
Felleshistorien for Lofoten og Vesterålen	»	10 000
Hans Kr. Eriksen til innsamling av finsk/norsk tradisjonstilfang	»	5 000
Statsarkivet i Bergen til å EDB-registrere emigrantprotokollar frå 1874 — 1924	»	15 000
Ivar Toften til lesarapparat for mikrofilm i samband med ei lokalhistorie for barn	»	1 800
Utgifter til konsulentfråsegner ..	»	932
Til saman	kr.	183 982

Norsk lokalhistorisk institutt har sidan 1969 arbeidt med Norsk historisk leksikon for tida frå 1500 til 1850. Leksikonet er no ferdig og kom ut hausten 1974. Arbeidet med boka fram til bokhandlardisken har kosta kr. 480 200. Rådet har fullfinansiert saka.

B. 4. Konserveringstiltak.

Foreningen til norske Fortidsminnesmerkers Bevaring, Bergensavdelinga, til å konservere inventardelar i Urnes stavkyrkje	kr.	6 000
og til å konservere kyrkja mot insekt	»	6 000
Velfjord kyrkje til å konservere inventar	»	21 000
Strand menighetsråd, til å konservere altartavle i Strand kyrkje ..	»	5 500
Hole menighetsråd, til å konservere altarklede i Bønsnes kyrkje ..	»	4 000
Sel menighetsråd, til å konservere målarstykke	»	5 000
Karlsøy menighetsråd til å konservere altartavle i Karlsøy kyrkje ..	»	9 000
Soknepresten i Bø i Vesterålen, til å konservere altartavle i Malnes gamle kyrkje (tilleggslyyving) ..	»	2 300
Flosta Menighetsråd, til å konservere inventardelar i Flosta kyrkje ..	»	8 000
Eidsberg og Mysen Historielag, til å konservere målarstykke i storsalen i Narvestadbygningen	»	8 200
Til saman	kr.	75 000

Rådet gav dessuten tilsegn om tilskott kr. 50 000 for 1975 til å konservere kalkmålarstykke i Moster gamle kyrkje.

C. Avsetjing til andre formål innan kulturvern:

Desse tilskotta er gjevne:		
Statens Filmsentral, til å fullføre filmen «Stukkatøren i arbeid» ..	kr.	22 000
Tromsø Museum til å prente hefte o.a. i samband med utstillinga «Nord-Norge i riket i 1100 år»	»	15 000
Fylkeskonservatoren i Sør-Trøndelag, til ei utgreiing om kulturvernsituasjonen på Røros	»	5 000
Nausteigarane på Ulla, til å berge ei gamal nausttrekkje	»	20 000
Norske Kunst- og Kulturhistoriske Museers filmkomité, filming av gamle arbeidsprosessar: «Laksefiske i Aust-Noreg»	»	37 500
Vestfold Fylkesmuseum, til å innreie magasin	»	11 000
Foreningen til norske Fortidsminnesmerkers Bevaring, Oslo, til tidskriftet «Fortidsminner»	»	40 000
Foreningen til norske Fortidsminnesmerkers Bevaring, Bergensavdelingen, til mile-tjøre-bank	»	20 000
Øystese sokneråd, til å konservere messehakel	»	600
Restaureringskomiteen for Dønnes kyrkje, til å restaurere Coldevins gravkapell	»	18 000
Det norske institutt i Roma, miljøvernkurs	»	10 000
Lands Museum, til å konservere fire målarstykke av Peder Aadnes ..	»	20 000
Skolesjefen i Drammen, til å konservere veggmaalarstykke av Hjerleid på Frydenhaug gård	»	13 465
Stiftelsen Bryggens Museum, tilleggslyyving til å engasjere leiar for den utettervende verksemda ved museet, løns- og prisauke 1974 ..	»	7 235
Til saman	kr.	239 800

Rådet har òg gjeve desse tilsegnene om tilskott i 1975:

A/S Oplandske Dampskibsselskap til å reparere dekk og til nytt livbergingsutstyr på D/S Skibladner ..	kr.	80 000
Noregs Boklag til nytgjeving av Rikard Berge: Norsk Bondesylv..	»	3 000

Frå 1. januar 1973 vart saker som gjeld Riksantikvaren, Lov om bygningsfreding og Lov om fornminne førde over til Miljøverndepartementet.

Desse tilskotta frå Norsk kulturfond er gjev-

ne til tiltak som no høyrer inn under Miljøverndepartementet:

Alle særleg nemnde tiltak under A 2 Berging av kulturhistorisk verdfulle hus, anlegg og miljø, til saman kr. 862 500,

Vidare under A3 Andre tiltak: Registrering av faste kulturminne i Norge, kr. 384 700. registreringsarbeid i samband med Lysøen i Foreningen til norske Fortidsminnesmerkers Bevarings eige, kr. 30 000, og berging av D/S Børøysund kr. 30 000.

Alle tilskotta under A 4 Tilskott til sikring av fornminne, til saman kr. 200 000, høyrer òg inn under Miljøverndepartementet.

Dertil kjem alle tilskotta under posten B 2, i alt seks tiltak, kr. 315 000.

Av tilskotta under post C høyrer desse inn under Miljøverndepartementet:

Fylkeskonservatoren i Sør-Trøndelag, til ei utgreiing om kulturvernssituasjonen på Røros kr. 5 000
Naustrekkje på Ulla, Haramsøy .. » 20 000

I alt har Norsk kulturråd løyvt kr. 1 847 200 til tiltak som ligg under ansvarsfeltet til Miljøverndepartementet.

Kulturrådet har òg finansiert (med til saman kr. 25 000) ei registrering av gamle bygningar på friluftsmusea eller som musea eig og har tilsyn med. Arbeidet vart sett i gang i 1970, og arbeidsgruppa som tok arbeidet på seg, var førstekonservator Arne Berg, museumsstyrar Ivar Skre og konservator Carsten Hopstock. Eit kartotek vart presentert for Kulturrådet i 1974. Kulturrådet vil sjølv arbeide vidare med kartoteket så det blir heilt slutført. Kvar fylkeskonservator vil få kopiar av korta for sitt fylke, og kvart museum av korta for hus på sitt museum. Norske Kunst- og Kulturhistoriske Museer vil òg få eit fullstendig sett.

I 1974 har Rådet òg hatt kontakt med Nasjonalkomiteen for det Europeiske arkitekturvernåret 1975. På budsjettet for Miljøverndepartementet er det løyvt i alt kr. 900 000 til tiltak som komiteen vil setje i gang i 1975. Ved sida av dei tre norske pilotprosjekta i Røros, Stavanger og fiskeværet Nusfjord, vil Nasjonalkomiteen særleg leggje vekt på tiltak til å restaurere og setje i stand mange mindre hus og gamle arbeidsstader som ikkje er freda, men som det likevel er verdfullt å halde i stand, som setrar, smier, bruer, naust o.a., som viser korleis folk har levt og arbeidd i dette landet. Kulturrådet meiner at Stortinget, etter framlegg frå Miljøverndepartementet, må løyve dei pengane som bør nyttast til tiltak i Arkitekturvernåret, men har likevel sagt seg viljugt til å vurdere tilskott til ein-skilde særlege saker som Komiteen meiner er

viktige, men som ikkje kan løysast innanfor løyvinga frå Miljøverndepartementet.

KULTURBYGG

Innleiing.

Heilt frå Kulturfondet vart oppretta, vart reising av kulturbygg sett på som ei av dei viktigaste oppgåvene ved sida av arbeid for norsk litteratur og prøveordningar på ymse felt. Det heiter i St. melding nr. 1, Tillegg nr. 1 Om Norsk kulturfond, at «Kulturarbeidet er i stor grad avhengig av gode og hensiktsmessige lokaler». Kyrkje- og undervisningsdepartementet reknar i prp. opp både dei store nasjonale bygga som bør bli reiste, som konserthus i Oslo og Bergen, Det Norske Teatret, Nasjonalgalleriet o.a., og minner om dei dårlege tilhøva ved musea rundt i landet, som treng moderne, eldsikre utstillingsbygg.

Det viste seg alt etter første året at krava på dette feltet var så enorme at kulturfondsmidlane ikkje stod i noko rimeleg høve til oppgåvene. Dei summene det vart søkt om til dei største byggjeoppgåvene sprengde totalt ramma for Fondet. I tilrådingar og fråsegner til departementet peika Kulturrådet på dette. Frå 1972 kom det eit nytt kapittel i statsbudsjettet, Kap. 360 Nasjonale kulturbygg, med sikte på bygg som etter sin storleik og den plassen dei vil få i samfunnet kan kallast nasjonale kulturbygg. Løyvinga under det nye kapitlet var i 1974 4 mill. kr. Dermed blir Kulturfondet avlasta for desse største byggjeoppgåvene, men likevel har Rådet store vanskar på dette feltet. I 10-årsperioden 1965—1974 har det i alt av kulturfondsmidlar vore løyvt om lag 60 mill. kr., og for komande 3-årsperiode har Rådet gjeve tilsegner om 21 mill. kr. Når det gjeld byggjesaker må det være mogleg å gje langsiktige lovnader, avdi fylke og kommunar som arbeider med å få reist kulturbygg, må leggje planar fleire år i førehand.

I 1967 tok Rådet initiativ til å få utarbeidd eit landsoversyn over lokale for kulturelle aktivitetar. Norsk institutt for by- og regionforskning tok på seg å få til ei slik kartlegging. I 1969 leverte instituttet ei førebels oversyn frå 85 kommunar, men ei fullstendig ajourført landsoversyn har Rådet ikkje greidd å få fram.

I 1969—70 utarbeidde Rådet særlege retningslinjer for tilskott til kulturbygg på landsbygda, i samarbeid med Kyrkje- og undervisningsdepartementet, (Statens Ungdoms- og idrettskontor), slik at særlege tilskott til større samfunnshus som vil prøve å få rom til større kulturaktivitetar kan bli gjevne som omfram-løyving frå Kulturfondet i tillegg til vanleg statstilskott til samfunnshus.

Ein etter måten stor del av kulturbygg-til-

skotta har gått til museumsbygg, i alt ca. 20 mill. kr. Kulturrådet kan peike på ei rad moderne, eldfaste museumsbygg, reiste med tilskott frå Fondet, som Nordenfjelske Kunstinstrimuseum, De Samiske Samlinger i Karasjok, Stiftelsen Bryggens Museum, Domkyrkjeodden og Hedmarksmuseet, Skogbruksmuseet, Glomdalsmuseet, Ringve museum o.a. Dette er viktige oppgåver, så ille det sto til ved musea før Fondet kom til. Men like viktig er det å få reist høvelege kulturbygg, teikna og planlagde for kulturverksemd av ymse slag.

På Gjøvikkonferansen (nov. 1969) var emnet dei særlege kulturproblema som knytter seg til dei nye industristadene. Eitt av resultatene av Gjøvikkonferansen var Førde-utgreininga. Kulturrådet har gått aktivt inn i planleggjinga av kultursenter i to industrivekstkommunar som bad om samråding og hjelp: Førde og Risør. I 1972 batt Rådet seg til eit liknande samarbeid om den kulturelle utbygginga som bør komme i samband med industrireisinga på Mongstad. Ved alle desse høva er det Kulturrådet som finansierer planarbeidet, men plankomiteane har alltid fleirtalet av lokale representantar. Kulturrådet meiner det må vere oppgåva for lokale og regionale instansar sjølve å stå for den planlegging og utbygging som kulturarbeidet krev, men både på Gjøvik-konferansen og elles har representantar for fylke og kommunar gjeve uttrykk for at planlegging og prosjektering bør skje i samarbeid med statlege organ som Norsk kulturråd. Det må bli tale om prøveprosjekt, og ein må prøve ulike modellar, der ein tek utgangspunkt i tilhøva på kvar stad. Men det er òg naudsynt å få kjennskap til røymsler frå andre stader i inn- og utland.

Kulturrådet har òg i fleire høve gjeve tilskott til forprosjektarbeid (Kulturbygg i Tromsø, Kautokeino, De Heibergske Samlinger, Nationaltheatret og Det Norske Teatret). Ved store byggeprosjekt er forarbeid oftast naudsynt før det offentlege kan vurdere saka. Kulturrådet bør då kunne gje tilskott til ulikt forprosjekteringsarbeid utan at departementet treng binde seg til tilskott av statsmidlar. Som Rådet tidlegare har peika på (jfr. St. meld. nr. 52, vedlegg nr. 11), kan ei slik arbeidsdeling vere nyttig.

I 1974 kom inn i alt 32 søknader (i 1973: 36 søknader) med ein samla søknadssum på om lag 22 millionar kroner. Som nemnt under Kap. Biletkunst og Kulturvern er søknader om større tilskott til innreiingar, reparasjonar, installering av ljós- og lydanlegg rekna med som byggjesaker og tekne med i denne taloppgåva.

Ved Kgl. res. i 1974 vart sett av til kulturbygg kr. 8 000 000, delt slik:

Særleg nemnde tiltak.

Rogaland Teater. Ljosanlegg ..	kr. 747 300
Glomdalsmuseet. Nybygg	» 500 000
Førdehuset. Nybygg	» 2 000 000
Bryggens Museum i Bergen. Nybygg	» 1 000 000
Molde Kulturhus. Nybygg	» 1 000 000
Sulitjelma Gruvemuseum. Nybygg	» 550 000
Det Norske Teatret. Prosjektarbeid	» 250 000
Hålogaland Teater. Innreiing av lokale	» 500 000
Tromsø Husflidslag. Innreiing av lokale	» 150 000
Ringebu Ungdomssenter. Nybygg	» 100 000
	kr. 6 797 300

Til rådvelde for prosjektarbeid og andre byggjetiltak i 1974 » 1 202 700

Til saman **kr. 8 000 000**

Merknader:

Rogaland Teater. Rådet gav i 1969 tilsegn om 75% dekning av utgifter til ljosanlegg for alle teater med offentlig støtte. På grunn av planar om reising av nytt tilbygg utsette Rogaland Teater tinginga av ljosanlegg, og installasjon av nytt anlegg vart ikkje før etter at tilbygget var ferdig i 1974. Ljosanlegget var kostnadsrekna til kr. 1 469 499. Stavanger kommune har løyvt kr. 374 100 til dekning av 25% av kostnadene. Den delen som fell på Kulturfondet, vart såleis kr. 1 122 300. Rådet sette av kr. 375 000 til føremålet i 1970. Rogaland Teater har i 1974 søkt om omframlyyving på grunn av prisauken, og Rådet vil handsame søknaden i samband med fordeling av disponible midlar kulturbygg for 1975.

Glomdalsmuseet. I 1971 sette Rådet av kr. 500 000 til nybygg for Glomdalsmuseet og gav samtidig tilsegn om 1 mill. kr. i tillegg til denne byggeoppgåva som var kalkulert til 4,3 mill. kr. Museet søkte om i alt 2 mill. kr., men Rådet meinte at den lokale finansieringa måtte aukast med kr. 500 000. Ny finansieringsplan vart utarbeidd og byggjearbeida starta i januar 1973. Nybygget sto ferdig i januar 1974 og tilsegna frå Rådet er betalt ut med kr. 500 000 i 1973 og kr. 500 000 i 1974.

Førdehuset. Rådet viser til tilråding til Kyrkje- og undervisningsdepartementet av 12. september 1972 om Innstillinga frå Førdeutvalet, sjå vedlegg nr. 14 i årsmeldinga for 1972. Kulturavdelinga i Førdehuset var kalkulert til 9 millionar kroner, og Rådet gav i 1972 tilsegn om 4,5 mill. kr. frå Kulturfondet til løysing av denne byggeoppgåva. Resten av

kostnadene vil kommunen dekkje gjennom opptak av statlege og private lån. Byggjearbeida starta våren 1974, og Førdehuset vil stå ferdig i 1975. Rådet har lova å betale ut løyvinga med 1 mill. kr. i 1973, 2 mill. kr. i 1974 og 1,5 mill. kr. i 1975.

Bryggens Museum i Bergen. Rådet gav i 1972 tilsegn om i alt 1,5 mill. kr. til toppfinansiering av nybygg for Bryggens Museum. Bygget var kostnadsrekna til om lag 9,7 mill. kr. Skipsreiar Erling D. Næss har gjeve ei gåve på 7,3 mill. kr. til føremålet. Vilkalet for gåva var at Bergen kommune gav gratis tomt og at det frå statlege midlar vart løyvt 1,5 mill. kr. til denne byggjeoppgåva. Bygget vart ferdig i 1974, og Rådet betalte ut kr. 500 000 i 1973 og 1 mill. kr. i 1974.

Molde kulturhus. Molde kommune søkte i 1973 om 1,4 mill. kr til finansiering av første byggjesteg i eit kulturhusprosjekt. Første byggjesteg, som var kalkulert til 2,7 mill. kr., skal innehalde ein kombinert teater- og konsertsal som Regionteatret i Møre og Romsdal vil få første retten til å bruke. Rådet meinte at den lokale finansieringa måtte aukast med kr. 400 000 og vedtok å gje tilsegn om 1 mill. kr. frå Kulturfondet til toppfinansiering av dette nybygget.

Sulitjelma Gruvemuseum. I samsvar med tilråding frå Norske Kunst og Kulturhistoriske Museer vedtok Rådet i 1973 å gje tilsegn om kr. 550 000 for 1974 til oppføring av nybygg for Sulitjelma Gruvemuseum. Bygget var kalkulert til kr. 800 000 og den øvrige finansieringa er ordna gjennom tilskott frå Sulitjelma Gruver, Fauske kommune og private gæver.

Det Norske Teatret. Rådet vedtok i 1973 å gje tilsegn om kr. 250 000 for 1974 til finansiering av fortsatt planleggingsarbeid for nytt teater i Karl Johan-kvartalet.

Hålogaland Teater. Rådet løyvde i 1974 kr. 500 000 til innreiking av «Verdensteatret» til produksjons- og spelelokale for Hålogaland Teater. Innreiingsarbeida var kostnadsrekna til 1 mill. kr. Eit nytt kostnadsoverslag synte at innreiinga vil koste nærare 2,5 mill. kr., og Tromsø kommune søkte Rådet om ei tilleggsløyving. På møte 8. oktober 1974 vedtok Rådet å gje tilsegn om kr. 500 000 for 1975 til å finansiere denne byggjeoppgåva.

Tromsø Husflidslag. Av kulturvernmidlar løyvde Rådet i 1971 kr. 90 000 til utvendig restaurering av Skippergt. 11 i Tromsø. Tromsø Husflidslag søkte om tilskott til innreiking av huset, og Rådet vedtok i 1973 å gje tilsegn om kr. 150 000 for 1974 til finansiering av innreiingsarbeida.

Ringebu ungdomssenter. Rådet gav i 1973 tilsegn om kr. 100 000 for 1974 til

toppfinansiering av eit kulturhusprosjekt som har lokale både for kyrkjelege aktivitetar, biletkunstutstillingar og konsertar. Huset var ferdig i 1973 og kosta kr. 550 000.

Avsetjing til prosjektarbeid og andre byggjetiltak i 1974.

I samsvar med tilråding frå utvalet for byggesaker har Rådet gjeve desse tilskotta:

Biletkunstgruppa i Tromsø. Innreiking av kunstnarverkstad ..	kr. 200 000
Hedmarksmuseet. Innreiking og utstyr til nytt museumsbygg ..	» 250 000
Glomdalsmuseet. Innreiking og utstyr til nytt museumsbygg ..	» 250 000
Sunnmøre Museum. Reising av nytt magasinbygg	» 200 000
Hardanger Folkemuseum. Innreiking og utstyr til eldfast museumsbygg	» 160 000
Institutt for teatervitenskap. Ljosutstyr	» 10 000
Manndalen Husflidslag. Innreiking og utstyr	» 40 000
Den norske Forfatterforening. Innreiking av lokale	» 92 700
Til saman	kr. 1 202 700

Oversyn over langsiktige tilsegner.

Utan at det har vore sett av fondsmidlar har Rådet i åra 1968—74 gjeve desse tilsegnene om løyving til kulturbygg:

Konserthuset i Oslo. Nybygg ..	kr. 1 500 000
Christiansand Teater. Nybygg ..	» 1 600 000
Førdehuset. Nybygg	» 1 500 000
Stordhuset. Nybygg	» 2 000 000
Risørhuset. Nybygg	» 3 000 000
BKF-musea i Bergen. Nybygg ..	» 5 000 000
De Heibergske Samlinger. Nybygg	» 4 000 000
Hedmarksmuseet. Innreiking og utstyr	» 250 000
Glomdalsmuseet. Innreiking og utstyr	» 250 000
Breidablikk Musikkenter. Nybygg	» 1 500 000
Hålogaland Teater. Innreiking av lokale	» 500 000
Trondhjems Kunstforening. Innreiking av utstillingslokale ..	» 78 800
Til saman	kr. 21 178 800

Desse tilsegna om løyving til kulturbygg vil Rådet måtte føre opp i budsjetta for åra 1975—77.

Merknader:

Konserthuset i Oslo. I 1968 gav Rådet tilsegn om i alt 6 mill. kr. til reising av Kon-

serthuset. Hittil er 4,5 mill. kr. sett av og betalt ut til å finansiere første byggjesteg. I skriv av 29. oktober 1968 til Oslo Konserthus A/S streka Rådet under at resten av tilsegnet på 1,5 mill. kr. først vil kunne betalast ut når bygget er bortimot ferdig. Etter planen skal Konserthuset stå ferdig i 1976, og Rådet reknar med at det soleis ikkje er naudsynt med avsetjing til denne byggjeoppgåva i 1975.

Christiansand Teater. Rådet har i åra 1967—74 sett av i alt 1 mill. kr. og gjeve tilsegn om ytterlegare 1,6 mill. kr. til reising av nytt kombinert teater- og konserthus i Kristiansand. Kristiansand kommune har gjort vedtak om å setje byggjearbeidet i gang. Bygget som er kostnadsrekna til 13 mill. kr. vil stå ferdig vinteren 1976. Rådet vil gje ei sluttløyving på 1,6 mill. kr. i 1975 til finansiering av dette prosjektet.

Førdehuset. Sjå merknad side 38.

Stordhuset. I 1973 vedtok Rådet å gje tilsegn om 2 mill. kr. til toppfinansiering av kulturavdelinga i eit kulturhusprosjekt som og har avdeling for fysiske aktivitetar. Første byggjesteget som tar sikte på å få opp råbygget og innreidd kino- og teatersal, utstillingsrom og bibliotek, er kostnadsrekna til om lag 16 mill. kr. Utanom tilsegn frå Kulturfondet har kommunen fått tilsegn frå A/S Stord Verft om eit rente- og avdragsfritt lån på 7,5 mill. kr. Stord kommune har gjort vedtak om å setje byggjearbeidet i gang i 1975, og huset vil stå ferdig i 1976. Rådet har gjeve lovnad om å betale ut tilsegnet med 1 mill. kr. i 1975 og 1 mill. kr. i 1976.

Risørhuset. Rådet vedtok i 1974 i samband med handsaminga av Innstillinga frå Risørutvalet å gje tilsegn om 3 mill. kr. til reising av eit kulturhus i Risør. Risør kommune har gjort vedtak om å sette byggjearbeida i gang i 1975. Risørhuset som er kostnadsrekna til 6 mill. kr. vil stå ferdig i 1976. Rådet har gjeve lovnad om å betale ut 1,5 mill. kr. i 1975 og 1,5 mill. kr. i 1976.

BKF-musea i Bergen. Under føresetnad av at ein ferdig finansieringsplan med tilskott og lånegarantiar frå Bergen kommune ligg føre, har Rådet gjort vedtak om å toppfinansiere nybygg for «Permanentent» med inntil 5 mill. kr. Som eit alternativ til nybygg for «Permanentent» er det kome framlegg om å reise eit bygg for Billedgalleriet og Stenersensamlinga og eit anna bygg for Fiskerimuseet, slik at «Permanentent» blir frigjort for Vestlandske Kunstindustrimuseum. Rådet har ingen merknader til den nye planen. Det ligg ikkje føre konkrete finansieringsplanar, og det er soleis ikkje naudsynt å setje av midlar til denne byggjesaka i 1975.

De Heibergske Samlinger. Rådet vedtok i 1974 å gje tilsegn om å dekkje 80% av utgiftene, inntil 4 mill. kr., til fullføring av første byggjesteg for det eldfaste utstillingsbygget til De Heibergske Samlinger. Endelege planar om reising av eldfast utstillingsbygg er under arbeid, og teikningar, kostnadsoverslag og finansieringsplan vil bli lagt fram for Norske Kunst og Kulturhistoriske Museer og Norsk kulturråd i løpet av 1975. Under føresetnad av at byggjeplanane blir godkjende, har Rådet rekna med at tilsegnet kan utbetalast med 1 mill. kr. i 1975, 2 mill. kr. i 1976 og 1 mill. kr. i 1977.

Hedmarks-museet. I åra 1968—72 har Rådet løyvd i alt 2 mill. kr. til ombygging av dei gamle driftsbygningane på Domkirkeodden som har kosta om lag 6 mill. kr. Hedmarks-museet søkte i 1973 om ytterlegare 1 mill. kr. til innreiking og utstyr. I 1974 løyvde Rådet kr. 250 000 til dette føremålet, og gav samstundes tilsegn om ei sluttløyving på kr. 250 000 i 1975 til innreiking og utstyr til museet.

Glomdals-museet. I åra 1971—73 har Rådet løyvd i alt 1,5 mill. kr. til reising av nybygg for Glomdals-museet som har kosta 4,3 mill. kr. Også Glomdals-museet søkte om tilskott til innreiking og utstyr. Rådet løyvde kr. 250 000 i 1974 og ga tilsegn om ei sluttløyving på kr. 250 000 i 1975 til finansiering av innreiking og kjøp av museumsutstyr som er heilt turvande for å få teke nybygget i bruk.

Breidablikk Musikk-senter i Stavanger. Rådet gav i 1974 tilsegn om 1,5 mill. kr. til å føre opp eit musikkbygg kostnadsrekna til 5,6 mill. kr. Rådet gav lovnad om å betala ut summen når det var budsjettmessig mogleg, og seinast i 1977. Kommunen har enno ikkje gitt klarsignal for byggjeplanane.

Hålogaland Teater. Sjå merknad side 39.

Trondhjems Kunstforening. Rådet gav i 1974 tilsegn om kr. 78 800 for 1975 til innreiking av lokale til grafikk-samlinga til Galleriet. Føresetnaden er at kommunen gjev same sum til føremålet.

TIDSKRIFT OG PERIODISKE PUBLIKASJONAR.

Innleiing.

I proposisjonen om å opprette Norsk kulturfond er tilskott til tidsskrift nemnt i den samanhangen som den gongen var aktuell: utvidinga av omsetningsavgifta til vekeblad og andre periodiske publikasjonar. Det heiter i proposisjonen: «... Det bør også kunne gis tilskott til periodiske publikasjoner som inneholder original norsk skjønnlitteratur, og som således medvirker til at norsk diktning når

et større publikum.» Departementet hadde i tankane vekebladet «Magasinet», som under Nils Johan Ruds redaksjon hadde gjort mykje for norsk skjønnlitteratur og lyrikk, og som ville kome i økonomiske vanskar med omsetningsavgifta. I St. prp. 130 (1964/65) Om vedtekter og retningslinjer for Norsk kulturfond, er tilskott til periodiske publikasjonar omtalt under dei særlege retningslinjene for tiltak som galdt norsk litteratur.

Det første året, 1965, vart difor tilskotta til tidsskrift sett på som ein del av arbeidet for norsk litteratur, men alt frå 1966 vart tilskott til tidsskrift sett opp som eit eige kapittel. Det rådgjevande utvalet som gav tilråding til Rådet om søknader, var dei første åra tre av Rådets eigne medlemmer: Halldis Moren Vesaas, Håkon Stenstadvoll og Simen Skjønberg (varamann til Rådet). I 1966 vart fleire allmennkulturelle tidsskrift, som tidlegare hadde hatt tilskott på statsbudsjettet, ført over til Norsk kulturfond. Kulturrådet tok opp drøftingar med NAVF og somme vitenskaplege institusjonar, og fekk nokre vitenskaplege tidsskrift ført over til NAVF, og andre over til budsjettet for den vitenskaplege institusjonen som ga dei ut. Det var då berre Kunst og Kultur og Kunsten Idag som vart att i Norsk kulturfond. Dei første to åra, 1965—66, gav Rådet berre tilskott til tidsskrift med litterært innhald, eller tidsskrift om biletkunst, brukskunst eller kulturvern. Men alt frå 1967 gav Kulturrådet tilskott til allmennkulturelle tidsskrift, slike som Horisont, Kirke og Kultur, Samtiden, Syn og Segn o.a.

Rådet har lagt mykje arbeid i å finne fram til retningslinjer for tilskott til tidsskrift. Den generelle retningslina at ein ikkje bør gje tilskott til årvisse tiltak, lar seg jo ikkje nytte når det gjeld stønad på dette feltet, der utgjevaren må vite om han kan rekne med tilskott. I åra 1967 til 1972 delte Rådet tidsskrifta opp i grupper: A: Tidsskrift som klårt fell innanfor arbeidsområdet for Kulturfondet, og som difor i prinsippet, dersom dei elles fyller vilkåra for stønad, må kunne rekne med årvisse tilskott. — B: Allmennkulturelle tidsskrift som Rådet må vurdere på fritt grunnlag frå år til år. — C: Nye søkjarar. I 1970 fann Rådet at tida var inne til å vurdere heile feltet på nytt, mellom anna på bakgrunn av utviklinga i seinare år med alle debattbøkene som kjem på marknaden, produserte snøgt og i billeg bokutstyr og format. Professor Arnljot Strømme Svendsen tok i 1972 på seg å få fram ei utgreiing om desse spørsmåla, med studentar o.a. medarbeidarar ved Norges Handelshøyskole. (Samiske blad og tidsskrift vart haldne utanfor.)

Utgreiinga vart lagt fram i desember 1972 og

vart send til fråsegn til alle tidsskrift som til då hadde fått tilskott, forlag som gjev ut tidsskrift og andre institusjonar. Rådet tok ho opp til drøfting på fleire rådsmøte i 1973, men kom fram til at det ikkje ville fylgje innstillinga i somme av konklusjonane, mellom anna den at Rådet burde avgrensa stønaden til tidsskrift innan kunst og kulturvern som treng illustrasjonar, og til litterære tidsskrift. Rådet fann at ein då ikkje ville få fram mangfaldet i norsk kulturdebatt og vidda i tidsskriftmiljøet. Rådet sette difor ned ei intern arbeidsgruppe innan Rådet: formannen, Audgunn Oltedal og Sigurd Muri, til å arbeide vidare med saka (sjå årsmelding 1973). Denne gruppa la fram tilråding i september 1974, med framlegg om ei stønadsordning delt i støttekjøp og produksjonsstønad. Dei tidsskrifta som kom med i ei tilskottsordning skulle kjøpast inn og sendast til bibliotek, skular o.a. mottakarar rundt i landet. Resten av avsetjinga skulle nyttast til produksjonsstønad, som kunne rekast ut etter dei utlegga kvart tidsskrift hadde til trykking, klisjear og hefting, og stønaden skulle fordelast pro rata. På rådsmøtet i november sa Rådet seg samd i at stønaden burde vere delt mellom produksjonsstønad og innkjøpsstønad, og på siste møte, i desember, vart det vedteke at Rådet i 1975 skal kjøpe inn 250 eksemplar av kvart tidsskrift som kjem med i ordninga. Desse skal delast til fylka, etter kor mange kommunar det er i kvart fylke. Fylkeskulturstyra, der slike er oppnemnde, eller fylkesstyresmaktene skal avgjere kva for institusjonar (skular, bibliotek eller anna) som skal få dei ulike tidsskrifta.

For 1974 vart oppnemnd eit mellombels tidsskriftutval med Halldis Moren Vesaas som formann, og Petter Larsen og Kjell Sandvik som medlemmer. I desember vart det oppnemnd eit fast rådgjevande utval med Halldis Moren Vesaas som formann og Petter Larsen og Sigurd Muri som medlemmer til å gje tilråding om kva for tidsskrift som bør vere med i ordninga, innan den økonomiske ramma som Rådet må setje kvart år.

Fordeling 1974:

Ved Kgl. res. av 29. mars 1974 vart det sett av kr. 330 000 til tilskott til tidsskrift. I alt kom det inn 19 søknader i 1974. Dei fleste av desse gjeld stønad for 1975, og etter den nye stønadsordninga søkjer ikkje tidsskrifta om nokon fast sum.

Desse tidsskrifta var med i Kulturrådets innstilling om fordeling av midlar for 1974:

Gruppe A.

(Tidsskrift som klårt fell innanfor arbeidsområdet til Kulturrådet og som difor i prinsippet kan rekne med årvisse tilskott):

Norsk kulturfond — Årsmelding 1974.

Vinduet	kr. 35 000
Norsk Musikk Tidsskrift	» 10 000
Kunst og Kultur	» 45 000
Profil	» 15 000
Fant	» 25 000
Kunst og Kunstnere	» 25 000
Til saman	kr. 155 000

Gruppe B.

(Allmennkulturelle tidsskrift som må vurderast på fritt grunnlag frå år til år):

Samtiden	kr. 26 000
Syn og Segn	» 26 000
Kirke og Kultur	» 26 000
Kontrast	» 21 000
Ergo	» 14 000
Til saman	kr. 113 000

Gruppe C.

(Nye søkjarar):

Tun	kr. 10 000
F 15 Kontakt	» 21 000
Folkemagasinet	» 31 000
Til saman	kr. 62 000
Til tidsskrift i alt i 1974	kr. 330 000

To av desse tidsskrifta kom ikkje ut i 1974: «Kunst og Kunstnere» og «Folkemagasinet». Løyvingane på til saman kr. 56 000 går attende til Fondet.

SAMISK KULTUR.**Innleiing.**

I proposisjonen om Norsk kulturfond frå 1964 er tiltak for samisk kultur berre nemnt under litteratur. Departementet seier der: «Når det gjelder litteratur på samisk språk, må i stor utstrekning all utgivelse finansieres av det offentlige, fordi språkgruppen er så liten.» I tilrådinga frå Kulturrådet om vedtekter og retningslinjer (St. prp. 130 1964—65) har Rådet under tiltak som Rådet bør leggje vekt på ført opp: «Kulturverntiltak, herunder vern av samisk kultur». Under kapitlet i denne proposisjon om «Særlige retningslinjer for tiltak som gjelder norsk litteratur», seier Rådet:

«Siden språkgruppen er så liten, må i stor utstrekning utgivelse på samisk språk finansieres av det offentlige. Utgivelsen vil først og fremst dreie seg om oversettelse til samisk av litteratur skrevet på norsk, men det bør også kunne bli tale om oversettelse av utenlandsk litteratur.»

I 1966 tok Rådet opp arbeidet på dette feltet. I november vart det arrangert eit møte mellom Norsk kulturråd, representantar for

Norsk sameråd og andre sakkunnige. Rådet seier i årsmeldinga for 1966: «Norsk sameråd vil òg naturleg bli rådgjevande organ for Norsk kulturråd når det gjeld samiske kulturspørsmål.» I åra 1966—69 vart det berre avsett midlar til litteratur på samisk. I 1966 vart avsett kr. 30 000, men brukt i alt om lag kr. 60 000. Frå 1967 gav Rådet tilskott til det samiske bladet Nuorttanaste, utgjeve av Frikirkens Finnmarksmisjon. Det vart den gongen meint som eit eingongstilskott, men har sidan vore gjeve årvisst. Frå 1970 kom bladet Nordkalott, med barnebladet Mánáide, med på tilskottslista.

Frå og med 1970 vart det òg sett av ein sum kvart år under kapitlet Biletkunst og brukskunst, til å kjøpe samisk kunst og brukskunst (kr. 30 000). Rådet nemnde opp eit eige utval til å gje tilråding om kjøp og plassering.

Same året gjorde Karasjok bibliotek framlegg om å skipe eit eige utval for tiltak for samisk litteratur. Rådet har finansiert arbeidet til utvalet sidan 1971. Utvalet har gjort eit stort arbeid for å stimulere samane til å skrive sjølv, m.a. ved møte og seminar, og arbeidet har vist gode resultat. I samsvar med framlegg frå utvalet vedtok Rådet i 1971 som ei prøveordning å setje av ein sum til honorartilskott for innlegg på samisk i blada Nuorttanaste, Nordkalott og Sárgat. Utvalet har òg sjølv teke initiativ til ei skrifttrekkje kalla Cállagat, som til no er komen med to nummer. Utvalet har òg redigert den lyrikkantologien som Det Norske Samlaget vil gje ut, og fleire andre bøker er under arbeid.

Arbeidet med å gje ut omsetjingar er såleis kome i bakgrunnen. Dette er òg i samsvar med røynsler frå eit seminar i Kautokeino som tok opp emnet «Finnmarksbarna og litteraturen». Seminaret streka under at når det gjeld lærebøker, bør ein ikkje nytte omsetjingar, men leggje undervisningsmateriellet til rette for tilhøva blant samane. Slik har det òg vore eit mål for litteraturutvalet å skape ein litteratur med rot i samisk tradisjon og munnleg overlevering. Rådet har meint at utvalet har gjort ein så verdfull innsats at det bør føre arbeidet sitt vidare ut over prøveperioden, og har derfor gjort vedtak om at utvalet frå 1975 skal ha status som eit av dei faste rådgjevande utvala til Norsk kulturråd.

Utvalet har denne samansetjinga: Jon Eldar Einejord, formann, Hans Henriksen, Nils Jernsletten, Ole Henrik Magga, og varamenn Thor Frette, Mikal Urheim, Isak Østmo og Anna Jacobsen.

Gjennom åra har Rådet òg gjeve tilskott til samisk musikk, innsamlingar, innspelningar og bearbeiding. Rådet meinte det ville ha bruk for sakkunnige på dette området, t.d. når det galdt spørsmål om å gje ut plater med sa-

misk musikk, joik med tonefylgje på moderne instrument.

Viseformannen i Rådet gjorde framlegg om eit rådgjevande utval for samisk musikk, som både kunne gje tilråding om søknader, gjere framlegg om systematisk utgjeving av joik på plater og arbeide med andre planar for tiltak for samisk musikk. Rådet har bede Norske Samers Riksforbund, Norske Reindriftsamers Landsforening og Nordisk Samisk Institutt om fråsegn og framlegg til medlemmer. Norsk sameråd hadde på førehand stilt seg positivt til saka, og vil vere med og samordne fråsegnene frå dei samiske organisasjonane.

Frå 1972 har Rådet samla alle tiltak for samisk kultur i eit eige kapittel, så det skal vere lettare å halde oversyn over denne delen av arbeidet til Rådet. (Sjå årsmeldingane for 1972 og 1973.) Det blir tre rådgjevande organ for tiltaka: eitt for litteratur, eitt for biletkunst/brukskunst og eitt for musikk.

Som det vil gå fram av dette stutte oversynet, har Kulturrådet kjent det som ei viktig nasjonal oppgåve å verne om og fremje samisk kultur. Det samarbeider med dei samiske organisasjonane, og har etterkvart knytt til seg ei lang rad sakkunnige. Avsetjinga har auka frå kr. 30 000 i 1966 til kr. 400 000 i 1974. Rådet viser elles til det oversynet som viseformannen i Rådet har utarbeidd for departementet, trykt som vedlegg til Stortingsmelding nr. 8 (1973—74).

Rådet er òg budd på å byggje dette arbeidet vidare ut. Vi viser i denne samanhangen òg til St. meld. nr. 13, der det heiter at Regjeringa meiner at Norsk kulturråd framleis skal ha eit hovudansvar for tilskott frå staten til samiske kulturformål. Rådet vil arbeide med å finne fram til gode tilskottsordningar og organisasjonsmønster i samarbeid med dei samiske organisasjonane. Rådet må òg ha nær kontakt med Nordisk Samisk Institutt. I samarbeid med Kyrkje- og undervisningsdepartementet og Instituttet vil Rådet prøve å finne fram til retningslinjer.

1974:

I 1974 kom det inn til saman 28 søknader om i alt kr. 547 780. Søknad om kr. 1 910 000 til eit kulturhus for sør-samane i Snåsa vil bli handsama som byggjesak, og er registrert under Kulturbygg.

Ved kongeleg resolusjon av 29. mars 1974 vart kr. 400 000 delt slik:

1. Samisk litteratur	kr. 170 000
2. Samisk kunst og brukskunst ..	» 60 000
3. Filmopptak av samiske arbeidsprosessar	» 55 000
4. Andre tiltak	» 115 000

1. Samisk litteratur.

Avsetjinga til samisk litteratur er nytta slik:

Utvalet til fremjing av samisk litteratur	kr. 30 000
(NB + kr. 20 000 av Samisk kultur, Andre tiltak)	
Det Norske Samlaget til samisk lyrikkantologi	» 35 000
Nordkalott og Mánáide	» 50 000
Nuorttanaste	» 40 000
Karasjok bibliotek, kjøp av media ..	» 15 000
Til saman	kr. 170 000

Som nemnt i innleiinga var det ein føresetnad at Rådet skulle vere med på å hjelpe fram ein litteratur på samisk mellom anna gjennom omsetjingar av norske og utanlandske bøker, men etter kvart er arbeidet for å få fram ein original samisk litteratur kome i forgrunnen. Dei samiske avisene Nordkalott og Nuorttanaste er avhengige av tilskott frå Norsk kulturfond. Tilskottsordninga for periodiske publikasjonar på samisk er til vurdering i eit utval sett ned av Norsk kulturråd i samråd med Norsk sameråd, jfr. årsmelding 1969. I 1974 vart utvalet supplert med ein representant for Norske Samers Riksforbund. Utvalet er blitt seinka med innstillinga i samband med uvissa kring Sáogat. Arbeidet vil bli fullført i 1975.

Karasjok bibliotek byggjer ut spesialsamlinga av bøker om samiske tilhøve med årlege tilskott frå Norsk kulturfond. Desse bøkene femnar om heile feltet frå det mest elementære til forskingsrapportar, eldre kjeldeskrift og dessutan generell Finnmarks-litteratur og bøker om nærskyldte kulturar. Denne samlinga kan ikkje finansierast over budsjettet til biblioteket.

Tilskottet som Den norske Bokklubben fekk i 1973 til utgjeving av barnebok på samisk, og som ikkje vart realisert, vil truleg bli nytta til ei tevling om ei barnebok skriven på samisk. Utvalet til fremjing av samisk litteratur vil arbeide med denne saka.

2. Samisk kunst og brukskunst.

I samsvar med tilråding frå Det sakkunnige utvalet for kunst/brukskunst er avsetjinga nytta slik:

Utsmykking av Masi skule	kr. 5 000
Karasjok Husflidsentral, utstyr til utstilling og innreiing	» 15 000
Kurs i band- og beltevev, Kautokeino	» 5 000
Messehaket, antependium og prekestolklede til Suosjavre kapell	» 12 000
Samisk manns- og kvinnedrakt til De Samiske Samlinger	» 3 776
Til saman	kr. 40 776

Kr. 19 224 er ført over til post 4 Andre tiltak for samisk kultur, jfr. nedanfor.

Rådet har lagt stor vekt på å kjøpe samisk kunst og brukskunst, av di desse kjøpa kan inspirere til å få fram kvalitetsprodukt samstundes som føremåla kan stillast ut og nyttast til utsmykking på skular og andre stader der samar kjem saman.

I samråd med Norsk sameråd vil Kulturrådet no få vurdert mandatet og samansetjinga av dette utvalet, av di Nordisk Samisk Institutt òg har engasjert seg sterkt i organiseringa av samisk kunsthåndverk og husflit; samstundes har Landbruksdepartementet i St. meld. nr. 13 slutta seg til eit framlegg frå Komiteen for samisk husflit om eit eige råd for samisk husflit.

3. Filmopptak av samiske arbeidsprosessar.

Filmmemnda i Norske Kunst- og Kulturhistoriske Museer starta sommaren 1972 med opptak av samiske arbeidsprosessar som etter kvart dør ut. I 1972 og 1973 er det gjeve tilskott på til saman kr. 135 000. I tillegg til dei opptaka som var gjort i desse åra var det òg ynskjeleg å få filma laksefisket slik det har vore i Finnmark. Det vart sett av kr. 55 000 til dette, opptaka har kosta kr. 54 600. Kr. 400 er ført over til post 4 Samisk kultur, Andre tiltak.

4. Andre tiltak.

Avsetjinga er brukt slik:

Utvalet til fremjing av samisk litteratur	kr. 20 000
Nordkalott Offsettrykkeri	» 35 000
Oslo Samiid Særvi, 2 grammofonplater:	
Opptak av Dædnugádde Nuorat	» 18 000
Opptak av Ole Aslaksens joik ..	» 11 250
Samisk tolkekurs (Nordisk Sameråd)	» 5 000
Nordisk Samisk Institutt — norsk/samisk kulturordliste	» 5 000
Seminaret Finnmarksbarna og litteraturen	» 3 000
Norske Samers Riksforbund. Seminar i sørsamisk språk	» 5 500
Til saman	kr. 102 750

Kr. 12 250 som ikkje er nytta i 1974, er sett av til Nordkalott Offsettrykkeri; til denne summen er lagt kr. 19 224 frå post 2 og kr. 400 frå post 3. Rådet har gitt tilsegn om ei løyving på kr. 100 000 delt på 1975 og 1976 som investering i Nordkalott Offsettrykkeri; kr. 31 874 av denne summen er soleis sett av i 1974. Ved handaminga av denne saka har Rådet lagt stor vekt på at Nordkalott Offsettrykkeri blir utbygd best mogleg, av omsyn til at trykkeriet

gjev ut bladet Nordkalott og Mánáide og for at det skal vere i stand til å utføre større trykkingsoppgåver på samisk. Norsk sameråd og dei to samiske hovudorganisasjonane har rådd til at dette trykkeriet får tilskott frå Kulturfondet.

UTVAL OG UTGREIINGAR

Ved Kgl. res. 29. mars 1974 vart sett av kr. 400 000 til Utval og utgreiingar, delt slik:

Faste utval	kr. 100 500
Ad hoc utval	» 224 000
Til rådvelde til andre utval og utgreiingar	» 75 500
Til saman	kr. 400 000

Av desse midlane vart det i 1974 betalt ut:

Faste utval	kr. 136 733
Ad Hoc utval	» 192 129
Til rådvelde til andre utval og utgreiingar	» 87 298
Til saman	kr. 416 160

Norsk kulturråd har fleire gonger peika på at utgreiingar og tilrådingar er ein særskild viktig del av arbeidsoppgåvene for Rådet. I St. meld. nr. 8 Om organisering og finansiering av kulturarbeid og i Innstilling S nr. 23 (1974—75) frå Kyrkje- og undervisningsnemnda blir det òg streka under at arbeidet med utgreiingar og tilrådingar er ei av hovudoppgåvene til Norsk kulturråd.

Utvalet for amatørteaterarbeid (sett ned 1972) hadde rekna med å bli ferdig med arbeidet sitt i 1974, men har no meldt frå om at det ikkje kan levere innstillinga før i mars—april 1975.

